SKODJE SOGELAG — ÅRSSKRIFT 1979

Byggingar av fiskebåtar,
trålarar, ferger,
laste og tankskip
opp til 6000 ton. d.w.

Reprasjoner og ombyggingar

6280 Syvikgrend
Telefon 071/12 300
Telex 42319

ÅRSSKRIFT
for Skodje Sogelag 1979

6. årgong.

Skodje Sogelag hev dette år skrive om ymse driftsmåtar i nokre grender, ogom attåt-næringar som dei fann brukande. Det er og medtekje noko om gardsbruket si utvikling i siste halvdel av 1800 talet.

So er det skrive «Om husmora sit yrkje på ein gard i siste halvdel av 1900 åra,» av Petra Utvik Glomset.

Det er og skrive om dei fyrste Landhandlarar i Skodje. Eit utskiftningskart frå 1862 over Skodje indre, og Skodje nedre er medtekje, der dei gamle tuna er påteikna.

Eit folkesagn om kong Knut er medtekje.

Skodje Sogelag vil takke alle som hev vore med og gjeve økonomisk stønad dette år. Spesiell takk til Skodje kommune, og til Skodje og Vatne Sparebank for den store hjelp vi hev tekje imot. Takk til dei som hev hjelpt oss med avskriving og anna arbeid, og til Olgar Steinset for det han hev hjelpt laget.

Elias Fylling, (form.) Ludvik Beite, Louis Giske.

Amund Midtlid. Utgjevar Skodje Sogelag.

Olav S. Svorte. Red. Elias Fylling.

Avskrift av
Norske Regnskaber og Jordebøger

Avskrift av aktuar Ivar Myklebust, Ørsta, sine avskrifter:
D.N. II 72?

Giske 14. april 1494.

To lagrettesmænd i Sundmør
1) Iwer Ellefson og
2) Peder Ivarson
kundgjør at Gyda Thorkilsdotter selde til hr. Alf Knutson det ho eigde i garden Surten i Skodin sogn.

D.N. II 776 Molnes 18. mai 1516.

Tolv lagrettesmænd paa Sundmøre kunngjør at Molnes, Rud og Rosviken siden hr. Sigurd Jonsons tid hadde ligget under Giske gaard lige til de efter Hr. Knut Alfsøns fald tages derfra.

1. Engebrict Yvarson paa Nærø.

Orm 2. Arne Jonson paa Vatne.

9. Jon Nilson i Edeswiken.
10. Ellef Siwadson paa Stette.

Ørskog fylkesting 14/5 - 1586. Orig. p.p. i T.V. 286b Steinar Jonsson på ringstad i Vatne skr. p. S.møre byr på tinget sin nermeste slektning aa kjøpe 1 mæl. i Austrheim i Borgund.

Da ingen uten Borgene og Guletings lagmand Paul Helgeson, hvis hustru er nærmeste slektning i samme ættkvisle, melde sig, avhender han på egne og sin sal.brors sønns Peder Jonsons og alle medarvingers vegne til Paal Helg. og hans hustru ovennævnte gods m. tilhørende rettigheter. Kvitterer for fuldt vederlag og skytningsøre. Forseglet av Steinar Jonson og medforseglet av:

Futen Jon Pedersen, hr. Laurits Knutson sognepr. til Ørskog, Hr. Claus Korneliussen sognepr. i Borgund.

4 vedh. segl (bumerker)



Spjelkavik 21/5 - 1580. (Throndhj. Vitsk.s. 158b

Thomas Jonsson «til Spielkueuig»
erkjenner aa ha mottat av hr. Mikkel Kristenson, sjælesørger til Hevne en ko og en tønne smør for 2½ mell leie jordegods i Ramstad Ørskog hvilket var pantsatt til ham av Gieruitt Knutson på Synes for en lign. verdi.

Tingl. paa Apalset 26/7 - 1658.

Avskrift.

Norske Rigs-Registranter II 1572 – 1588. side 651 og 652.

Johan Svave, K. Maj.s Embedsmans udi Soer Kloster, fik Forleningsbrev paa det efterskrevne Giske Gods udi Norge som K. Maj.af Fru Gyrvild Fadersdatter (Sparre) bekommet haver, at beholde kvit og fri uden Afgift udi sin Livstid: Udi Romsdalen:

. . . . . .

Udi Sundmøre Len:

. . . . . .

Lass og Staffen Steenseter 2 Vog fisk, Jon og Arne Stette 4 Vog fisk, Oluf Leyde 4 pd.fisk, Peder Strøen 4 Pd Fisk, Oluf Øvre Eskerall ½ Vog Fisk, Peder Engeseter 1½ Vog Fisk, Jon Brathaug 1 Vog Fisk, Peder Heggebak 1 Vog Fisk, Oluf Mørkeseter 2 Vog Fisk, Oluf og Oluf (sic) Rørseter 1½ Vog Fisk, Sammen (sic) Aase 6 Vog

Fisk, Elling Furmyr 4 Pd. Fisk, Tymand Aas og Jon Sorten 3 Vog Fisk, Faurhaug Ødegaard ligger under Sorten, 1 Pd. Fisk, Hasle Ødegaard ligger under Rørsetter 1 Pd. Fisk, Thore Djurnes ½ Vog Fisk, Enken Kalvøen 4 Pd. Fisk,

. . . . . .

. . . . . .

Cum claus.consv. et inhib. sol. Kornborg 16 Marts 1586. R.539. Afskr. III.484 (Uddr.)

Arild Hvitfeldt fik Brev om hans Len, Søndmøre, som han medforlent var, at skulde lægges under Trondheijms Len.

Fr. II V.G.t. Vid, eftersom du nu til des en tid lang haver havt af os udi Forlening vort og Norges Kronens Len Søndmøre, og efterdi at til Udspisning paa Holmen for vort Slot Kjøbenhavn, som og på vore Orlogsskibe og (i) anden Måde nu fast meer end nogen tid tilforn opgaar, baade for den Skibbygning, vi der sammesteds have foretaget, og anden leilighed, saa og at dertil storligen behøves vil, hvis Fisk og anden saadan Viktualie-Vare, som af samme Len og andre flere Lene udi den Egn der udi vort Rige Norge kunde være os til Indkomst, da kunde vi for slig Aarsags Skyld længere ikke unde dig forne Søndmøre Len og have derfor gjort den Forordning, at det saavelsom andre flere saadanne Smaalene, udi lige Maade have været borforlenet, skulle igjen lægges og annammes under Hovedlenet, og ville vi dig det hermed naadigst ikke forholde, at du må vide den Leilighed og ikke skulle det anderledes optage, som det af nogen vor Ubenegenhed eller Unaade mod dig skulle være skeet, og ville vi til anden forefaldende Leilighed dig udi andre Maader naadigst betenke, og ere vi dig med al Gunst og Naade bevaagen. Dette vi dig naadigst ikke ville forholde.

Kornborg 16 Marts 1586. T 337. Afskr. IV. 878.

Avskrift
av Huitfeldt-Kaas – Norske Regnskaber og Jordebøger bind II. 1520 (-21)
På side 99.

Niels Simonsen ibedem (på Vatne) viij lod sølff ffor iorde gotz sat.
Orm paa Vatne iiij – lod sølff och zii lod sølff – mark ffor jorde gotz sat.
Lodhen i Vestre iij lod sølff og iij sølff i mark ffor iorde gotz sat.

Eloff på Stette v lod sølff och – lodd sølff ffor iorde gotz sat.
Amwwndh ibidem v lod sølff sat.
Oluff Amundsen Helleland iij lod sølff

(Jon paa Alnes viij vogher rosk.?)

På side 105 - 106.

Swend pa Siølthe iiij lod sølff j vogh rosk. sat.
Allf jibidem vlod sølff oc j lod sølff ffor iorde gotz sat.
Rloff pa Abbelsetter j mark sat.
Torloff pa Ørskoff
Oluff ibidem.

Jon pa Sølnoll ij lod sølff sat.
Habord ibidem j lod sølff sat.
Odhen pa Skoe iij lod sølff oc j lod sølff ffor iorde gotz sat.
Oluff ibidem iiij lod sælff og j lod sølff ffor iorde gotz sat.
Amwnd pa Valle j lod sølff j msrk oc j quintin sølff ffor syn huskone Niels pa Glomsetter j lod sølff j mark sat.
Lauriss j Honinghedall ij lod sølff sat.
Gurit ibidem j mark sat.

Summa latiris
Item xxvj lod j quintin sølff
Item iij mark
Item j vogh rosk.

Anders Olsen paa Glomsetter Glomsetter husmand nichil habet.
Anders I (n) gemarsen ibidem j quintin sølff sat.
Oluff pa Swrthe j lod sølff oc j mark ffor iorde gotz oc j lod sølff ffor syn huskone.

Engelbret pa Dall ii lod sølff sat.
Gude ibidem ij lod sølff sølff ffor iorde gotz sat.
Tolff Matsen pa Ordsetter xiij lod sølff oc ij lod sølff ffor iorde gotz.

Mål, vekt og verderekning i Noreg i mellomalderen og ei tid etter

av Asgaut Steinnes.
Sertrykk ur Nordisk Kultur XXX «Maal og vekt».
Side 150 – 154.

Avskrift.

Side 150:

Alfabetisk liste yver gamle norske vekt, mæle og verdeeiningar. Fyremerknad. Jamføring med metriske mål og vekt vil altid vera meir eller mindre uviss. Dei uppgjevne tala er teoretiske normaltal. Desimaler er helst nytta avdi det lyt vera samsvar millom uppgåvone.

Tal i parantes etter uppslagsordi viser til desse stykke i utgreiingi: 5 (s. 89–92), 6 (s. 93–96), 7 (s. 96–107), 8 (s. 108 f.) 9 (s. 109–121), 10 (s. 121–123), 11 (s. 123–127), 12 (s. 127–129), 13 (s. 129–134) og 15 (s. 141–147).

Alen (11): 1) 47,4 cm. (tumealen) 2) 55,3 cm. (stikke).
Ask (10): 4 bollar lik 10,8 l.
Aske (9): 1/4 såld (i nyare tid 1/5 såld) lik 16,2 1. Voss.
Bergen-gyllen (813): 12 lybske el. danske skillinger.
Bismarmork, sjå mork A 2.
Bismarpund (6): 24 bismarmerker lik 5,14 kg. (til andre helvti av 1500 åri, seinare større.
Bolle (10) 1/4 Ask lik 2,7 l.
Breddsettung (9) 3/4 settung lik 3 skrull lik 9,11 1. (Viki (Båhuslen) og Borgsysla (÷ Hvaler?). 2. 2/3 settung lik 8,1 l. Hvaler.
Brend mork, sjå mork B 1.
Bugild mork, sjå mork B 5.
Deker (10): 10 stykke. Um huder og skinn.
Egdsk mork, sjå 'B 10. mørk.
Engelsk (13 og 14): 1) 1/4 lybsk el. dansk skilling, upphavleg (frå andre helvti av 1300 åri) lik 1 engelsk sterling. 2) Varor for 1 engelsk, t.d. 3 merker smør, 1 nettung korn el. 1 kalveskinn. Agdesida. Rogaland.
Ertog (5 og 13): 1/3 øyre lik 8,93 g. Verdeeining 1/3 øyre.
Ertogbol (15): 1/3 øyrebol.

Ertoglag (14): Varor eller arbeid for 1 austnorsk forngild ertog etter år 1400 t.d. 6 merker smør, 3 settungar korn el. 1 mål skurd. Upplandi

Famn (11): 3 1/2 tumalalen lik 165,9 cm? Ikr. 170 cm?

Fjordung (7,9 og 11): 1/4 autnorsk skippung lik 46,29 kg. 2) 1/4 såld lik 43,74 l. Valdre (uvisst). 3) 1/4 mæle lik 10,13 l. Nordfjord, Sunnmøre. 4) 1/4 spann lik 1/12 tunne. Jemtland, Herjedalen. 5) 1/4 rast lik ikr. 21/4 km.

Fjordungskål, sjå skrull.

Fjordungstei (9): 1/4 mæle lik 6,08 l. (1/24 tunne) el. 9,11 l. (1/16 tunne). Øvre Telemark (jfr. mæle 6 og 7).

Forngild mork, sjå mork B 5.

Gyllen, sjå Bergen-gyllen.

Hefselde, smøevekt (6) og smøemål (8): 1) 1 1/2 laup lik 23,15 kg. Mål 24,3 l. Søre Gudbrandsdalen. 2) 4 spann lik 30,86 kg. Mål 32,4 l. Hedmark, desutan nemnd på Hadeland. 3) 4 1/2 spann lik 34,72 kg. Mål 36,45 l. Oslo-stroket, Romerike, Ringerike, dessutan nemnd på Hadeland. 4) 5 spann lik 38,53 kg. Mål 40,5 l. Nemnd på Toten.

Hofseldebol (15): 1) 3 (dølske) øyresbol. Søre Gudbrandsdalen. 2) 4 øyresbol. Hedmark, Toten. 3) 5 øyresbol. Oslo-stroket, Romerike og kan henda noko vidare.

Helgd (9): 1/2 såld lik 97,2 l. Inntrøndelag (uvisst).

Helgdeland (12 og 15): 1) 1/2 trøndsk såldsåd. Inntrøndelag (uvisst). 2) 1/3 vetteleige. Inntrøndelag (uvisst).

Hudlag (14): 1 kuhud lik 2 bukkeskinn lik 4 geiteskinn lik 8 – 12 saueskinn lik 10 – 20 kalvskinn (sjå s. 135). Austanfjells og lik 12 gråskinn. Svara i 1300-åri både austanfjells og vestanfjells til 1/3 kyrlag.

Hundrad (10): 120 stykke. (Og kalla tolvrøtt el. stort hundrad, motsett tirøtt hundrad lik 100.

Håløysk mork, sjå mork B 11.

Jemtsk mork, sjå mork B 11.

Juste (10): 1/4 bolle lik 0,675 l.

Kanne (9 og 10): 1) 1/4 Hardanger-mæle lik 1/10 Nordhordland-mæle lik 4,05 l. (kornmål). Jfr. mæle 2 og 8. 2) 2,7 l. (vætemål, jfr. bolle). Sogn, Sunnfjord.

Kyrlag (14): Eit kuverde i pengar el. betalingsvaror. I Vest-Noreg frå ikr. 1300 lik 1 forngild. Austanfjels i 1300-åri lik 6 forngilde øyrer, i 1400-åri lik 2 merker pengar lik 1 austnorsk forngild mork.

Kyrleige (15): Jord som gav 1 kyrlag i landskyld. Svara til 1/2 dølsk markebol (sjå markebol 3) Nøre Gudbrandsdalen.

Laup, smørvekt (6) og smørmål (8): 1) 3 bismarpund. I Gulatingslag og Gudbrandsdalen desutan bytt i 4 spann. Vekt 15,43 kg., mål 16,2 l. Vanleg laup i Borgartinglag, Gulatingslag og Gudbrandsdalen. Kan henda den same laupen (mælekjerald) som vart nytta til salt o.a. i sproket um Bergen (saltlaup i Hardanger, ertelaup i Sogn). 2) 1 1/2 bismarpund (lik spann A 3). Nemnd i Sør-Høland på Romerike. 3) 2 bismarpund lik 10,29 kg. Mål 10,8 l. Nemnd i Elvesysla. 4) 3 spann lik 11,57 kg. Mål 12,15 l. Nemnd i Ryfylke (lik låk laup?). 5) 4 bismarpund (lik 4 «stinne» spann?) lik 20,57 kg. Mål 21,6 l Ryfylke (stinn laup).

Laupsbol, laupsland, sjå månadsmatbol.

Laupsleige (15): Jord som gav 1 laup smør el. verdet av 1 laup smør i landskyld. Hardanger, Sogn og Fjordane.

Lest (7 og 8): Ri viss mengd skippund (vanleg 12) el. tunnor (t.d. 12 tunnor smør).

Lispund (7): 1) 1/20 skippund lik 36 pundarmerker lik 9,26 kg. Austlandet. 2) 1/24 skippund lik 24 pundarmerker lik 6,17 kg. Vestan- og nordanfjells.

Lodd (5): 1/16 mork lik 13,395 g. (sein tid).

Mannsverk (15): 9 – 10 (etter yngre kjeldor 8 – 12) månadsmatbol. Sudvestlandet.

Markebol (15): Jord som opphavleg gav 1 mork (oftast betala med varor) i landskyld, bytt i 8 øyrebol lik 24 ortogbol. Variera etter storleiken på morki. 1) Med upph. landskyld lik 1 forngild mork. Vanleg markabol sudaust i landet (frå Elvesysla til Setesdal) og nordanfjels. Vestanfor Oslo-fjorden bytt i 3 laupsband (dette og i Borgesysla) lik 3 månadsmatbol. 2) med opph. landskyld som ikr. 1300 – 1360 svara til 1/5 forngild mork (etter reknemåten 1 hefseldebol lik 5 øyresbol). I same bygder som hefseldebol 3. Høver nokolunde med landskyldi 1 Romsdals-øyre av 1 øyrebol i Romsdal. Med upph. landskyld som svara til 1/2 mork brend (jfr. mork B.3). Gudbrandsdalen («dølsk» markebol). Eit liknande markebol nemnt i Borgesysla og Vetteherad (markebol «at skoronne»). 4) 2 – 3 gonger so stort som markebol 1. Hadeland (lik 8 «hadske» øyrebol).

Markelag 814): 1 mork smør lik 6 merker hjøl. Trøndelag.

Meis 810) Mål på sild (lik 3 voll).

Mo:k, vekt- og verdeeining (5,6,7, og 13). A. Vekteining: 1) I skål-

vektsystemet; 8 øyrer lik 24 ertoger lik 214,32 g. (til ikr. midten av 1500-åri). 2) I bismarvektsystemet (bismarkmork): 1/24 bismarpund lik 214,32 g (til andre helvti av vektsystemet (bismarkmork): 1/24 bismarpund lik 214,32 g (til andre helvti av 1500-åri). 3) I dei vanlege pundarvektsystemi: 1/1/36 austnorsk lispund lik 1/24 vestnorsk og trøndersk lispund lik 1,2 bismarmork lik 257,18 g (her kalla «pundarmork»). 4) I det vestnorske kornvekstsystemet: 1/24 kornspann lik 321,48 g. B. Verdeeining: 1) Mork brend lik 214,32 g brent el. skirt sylv (i røyndi med 90 – 95% sylvinnhald). 2) Mork vegi lik 1 vektmork (214,32 g) pengar upphaveleg lik 1 tald mork lik 240 penningar lik 1 norsk brend, i 1100 åri (då penningane hadde vore lettare) lik 2 ralde merker lik 480 penningar lik 1 mork brand, ikr. 1280 (då sylvet hadde vorte blanda med kopar) lik 480 vegne penningar lik 1/4 mork brend. 3) Mork tald, upph. 240 penningar lik 1 mork vegi lik 1 mork brend, i 1100-åri 240 penningar lik 1/2 mork vegi lik 1/2 mork brend, i 1200-åri minkande til (ikr. 1280) 240 vegne penningar lik 1/2 mork vegi lik 96 penningar «grossa moneta» lik 1/8 mork brend. seinare ymse teljemåtar (jfr. 5 og 7 nedanfor). 4) Mork sylvmeti (frå 1100-åri) lik 2 talde merker, lik upph. 1 mork vegi lik 1 mork brend, seinare minkande med den talde morki. Frostatinglag. 5) Mork forngild, ikr. 1300 – 1360 lik 1/2 mork brend, seinare austan- og nordanfjells lik 1 lybsk el. dansk mork (16 skillingar lik 192 penningar), vestanfjells lik 18 lybske el. danske skillingar (216 penningar), ikr. 1500 lik 1 lodd sylv. I sein tid og kalla bugild mork. 6) Mork (gangs) pengar, i fyrste helvti av 1300-åri vanleg lik 2/3 forngild mork. 7) «Norsk» mork frå andre helvti av 1300-åri: Austanfjells lik 1/2 forngild (lybsk, dansk) mork lik 8 lybske el. danske skillingar, vestanfjells lik 1/2 vestnorsk forngild mork lik 9 lybske el. danske skillingar (upph. lik 3 engelske skillingar «priggja skillinga mork», nordanfjells lik 1 forngild (lybsk, dansk) mork. 8) Lødug mork lik 15 engelske el. 45 lybske skillingar (frå andre helvti av 1300 åri). 9) Mork gull, upph. lik 8 vegne merker sylv, seinare (i dei eldste lovene) lik 8 vegne merker pengar, frå 1300-åri lik 8 forngilde merker. 10) Egdsk mork lik 6 (forngilde) merker. Agdesida, 1400-åri. 11) Håløygsk mork, jemtsk mork, verdeeiningar av ukjend storleik.

Mæle (6,8 og 9): A. Smørvekt og smørmål: 3 bismarpund lik 15,43 kg. Mål 16,2 l. (lik laup 1). Mjøsbygdene. – B. Kornmål: 1) 1/2 såld lik 72,9 1. Båhuslen (uvisst). 2) 1/6 såld lik 16,2 l (jfr. A).

Skålpund (5): 2 merker lik 428,64 g?

Sneis (10): 20 stykke.

Spann 6, 7, 8 og 9): Smørvekt og smørmål: 1) 18 merker lik 3,86 kg. Mål 4,65 l. Gulatingslag, Gudbrandsdalen. 2) «Stint» spann lik 24 merker lik 5,14 kg. Mål 5,4 l. Ryfylke (uvisst). 3) 30 merker lik 6,43 kg. Mål 6,75 l. Borgesysla. 4) 36 merker lik 7,72 kg. Mål 8,1 l. Oslo-stroket, Eidsivatinglag (÷ Gudbrandsdalen). 5) 3 bismarpund lik 15,43 kg. Mål 16,2 l. (lik laup) 1) Nordanfjells. – B. I skippundsystemi: 1) 30 pundarmerker lik 7,72 kg. Mjølvekta i Borgesysla og oslo-stroket (lik 1/24 skippund). På Vestlandet kornvekt, men bytt i 24 merker og kalla spann i Rogaland, Sunnhordland og Hardanger, pund lenger nord. I Rogaland og kalla pundarspann (ikr. 1750 regulera til 36 nyare merker). Jfr. Mork A 4 og skippund 1. 2) 24 pundarmerker lik 6,17 kg. (lik lispund 2). Sudvestlandet. – C. Kornmål: 1/3 tunne lik 4 fjordungar. Jemtland, Herjedalen. – D. Verdeeining: 3 Trøndelagsøyrer lik 72 marklag (frå ikr. 1370) Nordanfjell. Jfr. A 5 ovanfor.

Spannsbol (5): 1/4 månadsmatbol. Guletingslag.

Spannleige (15): Jord som gav 1 spann (72 marklag) i landskyld. Nordanfjells.

Stikke, sjå alen 2.

Stong, d.e. mælestong (11): I sume bygder 8 tumealner (seinare 6 sjællandske alner) lik 3,792 m, andre stader 8 stikkor (seinare 7 sjællandske alner) lik 4,424 m., i Trøndelag 4 stikkor (seinare 3 1/2 sjællandsk alen) lik 2,212 m.

Stongrute (12): Kvadratstong.

Sylvmeti mork, sjå mork B 4.

Såld (9): 1) 12 settungar lik 145,8 l. Båhuslen, Borgsysla, stroket Follo – Asker. 2) 12 settungar lik 109,35 l. Romerike, Bragernesbygdene og truleg Modum. I Vinje: 3 mæler lik 12 fjordungsteinar lik 109,35 l. 3) 12 settungar lik 97,2 l. Hedmark, Søre Gudbrandsdalen (jfr. 5), Sigdal, Hallingdal og kan henda Grenland og Bamle. I Hardanger og Sogn: 6 mæler (soleis og i Søre Gudbrandsdalen) lik 97,2 l. Svara truleg til landslov-såldet. 4) 12 settungar lik 87,48 l. Hadeland og fleire stader. 5) 6 settungar lik 48,6 l. Søre Gudbrandsdalen («Suddölsk» såld i eldre tid, uvisst). 6) 6 mæler el. (i Trøndelag) skjepper lik 194,4 l. Nordre Gudbrandsdalen, Trøndelag. 7) 6 mæler lik 24 settungar lik 174,96 l. Valdres. 8) 4 askar lik 64,8 l. seinare 5 askar lik 81 l.

Såldsåd (12): Åkervidd som vart tilsådd med 1 såld korn, skiftande

med storleiken på såldet (sjå s. 127). I Sogn og Trøndelag bytt i 6 mælesland.

Tald mork, sjå mork B 3.

Timber (10): 40 stykke. Um små skinn.

Trideling (9): 1/3 såld lik 32,4 l. Sogn.

Tridjungstei (9): 1/3 mæle lik 8,1 l. (1/18 tunne) el. 12,15 l. (1/12 tunne). Øvre Telemark (jfr. mæle 6 og 7).

Trøndelags-øyre- sjå øyre 2.

Tumalalen, sjå alen 1.

Tume (11): 1/20 tumalalen lik 2,37 cm?

Tunne (8.9 og 10): A Kornmål (sein tid): 1) 145,8 l (lik såld 1). Størsteparten av Austlandet og bygdene vestyver til Rogaland. Etter samhøvet med dei eldre lokale måli bytt i 6 skjeppor, i 12, 16, 18, 20 el. 27 settungar, i 4, 5 eller 6 mælar, i 24 eller 36 nottungar. Jfr. skjeppe 1, settung 1–5, mæle 5–7 og nottung B 1–2. 2) 162 l. Størsteparten av Vestlandet og kan henda Nordmøre. Bytt i 4 mælar (jfr. mæle 8) el. skjeppor (Nordmøre), i 10 mæler (Sogn.) el. 10 askar (Voss). 3) 194,4 l. (lik såld 6). Sunnhordland (8 mælar), Hardanger (12 mælar), Trøndelag og Nord-Noreg (6 skjeppor). 4) 97,2 l. (lik såld 3). Vågå (lik 1 «løsk» mæle) og Trøndelag (liti tunne lik 1/2 såld). Kan henda den same tunna som var mål for salt o.a. i Hardanger og stroket um Bergen (bytt i 6 laugar, jfr. laup 1). – B Mål for våtvaror, fisk o.a.: 115 – 120 l. (sjå s. 122). I fyrste helvti av 1500-åri m.a. nytta til smør. Dei yngre smørtunnone på 18 – 21 bismarpund (sjå s. 108 f.) synest vera rekneeiningar.

Tveite (6 og 8): 1) 9 merker lik 1,93 kg. Fjordane og truleg Sunnmøre (lik åttungstveite, d.e. 1/8 laup). 2) 12 merker lik 2,57 kg. Fjordane (lik settungsveite, d.e. 1/6 laup). 3) 16 merker. Smørvekt 3,43 kg, mjølvekt (112 vett lik 16 pundarmerker) 4,11 kg. kornvekt (1/12 vett lik 16 merker i kornevktsystemet, jfr. mork A 4) 5,14 kg. Romsdal.

Vegi mork, sjå mork B 2.

Vett (7): 1) 1/4 skippund lik 6 spann lik 37,03 kg. Sudvestlandet, Jfr. spann B 2. 2) 1/4 korn-skippund lik 6 spann lik 26,29 kg. Rogaland, Sunnhordland. Jfr. spann B 1. 3) 12 tveite lik 49,38 (mjølvekt) el. 61,72 kg. (kornvekt, lik 10 lispund). Romsdal. Jfr. tveite 3. 4) 6 våger lik 432 pundarmerker lik 111,1 kg. Trøndelag. Ei vett på 5 våger (lik 92,58 kg. nemnd i Trøndelag 1537. 5) 28,8 bismarmerker lik 6,17 kg. Vetti i landslov – skippundet. Jfr. lispund 2 og spann B 2.

Vetteleige (15): Jord som gav 1 vett mjøl i landskyld (lik 72 marklag, jfr. spannsleige). Trøndelag.
Vike sjø (11): Gamal sjømil, ikr. 9 km.
Vikemat: (14): 1/4 månadsmat, Skien-sysla, Sandvær og kan henda Aust-Agder.
Vikematsbol, vikematsland (15): 1/4 månadsmatbol el. laupsland. Grenland, Sandsvær og kan henda noko vidare.
Voll (10): 8 stykke. Um sild.
Vorde (10): 10 stykke. Um fisk.
Våg (7): 1) 3 lispund (på Sudvestlandet 3 spann) lik 72 pundarmerker lik 18,32 kg. Vestan- og nordanfjells. 2) 3 pund (i Sunnhordland 3 spann) lik 23,15 kg. (d.e. 90 pundarmerker, men rekna for 72 merker). Kornvekt frå Sunnhordland til Sunnmøre. Jfr. spann B 1.
Ørtug, Ørtugbol, ørtuglag, sjå ertog, ertogbol, ertoglag.
Øyre (5 og 13): 1) Vekt: 1/8 mork lik 26,79 g. 2) Verdeeining: 1/8 mork (i dei fleste tydingar av mork B). I trøndsk verderekning frå ikr. 1370: 1/3 spann lik 24 marklag. Sjå og Romsdals-øyre.
Øyrebol (15): 1/8 markebol.
Åttungstveite, sjå tveite 1.

Alle stader der det står *lik* i denne avskrifta, står likhetsteikn i originalen =.

Pengar var det ikkje mykje av millom folk, og ikkje hadde dei jamleg bruk for mykje heller. Lite varer kjøpte dei, og utreidslene som tiend, kår og tenarløner var ytt i stor mon in natura.

I 1693 var prisen for oksekjøt ca. 20 øre, sauekjøt ca. 18 øre, flesk ca. 60 øre, gamalost 12 øre, alt for kvart kg. Pris på et levande kalv, ei vike gamal, 80 øre.

I 1711 var drengeløna: 8 skill, fastepengar, 6 dalar årsløn.

I 1760 var etter Strøm prisen på 1 våg smør 3 rdl., 1 våg talg 2 rdl. 1 ort, 1 våg røykt kjøt 1 drl., 1 vanleg hest 12 – 15 rdl.

I det 19. århundret var det stor prisstigning på dei fleste varer.

	1800	1850	1900
1 hest	48 kr.	72 kr.	300 kr
1 ku	16 kr	20 kr	60 kr
1 sau	2 – 3 kr	3 – 4 kr	12 – 20 kr
1 geit	3 kr	3 – 5 kr	10 – 15 kr
1 mark smør	14 øre	20 øre	35 kr
1 stoveklokke	120 kr	12 kr (?)	15 kr

Tidend.

Det heiter i eit påbod frå Magnus Lagabøter si tid. «Vi skal gjeve tiend av all røynleg innkome (avling) som Gud gjev oss her, so vi derved kjøper oss ein tiendepart i himmelrike, som vi frå fyrst av var skapt til». Tienda var vissaste innkoma prestane hadde i lange tider frå då Sigurd Jorsalfar gav tiendepåbod.

Her var ytt 1/10 av kornavling, og so småtiend, jamnast i ost. Elles so lyder det så etter dei gamle at mange gav friviljug gåver til presten, serleg smør og ost. Det fortelst at sume prestar var kravfulle og var ofte misnøgde med tiendekornet dei fekk.

Prestane fekk ikkje all tienda. Ho var frå fyrsten delt i fire like lutar millom presten, bispen, kyrkja og dei fatige. Då reformasjonen vart innført, tok kongen bispeluten, som så vart kalla kongetiend. Den fjerdeparten dei fattige skulle ha, tok bøndene til å halde att, og tok dei fattige på «leik» (legd). Dei vart sende frå gard til gard rundt bygdene etter den gamle bodstikkeruta.

Føre 1801 skulle tienda vere 10% av avlinga. Di meir avling, di meir tiend, i gode år meir enn i kleine. Vart ein gard framdriven og avlinga auka, vaks tiendutreidsla samstundes. Så vart det i 1801 fastsett ei viss utreidsle av kvart bruk, slik at dei som dreiv fram gardane sine ikkje skulle få nye byrder av det. Det kunne leggjast korn, ost eller pengar.

(Lister: 1614 tiendekorn, kongetiend og leidanglegg. Tiend 1666. Kongetidend 1695. Liste over tiendeinnkoma 1797. Prestetidend 1842 og 1865.)

Skattar.

Bodstikka gjekk rundt med varsel om når skatteting skulle haldast. Alle skattebønder var pliktige å møta på tinget. Dei som ikkje møtte utan fullgod grunn, fekk pengebot.

Grunnlaget for skattelegginga var einfeld. Fram i det 17 hundreåret var gardane skilde i fullgardar, halvgardar og fjordunggardar. Desse siste kallast jamnast øydegardar her. Skatten på ein fullgard var då dobbelt så stor som på ein halvgard og fire gonger så stor som ein fjordungsgard. I 1628 er skrive: «Er at akte at en fuldgård her på Søndmør altid haver været 3 voger fisk, som kalles 12 mellaug eftersom 24 svorne laugrettesmænd haver givet fra dennem beskreven og 1/2 gård 1 1/2 vog fisk, en tredjungsgård 1 vog fisk, 1 fjerdingsgård eller ødegård 1/2 vog fisk – deretter er skatten oppebåret.»

Det var mange slags skattar i det 17. og 18. hundreåret, soleis feskatt, sagskatt, kvernskatt, koppskatt, rostenesteskatt, odelsskatt leiglendingsskatt, rytterskatt, proviantskatt, høyskatt, hospitalskatt, koparskatt, drengeskatt, munderingspengar, utreidingspengar, standkvarterpengar, husmannsskatt, skatt til «Fredrikshalds byes opkomst» m.m.

Om storleiken av skattane skriv Oscar Albert Johnsen i Norges Bønder side 250: «Indtil midten av 1620 årene krævet kongen sædvanligvis ikke mere enn 1 riksdaler av hver fuldgård og forholdsvis av halve og fjerdingsgårder o.s.v., men under den tyske krig 1644 – 45 nådde den efter datidens forhold uhyre høie av 12 riksd. pr. fuldgård.»

Eldste skattelista for Sunnylven er frå 1603.

Fyllingsbygda

Denne grenda grensar mot syd til Fyllingsvatnet og Indre Skodje si utmark.

Mot nord til Engesetdalsvatnet og Store-Engeset si utmark.

Mot vest til midten av Engesetdalsvatnet og mot aust til midten av Svarløkvatnet og utmarkstegar som høyrer Øie gnr. 58 og Storsæter til.

Frå Kassnesodden og til austre grense for Fylling (mot romsdalsgrensa) er det 10 km langt. Fyllingsdalen er om lag 2 km brei.

Fyllingselva kjem frå Storlia, litt frammanfor Haustølen. Denne elva går til Fyllingsvatnet. Den var før i tida til stor nytte, for ved denne elva stod det fire kvernhus og i to av desse husa var det to kverner.

Alt i år 1600 var her ei flaumsag (oppgongsag) og den stod ved sagfossen (sagdammen) på Medalen.

I denne grenda er desse gnr. – rekna frå vest:

Gnr. 54	Lille-Fylling	2 bruk, + 1 bruk Strand, Engesetvatnet.
» 55	Langnes	1 bruk
» 56	Store-Fylling	6 bruk + 2 småbruk
» 57	Brune	2 bruk (sjå vedlegg)

I den fyrste tida var alle leilendingar.

Tvers over bygda går fylkesvegen frå Skodje til Vatne. Frå denne vegen er det no bilveg vestover ca. 2 km til Kassnes og mot aust 2 km til eigedomen Sollid og Fyllingsæter (Gamlesæter).

Frå den vestre grein er det arbeidd bilveg til Brune.

Denne bygda har frå eldre tider vore som *eitt* felleskap (grannelag).

Alle gnr. har – forholdsvis – same rettar i utmark.

Beite, skog og grasslette er delt etter skyld (storleik på bruket).

To sætrar med rettar høyrer og bygda til. Det er Nesjesætra for Lille-Fylling, Langnes, Brune og Pettergarden – løpe nr. 29 av Store-

Fylling. Og «Gamlesætra» for dei andre bruka under Store-Fylling. Omlag 3 km sæterveg til kvar sæter. Frå fyrst av var det berre gangsti for folk og dyr til og frå sætrane.

Der vart heimkøyrd skyr i ei tunne og ein eller to rjomedallar kvar veke. Ein gong eller to for veka var sæterjenta heim i bygda og då tok ho med litt fersk mjølk til heimebruk.

Frå Nesjesætra køyrde dei som oftast heim Brauta – over Hjylsbakkane – heim over Fyllingsriset og vidare til Brune eller Langnes og Kassnes. Dei brukte tre-megaslede, men måtte surre godt skyrtunna og rjomedallen, for vegen var steinut og med store hol.

Frå Gamlesætra var det same trafikkmåte. Der i frå køyrde dei heimover Hauggjerdet – Jaugjerdet – over Brun-Ola-tøbbå – heim Ormedalen – over Hjellen og til heimetunet.

Det vart ikkje alle dagar at skyrtunna og rjomedallen kom til gards med alt innhald – for vegen var skral her og, og sleden kunne gå rundt både ein og to gongar før dei kom til gards.

Frå ca. 1890 vart det slutt med den gamle måten og taka fløyten av mjølka på sætra. Mjølka vart frå denne tid boren heim frå sætra av sæterjentene og levert avkjølt, fersk og fin til eit smørmeieri som då vart skipa. Det vart mange tunge mjølkespann å bere til gards for dei mange unge sæterjentene.

I 1946 vart det ferdig køyreveg til Gamlesætra og mjølka vart henta med hest. Sæterdrifta på Nesjesætra vart slutt i 1940. På Gamlesætra var det slutt i 1954.

Vegen til Gamlemsætra var og bygd som skogsveg, og er no bygd langt forbi Gamlesætra mot Storlia.

Lille Fylling, gnr. 54, bnr. 1

Som før skrive vart dette bruket kjøpt av Thore Olsen, f. Nakken og kona Bergitte, som kom frå Furulia 1881.

Det vart ikkje nokon av Thore si ætt som var interessert i dette bruket, og Thore selde bnr. 1 til Lars Fivelstad juli 1906 og dei flytta til Kassnes. Kjøpesum kr. 2000,-.

Lars Andreas Larsen var fødd 1878 i Sunnylven, gift med Anne Oline (Lina) Ole Petterdatter Haugen, f. 1877.

Born:
1904 Anne Martine
1905 Anna Marta

1907 Ragnhild
1909 Lars Ingvald
1911 Olga Jenny
1914 Kristianna Bertine
1917 Gudrun Johanne
1919 Ola
1923 Leiv Karsten

Heile huslyden var mykje flink og gode grannar. År 1919 flytte huslyden attende til Sunnylven og overtok heimegarden til kona Lina. Lars Fivelstad og kona selde Kassneset til Adolf Johnsen Vik, Vestnes for kr. 6000,-.

Adolf Johnsen vart i Kassneset berre til 1923, då selde han bruket for kr. 5000,- til Laurits Knutsen Kassnes. I 1932 selde Laurits Kassnes stova på bnr. 1 til Knut Strand, som brukte tømmeret og div. materialer til vøling av gamlestova på Stranden, bnr. 3.

I 1937 døydde Laurits Kassnes. Kona Ingeborg døydde i 1924. Knut Lauritsen og Sigrid Lauritsdatter var einaste ervingar av gnr. 54 bnr. 2 Lille Fylling.

Frå dette bruket er fråskilt:

Bnr. 2 og bnr. 3 og 4 Stranden, eigar Johan Knutsen Strand, og 3 og 4 var før husmannsplass.

5 og 6, bnr. Nedrelid, samanslege med gnr. 56, bnr. 9.

7 og 8 Solbakken og Sollia, Inger Ristesund.

Knut Kassnes er i 1979 eigar og brukar av Kassnes (Lille Fylling) bnr. 1 og 2. Han bur der åleine men må leige hjelp i slåtten.

I jordbruk og folketelling for Lille Fylling 1865, løbenr. 26 a (bnr. 1).

	Født i:
Jørgen Elias Sivertsen, husfar, selveier 46 år	Skaue
Helene Knutsdatter, husmor, 48 år	Stranda
Carl Johan Jørgensen, søn, 4 år	Skaue
Sofie Petrine Marie Jørgensdatter, 12 år	Skaue
Ingebrigt Jonsen, husfar, leilending (plassmann), 45 år	Ringebu
Brithe Pedersdatter, husmor, 51 år	Grytten
Johan Tobias Ingebrigtsen, søn, 12 år	Aalesund
Bente Ingebrigtsen, datter, 15 år	Grytten
Berte Helene Ingebrigtsen, datter, 8 år	Skaue
Asbjørn Ananiassen, husfar (plassmann), 71 år	Skaue
Olave Andersdatter, husmor, 75 år	Ørskog
Anna Larsdatter, oppfostringsbarn, 7 år	

Lille Fylling, løbenr. 26 b. (bnr. II)

Lars Petter Petersen, husfar, selveier, 32 år	Skaue
Berte Paalsdatter, h.kone, 41 år	Ørskog
Petrine Marie Larsdatter, datter, 10 år	Skodje
Inger Sakariassen, føderådskone, enke, 70 år	Ørskog

På bnr. 1 vart fora: 1 hest, 6 naut, 12 sauer, 1 svin
På bnr. 2 vart fora: 1 hest, 5 naut, 12 sauer
På bnr. 3 vart fora: 1 naut, 6 sauer (Asbjørn Ananiassen – små og skrøpelege hus.)
På bnr. 4, vart fora: 6 sauer (Ingebrigt Johnsen – små og skrøpelege hus.)

Alle brukarar fiska noko i vatnet. Heilt fram til ca. 1900 var det berre køyreveg med slede til Kassneset. Då tok dei til å vøle på vegen.

Alle brukarane avla noko havre og bygg og dei hadde kvern i Kassneselva. Poteter og homle dyrka dei og. Dei hadde naust og båt ved vatnet, og til 1729 1/8 part i ottringsnaust ved Stettevika, saman med Langnes, Store Fylling og Store Engeset.

Lille Fylling, gnr. 54, bnr. 3

Fyllingstrand – austre: Her var det Asbjørn Ananniassen rydda den fyrste husmannsplassen, og bygde den fyrste stova. Den stod nærare vatnet enn husa no. Asbjørn sa opp plassen i 1868, utsliten og fattig, vart send på *legd* til Dyrøya, der døydde han. (Meir om desse i «Husmannsfolk».)

År 1874 kom enkjemann Jetmund Nilsen frå Akslevold i Ørskog og fekk kjøpe dette bruket (gnr. 3) av Lars Pettersen Lille Fylling. Han var gift med Berte Petrine Lindset frå Ørskog. Før Berte var gift hadde ho Gisken Knutsdatter, denne vart gift med enkjemann Jetmund Nilsen. Jetmund var frå husmannsplassen Nils-Hjellen på Fylling. Nils, far til Jetmund, var fødd i Øie, Engesetdal. Jetmund fekk skøyte på gnr. 3 for 100 spesiedaler.
Jetmund og Gisken fekk desse borna:

1875 Lars Jetmundsen, skomakar, flytte til Nørve, Ålesund
1876 Johanne
1878 Nils Jetmundsen, skreddar, flytte til Nørve, Ålesund
1880 Lovise, syerske, flytte til Nørve, Ålesund
1881 Knut Jetmundsen, bygningsmann og småbrukar

1883 Inga

1884 Petrine, meierske, g. Senningen, Røvik i R.

Knut Jetmundsen fekk skøyte på bnr. 3 i året 1903 for kr. 1000,- og i 1925 fekk han skøyte på bnr. 4 for kr. 2000,-.

Knut Jetmundsen vart gift i 1913 med meierske Karn Vatnehol frå Vatne. Dei fekk desse borna:

Johan Strand, f. 1914, g. 1945 med Klara Larsdatter Stige, f. 1920.

Ivar Strand, f. . Han var mobilisert i 1940 og døydde i Gudbrandsdal same året. Hans namn er på minnesteinen over dei falne. som står ved Skodje kyrkje.

Johan og Klara Strand har desse borna:

Kirsti Irene Strand, f. 1946, realskule – gymnas, Volda lærarskule, Misjonsskulen for kvinner på Fjellhaug, Lærarakademiet i Bergen. Utsend som misjonær i Japan for Misjonssambandet.

Knut Strand, f. 1948, ungdomsskule, realskule, Eids gymnas, 1-årig forkynnarkurs på Fjellhaug. Er forkynnar i Misjonssambandet og styrar på Rjånes Ungdomssenter. Han er gift med Bergljot Wold frå Etnedal i Valdres. Ho er husstellærar. Dei har tre born.

Bergdis Lovise Strand, f. 1950, realskule, gymnas, medisinsk embedseksamen ved Oslo Universitet. Er no lege.

Knut Jetmundsen Strand var ein særs drivande arbeidskar. Han dreiv bygningsarbeid og attåt braut han ny jord til seg sjølv, så ei tid fora han på det vesle bruket, i åra 1930 – 1940, fire mjølkekyr og hest, og dei vart godt fora og stelt.

I 1908 vart det kjøpt ein parsell på Nesjesætra til sæterstøl – i tillegg som var før. Knut stelte på sæterhusa og slik at der var triveleg. Vidare fornya han alle hus på garden, stova i 1932.

Knut og Johan har arbeidd mykje for å få god køyreveg til gards. I 1938 – 39 bygde dei åleine veg frå bygdemeieriet til Rabelthaug, 450 m køyreveg. I tida 1948 – 52 bygde dei saman med Jostein Engeset, frå Engeset, til Strand og Rabelthaug 900 m bilveg. I tillegg til dette har dei laga skogsgrøfter og planta 23 dekar med gran. Dette i tida 1957 – 67.

Johan arbeider no på ein fabrikk, så han er heilt oppteken der. Knut var ein av dei som var leiar av sundagsskulen på Fylling i mange år, til glede for mange.

Lille Fylling (Kassnes), gnr. 54, bnr. 2

Som før skrive, var dotter til Lars Pettersen Lille Fylling, Petrine, f. 1856, g. 1878 med Nils Nilsen Ytreberg, f. 1852, d. 1890. Desse

var brukarar av Kassneset, bnr. 2, i nokre år. Men så døydde Nils Nilsen i 1890, og det vart vanskeleg å drive garden. Den 4.4. 1892 gav enkje Petrine Larsdatter Lille Fylling skøyte til Laurits Langeland på bnr. 2 for kr. 2000,-. Laurits Langeland kom frå Brune der han hadde vore brukar av bnr. 1 i nokre år.

Borna til Petrine og Nils Nilsen tok til å reise ut:

Ingeborg utvandra til Amerika i 1903 og vart gift der.

Lars utvandra til Amerika i 1903, han kom heimatt og vart gift med Kristianna Grønnes, Bolsøy, og vart buande der.

Nikolai, f. 1884, d. 1897 heime.

Berte, g. 1910 med Laurits Tennøy, busett i Volda.

Peter, f. 1889, utvandra 1907 til Amerika, men kom heimatt.

Petrine, mor til ovanfornemnde, f. 1856, utvandra til Amerika 1907, men kom att. Ho døydde heime i 1918.

Laurits Langeland, f. 1861, som tok over bnr. 2 var f. Langeland. Han var gift med Ingeborg Fivelstad, d. 1924, dotter til Sylfest Fivelstad, f. 1821, d. 1916 og kona Siri, d. 1921. Dei var brukarar av garden Fivelstad, men då dottera Ingeborg og Laurits flytte til Fyllingsbygd, selde dei heimen på Fivelstad og flytte til same bygda, fekk bygsle seg ei lita tomt ved hovudvegen, bygde der ei lita stove og fekk nok hus. Kår hadde dei frå Fivelstad. Laurits var ikkje særleg interessert i gardsbruk. Han hadde lært noko blikkenslagar-arbeid og det likte han. Det var særleg blikkboksar med lok til han laga. Desse vart fylt med ferskt kjøt, kjøtkaker, eller fiskekaker. Loket vart sett på og lodda fast så det vart heilt tett, deretter vart boksane kokt.

Dette var ei svær onn – særleg i slaktetida om hausten. Men det vart også dette arbeidet elles i året.

Han var og kunnig i stamping av ull-vevar. Dei fyrste vårane var han viss stampar (leigdemann) på ei stampe som stod ved elva i Braute, Solnørdal. Då gjekk han oftast gangstien mellom Fylling og Braute, forbi Skodjestølen, Abelvikstølen og så Lifjellet. Laurits var lett på foten, han trong ikkje lang tid på denne vegen. Ymse vårar kunne det hende at snøen ikkje var borte på denne vegen når han skulle take til med stamping.

Men Laurits ensa ikkje det. Han sprang gjennom snøbreane i lave sko – utan å ense at han vart våt.

Det vart ofte seint for han med slåttonna, men jamnast skipa han til dugnad, og fekk då mange ungdomar til å slå. Turkinga av høyet måtte han oftast stelle med sjølv.

Til å byrje med hadde Laurits ei sterk helse, men den rakk ikkje til for han heller. Han gjekk på sætra sjølv kvar sumar og bar mjølka til hovudvegen, derfrå vart den køyrd med hest til meieriet. Dette tok mykje av arbeidstida for Laurits.

I 1924 døydde Ingeborg Sylfestdatter og i 1937 døydde Laurits Knutsen Kassnes. Då vart Knut Lauritsen og Sigrid Lauritsdatter einaste arvingar til bnr. 2. Dei stelte mykje på stovehuset så no er det bra. Sigrid hadde ei svak helse og i 1973 døydde ho på Stranda sjukestove. No er Knut, f. 1896, einearving, han bur einsleg. Både Knut og Sigrid var sterkt kristeleg interesserte.

Frå dette bruket er desse parsellane selde:

Bnr. 7. Solbakken, eigar Petter A. Langnes.
» 8. Sollia, eigar Inger Johanne Ristesund. Hytte bygd.
» 9. Annebu, eigar Anne Berit Birkevold.
» 10. Bjørklund I, eigar Jakob Vadset. Hytte bygd.
» 11. Nauststykket, Anne Berit Birkevold.
» 12. «Granly», Ålesund Frimisjonsmenighet, har bygd eit større samlingshus og internat.
» 13. «Solskjer», Jens Sverre Tennfjord, tomt.
» 14. «Aspelund», Oluf Remøy, tomt.
» 15. «Bjørklund II», Jakob Vadset, tomt.

Snarvegen over vatnet

Snarvegen over vatnet vart mykje nytta av busitjarane i Kassnes og Langnes – frå dei eldste tider. Sumar som vinter vart den nytta – i trygge tilhøve som i utrygge når isen var dårleg. Av den grunn var folket i Kassnes særs påpasseleg å fylgje med korleis den fyrste isen vart lagt om hausten, slik at dei nokonlunde visste kvar den var sterkast.

I samhøve med dette fortalde Bastian Ekroll, f. Langnes, meg denne hendinga:

Ein haust fram mot jul fraus det ei tynn isskorpe over Engesetdalsvatnet. Den var ikkje alle stader samanhengande heller. Neste natt fraus det noko då og, men ikkje jamt. Tredje natta fraus det igjen noko så det såg ut som jamt frose. Kassnes-Jørgen hadde eit ærende til Erstad som det hasta med. Han hadde fylgt med korleis isen «la seg» og visste kvar den var sterkast. Etter trejde natta ville han prøve over isen, men for å vere tryggare, tok han ein lett dragar-slede som

han sat på og pika seg avgarde med to pikstavar. Gardshunden ville gjerene vere med, men Jørgen ville ikkje han skulle få det, og let han inn i stova og slo att døra.

Jørgen starta på isen der han visste den var sterkast, og det såg ut til å gå bra, så han tok stemne på Erstad-nausta. Brått vart han vár at hunden kom setjande etter han. Jørgen hadde kroka mykje på si ferd for å nytte sterkaste isen, medan hunden tok beinvegen. Etter ei stund datt hunden gjennom isskorpa. Jørgen såg det, men våga seg ikkje dit for då ville nok han også gå gjennom. Jørgen kom seg turr til Erstadlandet, men hunden drukna.

E.F.

Når gardbrukarane i bygda vart sjølveigarar, (mellom åra 1790 og 1815), vart det trivelegare å drive i skogen. Det vart hogge mykje bjørk, men fyrst vart never og bork teke. Dette vart noko til eige bruk og noko for sal.

Då sirkelsagene kom i bruk (ca. år 1880), vart det hogt furuskog, og noko vart saga til byggematerialar, t.d. til løe-, naust-, båt- og husmaterialar – til eige bruk eller sal. I denne tida vart det merkbart romslegare å leve. Det vart då stelt på husa som var på garden. Vidare vart det saga tunnestav som vart opparbeidd på garden for sal til sildetunner eller rogntunner. Elles vart det hogt mykje hesjematerial og lunnematerial for sal til øybuarane.

Fiske i vatnet, i elvar og fjellvatn, vart nytta i fellesskap. Det var særleg i Fyllingsvatnet og i Fyllingselva det var mest fisk å få. Yngre gardbrukar-søner og husmenn reiste i vinterfiske til øyane. Denne fisketida vart rekna frå Kyndelsmesse (2. febr.) og til sumarmål. Mange tenestegutar i bygda hadde påtinga fri fiske og fekk att tenesteplassen etter sumarmål. Likeins var det mange jenter som reiste til øyane i fisketida, men dei som ikkje vart gift der ute, kom heim att for å arbeide på garden – stelle fjøset og gå på sætra. Det arbeidet lika dei godt.

Det hende at husmenn hadde vanskar med å utruste seg til fiske. Dei fora få sauer, og det vart lite ull til klede for born og foreldre. Ein husmann fortalde at han rodde 30 vintrar fiske i open båt og ikkje eigde underbukse. Ulla rakk ikkje og han hadde ikkje pengar til å kjøpe ull for.

I juletida var det skikk at dei bad til seg grannane ein kveld mellom jul og nyttår – eller og etter nyttår. Det var berre gardbrukarane som hadde store nok stover til å romme alle, for det vart bedne både ungt

og gammalt. Det var ein god skikk. Dei eldre heldt seg i lag og prata om gamle dagar og dei unge heldt seg i lag og prøvde seg meir på den nyare tid. Borna fordreiv tida med barneleikar og barnestev. I Langnes fann gamle-Lars fram fela si og hjelpte borna og ungdomen med songen. Og så måtte alle til bords. Dei vart trakterte med gode lefser og julekaker. Det skulle mykje både plass og mat til så mange, ja, opptil ca. 30 stykke.

Eit år tok desse julegildene til i austre enden av bygda og neste år tok dei til i vestre enden.

Om det var eitt og anna som gnissa mellom grannane i kvardagen, så vart alt gløymt i jule-laga.

Sume av husmennene bad til seg i jula dei som var eigarar av husmannsplassen så langt dei hadde rom, og omvendt.

Det var hugnad å kome inn i desse små røykstovene når dei var pynta til jul. Og god julemat hadde dei der og.

Ikkje før omkring 1860 kunne ein bruke hjulvogn for hest mellom Engesetdal–Fylling og Skodje–Fylling. Engeset bru og Erstad bru vart bygde åra 1856–1858. Dette vart eit stort framsteg.

Denne før omskrivne rideveg Fylling–Engeset er innteikna på eit utskiftningskart frå 1860 og klart avmerka.

Til alle gardane i bygda låg det bra med skog, noko furu i Storlia og heimeskynet, men mest bjørk. Dei tok mykje never og bork, og hogde mykje bjørk vinteren. Mykje kol og tjøre vart og brent.

I Storlia var det i lang tid felleseige. Alle tenestegutar i bygda hadde ein dag fri når nevra «gjekk», og då fekk dei gå til Storlia og rive never til seg sjølve så mykje som dei bar heimatt. Og då prøvde dei seg! Vaksne, store, sterke gutar kunne kome heimatt seine kvelden med 6 voge never – som dei bar på ryggen heilt frå Storlia. Men så var dei òg trena til å bere.

Fyllingsbygda var eit bryllaupslag, eit gravferdslag, og eit for julelag. Men til alle lag venta dei å verte bedne. Det vart ikkje tekje så godt om nokon vart gløymd.

Det var særs greitt, når utmarksgardar eller sæterstølar skulle gjerdast, måtte alle vere i lag. Likeins når sætervegar og buråser skulle vølast – så kyrne kom seg til Storlia og Bak-lia i sætertida – måtte alle vere med. Ved flytting til og frå sætra måtte alle flytte på same tid.

Skulle nye hus tekkjast, eller eldre hus oppatt-tekkjast, kom alle og hjelpte til. Det var triveleg slik, og då vart alle traktert med tekkjegraut (rjomegraut).

Var det nokon som hadde turt korn eller høy ute, som stod i fare for å få ei bløyte, så kom det fleire og hjelpte.

I frå den fyrste busetnad var det lite dei kunne hauste av jordflekken – heimebøen. Det var mykje stein og berg, skog-kratt og skog. Men dei leita opp dei turraste sydvende jordflekkar og braut opp til åkerlappar. Det vart lite korn dei fekk så, men noko poteter og neper. Etter kvart utvida dei åkrane alt dei vann. Og om ei tid hadde kvart bruk fleire åkrar, og alle hadde ein «storåker». Dei mindre åkrane hadde sitt namn kvar. Små linåkrar fanst også, for dei avla litt lin. Vest for Langnestunet er ein stad dei kalla Linskifte.

For å få mest mogleg høy til vinterforing, slo dei sæterstølane, mange utslåttar, på Stor-gjerdene i Sæv-vika og i Storlia. Der var eit overlag godt slætte, (truleg ein fråflytta gard). Slætte vart kalla Smørholslette, og kvart bruk hadde ei høyløe der.

Det var her at det i ein grensegang 1712 vart sett ned eit grensemerke og staden er beskriven for «Eidsbuhjellen», og *kan* vere brukt av ein busitjar frå Eidsbu ved Bygdin, Jotunheimen. Vi veit at fleire andre kom frå Bøverdalen og Otta-dalen.

Andre fråflytta bustader i Fyllingsdalen

Fonnelibøen, – like vest for Nesjesætra, *Gjærde* – like vest for Gamlesætra, – nærare elva har staden vore kalla *Tuftene,* og dette namnet vert brukt no òg. Rett syd for dette – på sydsida av dalen ligg *Steinset.* Denne vert no brukt som sæter for Nedre-Skodje, Ytre-Skodje og Skodjereite. Før var det ein bustad. Omkring 1800 vart denne garden fråflytta, grunna mange vanskar. Den vesle stova som stod på Steinset vart flytta til Grindvik, derfrå seld til plassen Solnørhøl, og derfrå seld til ein husmannsplass i Eidsvik og vidare frå Eidsvik til Krogsæter, der den vart nytta til fjøs. Løa vart seld til Græsdal og stabburet til Brune (Nedste Brune).

I tillegg til all utmarkslått, hogde dei mykje lauv-kjerv av bjørk, rogn og selje – så mykje som dei hadde plass til i løa. Så plukka dei mykje rognelauv, og raka osp og almelauv, turka dette og brukte som tilskot til litt høy om vinteren – til ku og sau.

Utover ettervinteren hogde dei bjørk og rogn til beite. Det som var så grovt at kua ikkje beit det, så skov dei (smia) borken av. Det var visst arbeid om kveldane å skove bork av rogn eller osp til foring av ku. Det foret var rekna som særs verdfullt. Av den grunn hogde dei ikkje rogn utan dei fekk nytte borken om vinteren. Sau og geit må ta beite sjølve ute. Men var det mykje snø, så hogde dei beit til geit og

køyrde det heim til fjøset – slepte geit og sau ut så dei hjelpte seg sjølve.

Det var ofte «vårknipe» (formangel) i eldre tid. Det hende at buskapen måtte sleppast ut medan det enno var snø på flat mark. Men dei fann lyng og beit på høge tuver eller i bratte skrentar.

Skog og utnytting av den i eldre tider

I Fyllingsbygda si skogsmark var frå eldre tid mykje furu- og bjørkeskog. Men det var langt til sjø eller avsetningsstad. Dei fleste var også leiglendingar og hadde berre lite råderett over skogen.

I 1603 var det i Fyllingsbygda berre ein odelsgard, og det var Oluf Store-Fylling. Han bygde sag i 1608–9 – ei flaumsag – (oppgangsag) i Fyllingselva, like ved Saghaugen og i sagfossen.

I året 1610 skar han for sal 40 tylfter, betalte to riksdaler + tre riksdaler i sagbordsskatt. Det ser ut som Oluf Store-fylling av ein eller annan grunn er komen ut av skattelistene som sjølv-eigar (odelsmann) og er ført som leiglending. Vi finn han ikkje ført i sageskattelistene seinare. Det er truleg at Oluf Store-Fylling sin eigedom har vorte kjøpt av Abelset-ætta, som eigde dei fleste andre gardane i Fyllingsbygda. Då vart det slutt med å sage bord eller anna trelast for sal, for det var ulovleg for leiglendingar. Berre til eige bruk på gardane kunne dei sage. Men dei hadde lov til å brenne tjøre og kol, og det nytta dei alt dei kunne.

Mange, mange stader – heilt frå Fyllingsvatnet og til Romsdals byte finn ein mange store, tydelege merke etter desse tjørehjellane (1), som har lagt i ein liten bakke – nær ein bekk – med *i dag* tjukke kol-lag i jorda, dei er no overgrodd av gras.

Vil berre vise til «Usemje om grense mellom Stor Engeset, Storsæter, Øie og oppsitjarane på Store-Fylling, rettsleg skyn avholdt 1712 av Kristoffer Abelset, Nils Pedersen Assen og Henning Tygesen Castberg, på Skodje Kirkes vegne.» (Skrive av P. Fylling og gjengitt i Skodje sogelag Årsskrift 1976.

1) I ovanfornemnde grensegang er nemnd «Eidsbuhjellen» – truleg anlagd av ein innflyttar med namn Eidsbu. Kom han frå Jotunheimen, frå Eidsbu ved Bygdin? Det kom fleire frå Bøverdalen og busette seg i Skodje.

Ein tjørehjell er nemnd ved «Gamlesætra» ved Romsdalsbytet i 1712. Det er god grunn til å tru at denne «Gamlesætra» hev vore i bruk i 1600-talet og før, av oppsitjarar i Fyllingsbygda.

Det var i lange tider – heilt til ca. 1925–30-åra – at vi i Fyllingsbygda hadde god, roleg helgafred – sumar som vinter. Utpå laurdagen – etter non – var helga i kjømda – ute og inne. Då fekk arbeid og folk og hest kvile – det var stilt. Ein kunne inkje høyre nokon slo ein spikar. Var det ein fin sumarkveld, laurdagskveld, kunne ein høyre sæterjentene på Nesjesætra eller Skodjestølen synge fleirtonig vakre songar i sumarkvelden.

Laurdagskveldar kunne ein og høyre Runne-Johan synge når han var på veg heimatt frå Steinsetsætra med mjølk som han henta til helga. Johan hadde ei veldig stemme og han likte å synge. Når han kom med mjølkebøra så langt heim som til Halvginge, stemde han i med kraftig røyst så dalen var full av song:

«I den stille klare morgen, som når dagen travlest er
og ved soleglad med kveldens milde vind,
I den tause midnattstime, og ved månens bleke skjær,
jeg vil lytte etter lyden av hans trinn.
Kor: Se han kommer! Jesus kommer!
Fikentreet står i blommer,
vår forløsningstime kommer.
Jeg vil lytte etter lyden av hans trinn.

Se, han kommer, han som alle tiders floker løse kan.
Fredens morgen uten skyer bryter inn!
Ja, han kommer, å min sjel, og setter alle ting i stand.
Jeg vil lytte etter lyden av hans trinn.

Kor: Se han kommer! Jesus kommer!
Fikentreet står i blommer,
vår forløsningstime kommer.
Jeg vil lytte etter lyden av hans trinn.»

Heile dalen var fylt av denne vakre songen.

Var det ein fineversundag og ikkje preike i kyrkja, kunne ein sjå Andreas og Ingeborg Langnes kom i drivkvite skjorte-ermer ruslande stilt og roleg etter vegen, saman med 3–4 av borna, helgakledde og i godt humør. Naboar kom ut – helgakledde – og så sette dei seg på ein turr bakkekant alle saman til godprat. Om ikkje lenge kom nokre andre velkledde born, sette seg saman med dei og godsnakkast.

– Det var helgafred! –

Ein kan spyrja: Skal ein få sjå att dette? Eller har vi mist det for all tid?

E.F.

Garden Store Fylling – Valde skibreide

Ei kort omtale av denne gard, etter vedhefta kart

Her har tidleg vore busett, då dei naturlege tilhøva for sjølvberging ligg bra tilrettelagt frå skaparhand.

Her er sydvendt og solrikt, rikeleg med brensel og tømmerskog, og bra om fisk i vatn og elvar. Veiding og fangst av matnyttig vilt kunne vere til stor hjelp. Men særleg dei svære utmarksbeite og store vidder av slåttemark i utmarka, hadde stor verd.

Dette kjem tydeleg fram av Kvægskatt-mantal 1658, men alt i 1603 var her ein odelsbonde, Oluf Store Fylling.

Det året var her berre 10 odelsgardar i Skodje. Men i året 1606 er her ført ein brukar til.

Året 1610–11 er ført Oluf Store Fylling som eigar av flomsag, og han skar 40 tylvter, bet. 2 riksdaler + 1 riksdaler og 1 ort.

I Kvægskatt-mantal for 1658 er ført:
Store Fylling: Siffur 1 hest, 1 okse, 10 nød, 6 gjeder, 5 får.
Store Fylling: Tostein 1 hest, 1 okse, 14 nød, 12 gjeder, 14 får.

Og ser ein på Sunnmøre Matrikull for 1667, Skodje sokn, så ser ein forholda mellom dei ymse gardar som der er ført, t.d.:
Store Fylling, 2 mann: Sår 8 tønder, afler 30 tønder, kan føde 32 nød, 4 heste. Ringe tømmer og brendeskog til. Kan tiende 3 tønder havre, 1 pund + 8 mark ost. Leding 1 Kalvskind, skatt - 2 1/2 vog fisk.

Så kan ein sjå:

Store-Engeset, 6 mann: 3 voge fisk, sår 18 tønder, avler 75 tønder. Kan føde 56 nød og 6 heste. Kan tiende 7 tønder havre, 1/2 tønde bygg. 1 vog + 1/2 pund ost. Leding 2 gjedeskind, 1 kalveskind. Kan skatte av 4 vog og 18 mark fisk.

Store Fylling hadde pr.æ mann: 15 tønder – 16 nød, 2 hester.

Store-Engeset hadde pr. mann: 12 tønder – 9 nød, 1 hest og samme skatt.

Og samme forhold til dei andre bruk i Skodje sogn.

I denne stova var historikar Peder Johnsen Fylling fødd.

Det kjem tydeleg fram at dei svære utmarksbeite og utmarkssletter har vore grunnlaget for den største avdrott for dei to brukarane av Store Fylling.

Ved folketelling 1701 er det tre gardbrukarar. Frå den tid har det vore tre hovudbruk på Store Fylling.

Giske-godset med greiner, vart eigarar også av Store Fylling. Det var familien Abelset som vart eigar, og Kristen Wallin vart gift med Massi Abelset og disse vart buande på Solnør.

To bruk vart kjøpt av far og son Peder og Johan Flåte år 1778. 10/5 1809 kjøpte John Pedersen Flåte, av Christian Wallin et bruk på Fylling som leiglendingen Svend Einersen brukte. I 1811 sluttet Svend Einersen som brukar, og John Pedersen Flåte flytte så til Fylling, han var då gift med Ragnhild Einarsdotter Sorthe. John Pedersen måtte

Den gamle tunplass for gnr. 56, bnr. 1 og 3, Store-Fylling, før jordskiftet i 1860.
Øvst på biletet Neste Brune (Ødegårds eigedom). Lengst til venstre eigedomen Nystad, parsel av bnr. 1. Mellom steingjerde er det gnr. 3 som eig. Ridevegen over Bruneckleiva kom forbi løa midt på biletet. Alle husa til bnr. 3 stod og før midt på biletet, men vart flytta etter jordskifte.

fyrst bygge ny løe, og i 1814 bygde han ny stove, med loft. Det vart fyrste loftsstova i vid omkrets (sjå inntekje skriv av John Fylling om dette tiltak).

På det vedhefta kart er skrive mange nr. og ei vedhefta liste viser kva desse tala tyder.

Gamle folk fortalde oss når vi var born at der er ein stad like ved dei gamle tomtene som dei kalla «Slettebøen» og der var det den fyrste busetjaren tufta. Der vart det – ca. 1815 – funne ein hand-kvernestein. Denne hand-kvernesteinen er no i Peder Fyllings museum.

Det var tidlegare at folk busette seg i Brune. Segna fortel at omkring år 1350 kom dei fyrste busetjarane til Brune. Dette vert skrive om ein annan stad.

Gnr. 56, bnr. 3 og 4. Elias Johnsen flytte til nye tufter etter jordskifte i 1860. Det øvste tunet – midt på biletet – er Nedrelid. Tunet lengst til høgre er Sollid.
Innan området som biletet hev med, var der i 1870 10 husmannsplassar. To av desse husmannsplassane var i 1970 sjølveigarar og der bur folk. Frå dei åtte andre er det berre «minna og fara» etter.

Når ein no ser i gamle skattelister for kvegskatt 1658 og andre offentlege teljingar, heilt fram til 1865 og seinare, vert ein svært forundra over kor mykje krøter dei fora i dei tider.

Vinterstid med fjøsforing vart det ingen avdrått – utbytte – det vart mest for å berge liv til vår og sumarbeite kunne nyttast, og då fekk dei mjølk av ku og geit og kjøt av kalv og sau. Når dyra kom ut våren til desse store og rike utmarks- og fjellbeiter, vart det, etter den tid, svær mjølk- og kjøtproduksjon. Til sumarbeite for kalvar hadde Kassnes, Langnes og Fylling kvar sitt inngjerda kalvegjerde. Desse var mellom innbøane Langnes og Fylling og gjekk frå vatnet og til utmarksgarden i nord. Gode beite.

Stadnamn med nr. på Kart over Store Fylling, oppteke 1861.

Nr. 1 Stova til Knut Fylling.
» 2 Løa til Knut Fylling.
» 3 Løa til Elias J. Fylling, bygt 1813.
» 4 Stova til Elias J. Fylling, bygt 1814.
» 5 Smie til Elias J. Fylling.
» 6 Smie til Knut Fylling.
» 7 Sommerfjøs til Elias Fylling.
» 8 Sommerfjøs til Knut Fylling.
» 9 Sommerfjøs til Peter Fylling.
» 10 Fjøsåkeren til Elias Fylling.
» 11 Skallen (Åker) Elias Fylling.
» 12 Ysteåkeren til Elias Fylling.
» 13 Knutåkeren, Knut Fylling.
» 14 Smiåkeren, Elias Fylling.
» 15 Klona, Knut Fylling.
» 16 Storåkeren, Knut Fylling og Elias Fylling.
» 17 Storåkeren, vestre del brugt av Elias Fylling.
» 18 Hau-åkeren, brugt av Elias Fylling.
» 19 Vestre Hauåker, Elias Fylling.
» 20 Naust.
» 21 Stormyra.
» 22 Homlehage.
» 23 Homlehage.
» 24 Kalvegjerde.
» 25 Kalvegjerde.
» 26 Klengra.
» 27 Fagerteigen.
» 28 Dunamyra.
» 29 Den gamle rideveg frå Stor Engeset – over Brunekleiva – til det gamle tunet på Store Fylling, over Sætra, vidare til vad over Fyllingselva til Skodje. Det var ikkje bru over elva før 1859.
» 30 Laulø-attelega.
» 31 Sætra-åker.
» 32 Nils åkeren.
» 33 Løe og stove til Jelle-Nils.
» 34 Løe til Jelle Jon.
» 35 Stove til Jelle-Jon.
» 36 Gjer-åkeren.
» 37 Britanuspladsen.
» 38 Sumarfjøs
» 39 Sumarfjøs.
» 40 Stove – Pettergarden (Andersgarden)
» 41 Løe til Andersgarden.
» 42 Stabbur til Andersgarden.
» 43 Smie til Andersgarden.
» 44 Tro-løe til E. Fylling.
» 45 Tjørehjellar.
» 46 Slettebøen (den fyrste buplads)
» 47 Ekre-åkeren.

E. Fylling. 1980

Til Brune
Til Engeset
Smiteigen
P.F
Til Langnes
Peter Fylings B
47
Stormyra
Løken
E N G E S E T V A N D E
(FYLINGSBOTTEN)


NY VEG 1933
NY VEG 1932
39
38
37
EF
KF
36
34
35
33
32
EF
KF
Kvennaveita
Kvenn
TEINHAUGEN
Storelva
T

Store-Fylling

Av høyløer i utslette og sætrar, hadde hovudbruka på Fylling ei tid 8 løer kvar. To på Storgjerde, to på sætra, to i Sæv-vika og Smørholslettet, ei i Storneset og ei på Skinneset.

Alle desse utmarkslættar var møysame og tidkrevjande. Det tok lang tid å slå så store vidder, og ofte knapt om høyterre.

Det var sanneleg ikkje beint fram for husmora som skulle skaffe mat til så mange, langt frå stabbur og kjøken. Dei vart nøydde å bruke mykje graut, potetball og skyr. Litt fisk kunne dei få i Hei-åna eller i Svartløkvatnet. Men dette ville så lett take for mykje tid. Det var særs viktig å nytte tida der når det var lagleg ver. Dei dreiv på frå kl. 4.30 om morgonen til 9 om kvelden.

Kvart bruk hadde nær den same vidde å slå i utmarka. Dersom det hende at nokon vart seinare enn andre medan dei slo i Storlia, så venta dei som fyrst var ferdig med å gå heim – dei gav andre ei hjelpande hand med slått eller høying slik at alle fekk gå heim i lag. Ingen ville gå frå naboane når dei var ei mil til dals.

Fyrste sundag etter at alt høy var kome i hus, kokte husmora slåttagraut. Då vart det ikkje spart på rjomen! Alle som hadde vore med i «onna», vart bedne til middag. Likeins vart alle husmenn som hadde svart pliktarbeid bedne. Eit år kom det sju husmenn ruslande i lag ein sundag formiddag til slåttagrauten, men det skulle vere åtte. Dei stansa og såg etter den åttande. Då var det ein spøkefugl som sa: «Har han skore vekk slåttagrauten kanskje?» (Av eit uhell skore seg i handa med ljåen).

Gnr. 56, bnr. 4. Bustadhus for Per M. Fylling.

PROLOG

ved avdukinga av bautaen over
Peder Johnsen Store Fylling.
September 1968.

Fjell lyfter seg mot høg himmel
barskog skuggelegg dei døkke dalar
Lauvtunge tre
krøkjer sine røter i bergsider
kvite bjørkestammar formar søyler
i naturens tempelsalar.

Brear toppar dei øvste tindar
vinterkulden legg si harde hand
over ufs og skar.
Men under isen lever våren
og i ljose kveldar
går ein mann og rydder seg ein gard.

Hit kom dei, over skaret
to unge, hand i hand.
Dagen ga dei solgull over vegen.
Dei steig så varleg over kvist og bar og blom.
Storskogen song si velkomsthymne
og fjellet svara med sin sterke atterljom.

Ho seier:
Her er staden, her må stova stå
tufta på odelsjord,
timbra av storskog.
Bjart skal årelden brenna
gjeva varme, ljos og liv
til oss og våre barn
og kvar og ein som søkjer hit
skal kveik og kvile finna.

Dei rudde seg eit stykke Noreg,
Unge sterke hender
greip om stein og røter.
Snart brydde såkornet i den svarte mold,
og grønkande bøar breidde seg ned mot vatnet,
kransa inn av ruster og åkerreiner,
der grøda bar mot hundra fold.

Born vaks til
gjekk jamsides med far og mor
og sette meir jord
under plogen.
Men her brydde ikkje berre grøne spirar
or dyrka jord,
og det høyrdest ikkje berre sus av mild haustvind
gjennom gulnande åkrar og vidvaksne tuntre.

Her var sterke vengjeslag av ånd
over den harde kvardag
med si strenge plikt.

Odelsgutten kjende seg i slekt med segn og soge
og fann den djupe samanheng med tid som kvarv
og dag som demrar over himmelboge
og kastar glans over slekt og fedrearv.

Han leita fram det ervegull som titt vi tapte
og somla bort i dagsens strev og mas.
Så bjart det glima då han i gulna skrifter bladde
og i dei gamle sogebøker las.

Og fjell og stein og gyl og gamle tufter,
dei gøymer mang ei soge, mang ei segn.
På folkemunne lever dei
men gløymest titt.
Han sanka saman desse perler,-
og det er mitt og ditt.

Runer i gråstein
grasgrodde gravhaugar
attvoksne ræser mellom gard og granne.
Stormenn og kongar
embetsmenn og høvdingar
røvarar og fantar
hulder og troll
tuftekall og draugar.
Slekter sin kamp
mellom lukke og vanheppe
velstand og uår
krig og fred
myrkemakter og kristentru
liv og død
mogen bygg og barkebrød.
Trellekår og fridomstanke
brostne voner, viljer ranke
våpen blanke
brukt i ærleg strid.

Han skreiv det ned,
og vi kan vandra gjennom gløymde skogar
du og eg.

Dei kjem så nær oss desse gamle ætter
på denne dag
og førast skal dei vidare
på tidarhavets bylgjedrag
til nye ætter,
seklar går og borna etter oss
skal rekka handa
ut mot dei
gjeva lovnad
med fjell som vitne.

Fattige var vi
om vi sto der
og ikkje kjende
at mellom oss og soge
levande straumar gjekk

Arme var vi
om minna vi gløymde
og sarva det bort
det store vi fekk.

Trygge er vi
når banda bind oss
til fedrearv, til slekt og gard.
Trauste står vi
når røter fester oss
i jord som fedrer
dyrka har.

Trugne vert vi mot fedrelandet
når vi vert vigsla med sanningsord.
Frie er vi åleine dersom
vi plantar fridom
i eiga jord.

Ein bauta vi reiser
den hoggen er utor fjell.

Menneske døyr
men ånd lever vidare
kjenner seg friare
vil lenger nå
vil framleis stå
over det kvardagsgrå.

Vi skal plante og så
i vår fedrejord
og verne dei spor
våre fedrer sette.

Dagar skal koma og gå.
Ætter skal leva og framleis sjå
at i det som så titt vert gløymt
ligg det skiraste gullet gøymt.

Anne Harstad.

Ærede læser!

Af taknemlig erindring om onkel Peder Fylling vover jeg at fremlægge for læseren en biografisk skildring af ham. Hvad jeg ved om hans ungdom, har jeg fra hans egne mundtlige fortællinger. Det sidste afsnit af hans liv derimod, kjender jeg fra daglig omgang med ham, da han modtog sit føderaad paa den maade, at han gik tilbords med os. Skulde jeg nedtegne noget, som kunde støde nogen, vil jeg bede om unskyldning.

Ærbødigst
John Fylling

Fylling Marts 1910.

Ifølge skjøde, dattert Solnør 10de May 1809 kjøbte skoleholder John Pedersen Flotten (Flaathe) af hrr: Christen Wallin et brug i Fylling, dengang brugt af leiglending Svend Einarsen. Aar 1811, da leiglendilngen opgav sin brugsret flyttede John Pedersen Flotten til Fylling og bosatte sig der, efter at have indgaaet ægteskab med Ragnhild Einarsdatter Sorthe. Det første han foretog sig paa Fylling var, at bringe husene i brugbar stand, da flere generationer leiglendinger havde forsømt dette, ligesom han fandt det uheldig at bo saa i en haug sammen paa «Mastovbakken» sammen med gaardens tvende andre opsiddere.

Høiladerne paa de dengang græsrige Fyllings gjerder byggede han fra nyt det første aar og jeg maa tilføie det, som en meget sjelden naturbegivenhed, at insektsklarver nogen faa aar iforveien havde afspist løvet paa den frodige birkeskov saa den raadnede ned, næver til laderne maatte flækkes i hjemmemarken.

Ifølge indhugget aarstal

ANNO DOMINI «1813 LOD J. P. S. BYGGE DENNE LADE»

i en af staverne paa laden, sies det, at han dette aar opførte huset for det meste af nyt trævirke og flyttede den til en ny tomt cirk. 100 m mod vest.

Næste aar 1814 byggede han Engesethdalens første loftstue og anbragte i den foruden grue i det ene hjørne med skorsten gjennem taget indrettet at lukkes med spjeld, tillige en stor vindovn af «Klebberg»med to etager. Naar spjeldet anbragtes i skorstenen og der lagdes i ovnen, siges det, at det var koseligere der vinterstid, end i røgstuerne.

Denne stue bruges endnu paa Fylling, idet at min far Elias Johnsen flyttede den «ned paa Jellen» i 1863, da han ifølge udskiftning flyttede ud af tunet paa øvre Fylling.

I denne stue fødtes forfatteren Peder Charolus Johnsen Fylling den 26. September 1818. Moderen Ragnhild Einarsdatter var ikke stærk af helse, men meget mere udrustet af aandelige egenskaber: Stilferdig, blid, venlig og forsigtig og meget godhjertig og gavmild. Faderen John Pedersen var en stille, tænksom mand, godt legemlig udrustet med et undersætsig, kraftig legeme. Hans sterkeste side var hans udviklede forstand og hans evne at fortælle, hvad han vidste. Alle, som stod raadløse, lærte snart at spørge John om raad, han gav i alvor sit svar paa det stillede spørgsmaal.

Jeg tør paastaa at Peder Fyllings karakter var en skjøn forening af far og mors anlæg og egenskaber. Jeg saa saa mangen gang under livets kamp i ve og vel hans karakters strænge svinge i harmoni med «ættarmerkja» i Flaathe og Sorteslægten.

Ved hans spede barndom er intet at sige. Han forteller selv om sine skolegang saaledes: Almueskolerne var daarlige i min ungdom. Lærerne vidste ikke saa meget. De gik fra hus til hus og holdt skole tre dage hos hver mand og fik kost og logi in natura. Og saa kom da skolemesteren med et malet skrin paa ryggen bærende i et «byraband» og man maatte rigtig sige, at det var skrinet med det rare i; thi det indeholdt det aller nødvendigste:

Stavtabbeller, forskrifter, nytestamenter til læsebøger, regnetavler, lit skrivepapir for læreren selv, pennefjære med pennekniv o.s.v. og saa ikke at forglemme: Strømpeombytte og natlue for læreren. Han var i hvert hus en meget velkommen gjest; en ny verden dæmret for husfolket naar skolemesteren kom og det bedste som huset formaads maatte da fræm. Langbordet maatte skures rigtig fint op; benkene paa begge sider ligesom. Ja, knakken for langbordets øvre ende ikke at forglemme, thi paa den skulde jo den kjære skolemester sidde med gutterne til venstre for sig nedetter og piger til høire. Aa for en ære for barn, (far og mor med) at sidde nærmest skolemesteren. Det var en stor vinding, som taltes om. – Saa sad vi der da og blev hørt i lekser ordret af katekisme, bibelhistorie og den «uendelige store Pontopidan». Saa læste vi i kor af «Nytestamenter» og den fossedur kappedes med at tage luven fra rokkernes surren til de to tro kvinder som spandt «aat seg sjøl» kanske i skolestuen. Vi skrev paa tavle med grifler af tavlebrot, som den venlige skolemester lagede for os. – Om kveldene var det især morsomt at gaa i den stue skolemesteren var og

høre ham fortælle om sin ungdom, da han var gjæter og oplevede mange hendinger. Jeg husker skolemesteren lo saa godt, da han fortalte om, at han fik en olm saubuk, der var han til stor plage, at flyve ud for fjeldet, derved at han paa yderste ufs ha trøien sin paa en stein og selv gjemte sig. –

Attåtnæringar til gardbrukarar i Dalebygda

I årsskiftet for 1978 har vi skreve om dei mange «Flomsagene» (oppgongsagene) som vart bygd i 1600-åra og utover. Desse var til stor hjelp for folk i bygdene. Kjøparar av tømmer og trelast var i fyrste rekke hollenderar, som kom inn Sunnmørsfjordane med store skip og ankra opp på laglege hamner. Det var ikkje berre tømmer og trelast dei var kjøparar av. Dei kjøpte mykje tjære, brenneved, bandstakar i tusendvis og ferdigsmia band. Så kjøpte dei mange famner bjørkaved og bjørkabork. Hasselnøtter kjøpte dei alt dei kom over. Så talg i tynnevis og ei mengd bukkehorn. Men alt måtte fraktast til skutesida, og då trengtes det store båtar. Trerøringar vart nytta, men dei var i minste laget for det var ofte dårleg ver å laste i. Av den grunn vart det nytta åttringar, og dei var gode til dette bruk og.

I årsskriftet for 1978 hev vi skreve at Oluf Store Fylling hadde sag i Fyllingselva. Så finn vi i Tingbok for 1735, avskrift av Tingbok nr. 29, Sunnmøre Sorenskriveri at desse gardbrukarar hev i saman med seks andre naboar blitt eigarar av åttring og åttringsnaust ståande på Stette sin grunn ved sjøen, og som dei hadde betalt grunnleige for.

Denne åttringen vart sjølvsagt nytta i torskefiske vinterstida, i Borgundfjorden og lenger ut for øyane. Men sumar og haust til frakting av trelast, og alle andre varer til marknadstader, t.d. Romsdalsmarknaden og Borgundkaupangen. Men og til frakting av varer hollenderane kjøpte.

Desse åttringane vart brukt i handelsturar til Bergen eller Trondheim med fisk i «utførsel», og for å frakte korn eller kvennasteinar heim att.

Det var dei fleste gutar sin framtidsdraum å få vere med ein åttring i vinterfiske, eller på ein handelstur til Bergen, Romsdalsmarknaden eller Trondheim. Det ville verte meir «spanande» enn å vere i skogen

kvar dag heile vinteren. Og gardane i Fyllingsbygda hadde store vidder.

Frå Kassnes til Romsdalsbyte er det 10 km, og der var mykje bjørk og furu å hogge, men det vart lang veg å køyre med lass. Ofte var isen i Sævikja utrygg, og då vart dei nøydd å køyre Storlia. Det kvidde dei seg for, då der var ei bratt «braut» i vegen som i meir enn 250 år hev vorte kalla «Litle-Pål-brauta», og det heiter den i dag og. Her var det vanskeleg å køyre tømmerlass, bjørkestrongar eller tjæretynner på vinterføre.

Eit år hadde gardbrukaren på Fylling, som eigde flom-saga, ein tenestegut som heitte Pål. Han var ikkje mykje stor av vekst, men ein iherdig, strevsam og pålitande gut. I nabogarden var ein Pål òg, men han var stor og eldre så den yngste vart kalla Litle-Pål. Det var ikkje noko moroturar vinters dag og vere tømmerkøyrar på så lange og farlege vegar. Køyrekaren var jamt kvitrima før han kom til Storlia, og fraus og. Litle-Pål hadde snakka med husbonden om han kunne få vere med åttringen i vintersfiskje som halvlyting, så skulle han kome att i tenesta til våren. Husbonden var samd i ein slik avtale, men han likte at dei var onnig å prøve å få heim mest mogleg av det hogde tømmeret før han reiste.

Dei køyrde kvar dag med to hestar. Og laurdagen før åttringen skulle i fiskje, var det berre tre lass att i Storlia. Dei var tidleg ute den dagen, og kom heim med to lass (to hestar) til seint middag. Då var det berre eitt lass igjen i Storlia.

Litle-Pål baud seg til å køyre etter siste vendinga åleine. Det vart noko seint han køyrde mot Storlia den ettermiddagen, men han vart så lenge. Det vart mørkt, og Litle-Pål var ikkje komen. Dei gjekk ut å lytta, men høyrde ingen ting. Heime vart dei ottefull – hev det hendt noko?

Husbonden gjekk til naboen og fekk lovnad om å få han med til Storlia. Dei tok den hesten som var heime og køyrde snarast råd mot Storlia. Då dei kom fram til den farlege «brauta», låg hest og lass overende og Litle-Pål under lasset. Dei løyste hesten og fekk den på føtene. Så måtte dei forsiktig få lasset av Litle-Pål. Det var tunge stokkar som låg over han. Endeleg fekk dei han laus. Han fraus mykje, men det verste var at han orka ikkje å stå på eine foten. Den var knekt.

Dei la Litle-Pål på den ledige sleden og køyrde snarast mogleg heim og bar han inn i ei varm seng. Der vart han liggande i mange veker. Då han skulle prøve å stå på foten, var den skeiv.

Det vart ikkje fisketur med åttringen den vinteren for Litle-Pål.

I frå den dag dette hende Litle-Pål, har staden der vorte kalla Litle-Pål-brauta.

E.F.

Nogle optegnelser om gaardsbrugets utvikling fra 1860 til 1926 i Engesetdalen,

med angivelse av hvilke tid de forskjellige nye redskaber toges i bruk.

Da det for kommende slægter kan ha interesse, vil jeg efter hukommelsen i korthed notere hvorledes der i min tid har foregaatt forandring i driftsmaader og bytte av redskaber. Lige til i 60-aarene foregikk korndyrkingen paa den gamle maade at saa kornet paa upløiet ager og pløie det ned med de smaa gamle ploge med et lite jernbeslag paa næsen og som gjorde en liten fure paa høist 3 tommer dyp og saa maatte hele husstanden grave (hakke) hele furen og renske vekk ugress da plogen ikke gikk saa dybt at den løsnet ugresset fra roten. Dessuten var det paa mange gaarde saa meget stor sten i aakeren at det av den grund maatte hakkes en hel del som ikke gikk an at pløie. Det var havre og blandkorn det blev avlet, og enkelte gaarde ogsaa litt bygg. Naar det saaddes bygg, blev det gjødslet godt, likesaa til blandkorn, men aaret efter saaddes havre uten at gjødsle. Potetesdyrkingen foregikk i den tid meget omhyggelig. Man grov med grev furen som poteten sattes i og bar gjødsel paa med en dryfting (muldtraug) og saa grov man en tom fure som senere blev opigjengravet naar potetene blev hyppet.

Sidst i 60-aarene begynte det at komme fra Romsdalsmarkedet en ny sort ploger, visstnok forarbeidet i Gudbrandsdalen, som i stor mon overgikk de gamle. Den sort har tildels været i brug til for kort tid siden, og muligens eksisterer den enkelte steder den dag i dag, men den gamle maate aa «saa onde» og grave er omtrent aldeles slutt. Der er nu paa de fleste gaarde nye ploge og tidsmessige harver. Det var i 80- og 90-aarene den egentlige omskiftning av redskaber fore-

gikk. Jeg skal anføre at de første gjødselgafler som kom til bygden var et halvt dusin som jeg kjøpte hos Valendal i Bergen 1878 og som den gang kostet 1 dale (Kr. 4,-). Den første vollplog og rulleharv som kom til bygden var anskaffet av gaardbrugerne Elias J. Fylling, Ole K. Engeset og Petter I. Engeset. Det var i 80-aarene. Det er visst enda større forandringer foregaatt i omhandlede tidsrum med hensyn til benyttelse av maskiner i de forskjellige grene av gaardsdriften. Vi skal da først tenke oss fra den tid de trusket kornet med sluge og skjedde og drøftet det med en drøfting.

Jeg har ikke hørt omtale truskemaskiner før i 50-aarene, og da var det kun for handkraft, idet tvo mand skriftevis drog til saa og saa mange band ad gangen. Det var i almindelighet tre byte. Med hensyn til rensing begynte de nu at kaste kornet. Det varte endnu lenge før det blev almindelig brug av truskemaskiner. Men led ut i 60-aarene var der nogen som fant paa aa arbeide vandhjul og drev maskinen med vand, og dette blev almindelig gjennemført om det var mulig at skaffe vand endog med stor kostnad. Der hvor det ikke var mulig at skaffe vand blev endog anskaffet kostbare hestevandringer. Nogenlunde samtidig med vandkraftens ibrugtagen til træsking, blev der anskaffet maskiner til kornets rensing. Nu er det motoren som har avløst alle vandhjul, og det blir visst ikke lenge før den elektriske motor avløser parafinmotoren. Her i bygden er til dato ingen elektrisk motor anskaffet.

Den første slaamaskinen i bygden blev anskaffet af Petter J. Engset i 1896, den næste i 1898 av undertegnede. Nu er her visst 16 i bygden. I 70-aarene begynte enkelte at bryte og forbedre sine brug med nydyrking. Før hadde det utelukkende været brugt de gamle akerlapper, nogen fart i gaardsdriften blev det ikke før i hundreaarsskiftet da slaamaskinen viste folk at de gamle driftsmaater var forkastelige.

Om det kunde være av interesse for nogen i fremtiden at vite naar bygden blev ombygget, skal jeg i korthet ogsaa notere litt derom da det for en stor del har foregaatt i min tid. Før var det omtrent paa alle gaarde og i alle tun at det var et hus til hvert brug, særskilte bygninger for kjør, smaafe (gjet og sau), hesten hadde oftest et lite skur i laden. Det var ofte saa daarlig at man paa forbigaaende kunde se hestens omriss.

Denne ombygning begynte i 40-aarene og varte helt frem i 70-aarene. Da der i 50–60-aarene avholdtes forskjellige utskiftninger, foregikk visstnok den meste ombygning i den tid. Ombygningen blev

slik at kofjøs, smalefjøs og stald blev indbygget i ladebygningen, og det hadde mange praktiske fordele.

Beboelseshusene som før utelukkende bestod av røykstuer med aapen ljore og en grue i det ene hjørne for det meste med fordør, stue og et indkammer og tildels uten indkammer, ingen kjelder under undtagen et hul under stuegulvet til opbevaring av poteter og juleølet. Til kjelderen var ingen anden adgang end gjennem en luke i gulvet. Den første forbedring jeg kjender til med stuen var at der blev bestilt en kokeovn og innsatt i den gamle grue og murpipe ned på biten og ljoren igjentekt. Dette var i 1855 at min far foretog denne forandring. Først i 1870 blev det foretatt nybygning paa vaar gaard og der var endnu da mange røykstuer endog tildels med aapen ljore. Den siste røykstue i bygden blev visstnok først nedrevet i 1878.

Med hensyn til de levelige forhold i min tid er det om muligt enda større forandringer. I min ungdom og lige til i 80-aarene var folket i arbeide fra kl. fem om morgenen til kl. halv ti om kvelden, ja, før jul mens truskingen var uavgjort, var de oppe og i ilden allerede kl. fire om morgenen. Mens det stod på, fikk de ottebete. Det var en lev fladbrød med rømme paa til karene og en halv lev til kvinnfolkene. Den øvrige tid av aaret, undtagen i slaatten, var det ikke mat før der var kogt til frokost, og som regelen bestod av salt fisk, helst mort eller smaasei, poteter og tykk suppe av havremel. Efter frokost drog karene til skogs efter materialer eller ved, eller også efter høi. De hadde i de dage, især paa somme gaarder hadde de en del fjellslaatt. Jeg skal her nevne at der paa Engeset i de dage hadde hver sine fem høilader, og det var ikke alltid de rummet alt høiet i disse. Nu kommer der ikke ljaa utfor bømarken. Kvinderne gikk saa i gang med at stelle fjøsene for siden at ta fat med karde og rokk. Der skulde i de dage spindes stry til skjorter og uld til gang- og sengklæder foruten en hel del hamp til sjøredskaber som i de dage brugtes ikke alene av øieboerne men ogsaa inde i fjordene, da omtrent alle voksne mandfolk i de dage brugte være fisker enten på havet eller i Borgundfjorden. Alt dette maatte være ferdigt til jul, for efter jul maatte mendene gjøre ferdige sine sjøredskaber og kvinderne maatte da væve sitt garn for det skulde ogsaa for en stor del syes.

(Ovenstående skriv er forfatta av gamle Elias Ekrol, Engesetdal, i slutten av 1920-åra og ikkje kom dit det var tenkt.

Skodje Sogelag er glad for å verte disponent for det, for no er dette skriv stege mykje i pris sidan det var skrevet. *E.F.*

Ferdselsvegar

I frå den eldste tid vart vatnet den vissaste farveg – når det var farande.

Kvart bruk hadde naust og færing som dei brukte når vatnet var isfritt. Når vatnet vart islagt og isen kunne nyttast, vart det då den lettvintaste far-vegen.

Ville bygdefolket til Skodje vintersdag, gjekk dei isen til Barvika – eller Barvikneset, etter som det på land vart lettast å kome fram. Likeins når folk ville til Engesetdal, Stettevik eller Tennfjord.

Var vatnet isfritt, vart det vissaste å bruke båt. Det gjekk lang tid før det vart sle-veg frå Skodje om Fylling–Engesetdal til Tennfjord. Fyrst var det berre ein gangsti eller rideveg. Etter kvart vart denne noko omlagd og jamna til sle-veg for sommar- og vinterbruk.

Mellom Engeset og Fylling var det ein rideveg over Brunekleiva. Den tok til ved dei gamle tuna på Engeset, over Velkje–Rabelhaug forbi Storura, der Lars Paalsen Lille-Engeset fann sylvskatten i 1742. Vidare noko aust for tuftene etter «Brune-Kyrkja», og kom ned på Fylling-bøen like ved Brune-leet. Derfrå nedover bøane mot Løken – nord for Sætra og vidare i retning, ca. 40 m, litt nord for den noverande Fylling bru. Så gjekk denne sle-vegen eller ridevegen syd til Gytte-elva til eit kvernhus som stod der og til ei flaumsag, Gyttesaga. Derfrå vestover mot Reiteriset og ned mot den fyrste Skodje kyrkje. Denne vegen er avmerka på vedhefta kart over Store-Fylling.

Husmoryrke på ein gard

Av Petra Utvik, Glomset, Utvikbygd.

Å vera husmor på ein gard, er ikkje berre eit stort ansvar, men og eit rikt, allsidig og hugnadsamt arbeid, gjennom heile året.

Heilt frå fyrst i januar då ho skal prøva stella til julelag, og skapa fest både for slektfolk og grannar. Men for ei husmor er det ikkje berre det daglege arbeid, men det er oftast ho som skaper hugnad og trivsel i heimen både for unge og eldre. Den tid det ikkje var gamle- eller sjukeheimar, var pass og stell av dei gamle og sjuke – mange sengeliggande i fleire år – ho som tok seg av. Og mange gjorde det som ei kjær plikt.

Det var nok ikkje mange dagar ut i januar før anten rokken eller rennebom og vevstol vart tekne i bruk. For i «gamle dagar» som me seier, skulle det spinnast og vevast både til klede å ha på seg og sengklede. Det vart mykje arbeid når det skulle spinnast både til veft og varp til veven.

Til kvinneklede vart det vevd einskjefte, dei kalla, og til karfolka var det vadmål. Til sengklede var det og vevd alt. Ei jente skulle helst vera såpass at ho vevde brudasenga (som dei kalla det) si sjølv før ho gifta seg. Dei vart vevd av heimespunne farga tråd, med bordar i fine fargar og smett i mønster. Det finst sikkert fleire slike rundt på gardane på hundre år eller meir. Ullteppe dei brukte under kalla dei kvitel, det vart vevd av bomullsrenning og uttvinna ulltråd, oftast kvitt. Til andre tepper vart brukt tvinna og farga tråd og ofte vevd i ruter eller mønster. Det vart og vevd bomullsvev til skjorte og kjolety. Golvteppe av filler, av tråd med mønster i krokbragd og rosengang, til veggteppe og løper. Då var det godt å kunne farge med plantefargar. Til farging har vore brukt mose, orebark, bjørkelaug, gåseblom og røsslyng m.m. Tråden vart fyrst beisa med Alun og sume farga, med vinstein og.

Når ein skulle sette opp vev, måtte ein fyrst vite kor brei den skulle vera og kva vevskei ein skulle bruka. Ei 12 basme var til golvteppe,

Eit mykje vakkert bilete av Straumen, Digernes, Innvik, Utvik, Natvik og Mørkeset.

ei 20–22 basme til dukar. Ei basme var 20 tenner i skeia, og var der 12 basme på ei alen, var det 12 basme. I den nyare tid vart det rekna etter kor mange tenner på 10 cm. Så til dukar vart det rent ca. 1200 rensler.

Det vart vevd gardiner, handdukar, laken, dynetrekk og dukar i halvlin. Skulle dei syast saman på midten, måtte ein vera særs aktsam med mønsteret. Var ein så heldig å ha dobbel vevstol å få setta opp veven med kontramarsj, kunne ein veva dei finaste damaskmønster. Det var eit så interessant og festleg arbeid at timane gjekk så altfor fort, til det var fjøstid og alt det andre som skulle takast hand om.

Fram på vinteren i februar/mars, kunne det verta ei vekes stogg med veving eller spinning. Dei fleste gardar hadde ein moldteig. Då skulle det køyrast mold så den fekk frysa og turka til hausten, då den vart køyrd inn i sauefjøset og under kudungen. Var det ikkje nokon anna til å køyra, så måtte husmora taka jobben med å køyra lasset frå myra og heim på velteplassen. Og det skulle helst ikkje vera under 100 lass. Ho kunne og vera god å ha med i skogen og draga i tverrsagbladet når ei furu skulle fellast, eller henga på toget når det var ei som ikkje ville kanta rette vegen.

I fjøset vart det oftast meir å gjera utover våren. Det kunne verta mang ei våkenatt, både under kalving og lamming. Var det følmerr på garden, vart den passa i skift siste døgera til følet var kome.

Dei gamle trudde høyet vart drygare når det vart drege med hand. Så dei stod ved høystålet og drog med ein krok. Høyet skulle ristast i hersåldet, ei firkanta kasse med mange runde hol i, som hengde på ein av stavane ved låvegolvet. Høyet skulle (viskast) lagast vandlar av, med høysnar rundt til mjølkekyrne og med halmsnar rundt til ungdyr og turrekyr. Det snaret skulle vera så sterkt at det skulle halda når ein hadde vandlane opp over venstre arm, før fjøslykta måtte ein bera i høgre ned løetroppa og inn i fjøset.

Høyfrøet under hersåldet vart bore i eit stort forkle ned fjøset og hatt i trebytte, til høyfrøsørpe med lunka vatn på og ein neve mjøl. Kyrne fekk det til middagsmat, med ein hovandel attpå. Hesten fekk halmsørpe med mjøl på..

Løa var oftast oppmerka kor stort høystålet skulle vera til visse tider. Dersom høyet minka for fort, hende det nok at matmor måtte ta seg sigd og sekk og gå på skogen etter lyng, for å dryga på foret. Og den vesle gråkolla åt og var fornøgd. Seinare vart det laga djupebryt i mange løer og brukt høykniv. Då det vart silo, vart husbonden meir med på foringa.

For dei som turka klippfisk, kom den oftast i april og då var heile huslyden ved sjøen. Færingen vart teken bort på eit berg eller til ein steinplatting, støtta opp og fylt med sjø. Saltfisken vart lagt opp i. Det vart brukt kost og vottar til å vaska med. Og det kunne ofte vera ein kald jobb. Fisken som var vaska vart lødd i ein rund stabel til kvelden. Når det så vart godt ver, vart den boren utover berga og skara tett for å turke. Borna var ofte flinke å hjelpa til med fisken. Mange huslydar turka fleire tusen, og det var ein kjærkomen attåtskilling. Men den måtte utover berga mange gonger før den var turr.

Mange gonger var ein ikkje før ferdig med fiskevasking og ragging av fisken, så vart det å taka til med våronna. Dei fleste hadde store kornåkrar, bygg, havre og sume kveite og. På åkrane skulle det køyrast naturgjødsel og då var ofte husmora den sjølvskrivne til å lesse. Borna måtte hjelpa til når dei kom frå skulen. Å breia på åkrane måtte dei hjelpa til med så snart dei var store nok til det. Likeins å setta poteter. Gjødsla som var køyrd på marka måtte rakast, all småslåtten rakast rein for lauv og kvister. Det vart raka bort på same tuva, år etter år, og stod som såter ved bjørkeleggen.

Petra og Martin Glomset tek imot paskyning for godt utført arbeid i fjøset.

Når så kyrne var sleppt i utmarka, til sommarfjøs eller sætra, skulle fjøset vaskast og skurast og murvegger kalkast.

På mange gardar leigde dei ut husrom til byfolk om sommaren, og mange av dei budde på same garden år etter år. Då vart det fyrst nedvask av kjellar og stabbur, for sume flytte dit, for så å vaska heile huset som skulle leigast ut. Når det var unnagjort, kunne husmora få nokre dagar til å sy nye og stella på klede, eller sy vevane frå vinteren (om ho ikkje hadde rukke det før). Likeins baka flatbrød og lefse til slåtten.

Slåtten tok oftast ikkje til før i juli, men då vart det arbeid for alle. Den tid dei turka alt høyet på marka, var det nok mest husmora som måtte breie graset, men borna måtte hjelpa til med å snu graset i middagstida. Då gjekk heile huslyden etter kvarandre med kvar si rive og tok kvar sin skåre. Om kvelden var det aldri fritid for borna før høyet var kome i såter. Var det turrhøy å køyra, måtte dei trakke lasset. Så måtte husmor skunda seg til sæters eller sommarfjøs for å

mjølka. Kom kyrne, gjekk det greitt. Men skulle ho attpå ein travel dag til fjells og gå ei mils veg eller meir i fjellet før ho kom heim med buskapen ved midnatt, og så mjølka, kunne det verta i striaste laget. Mykje tungt vart det ofte bore på bringetre frå sætra. Var det lite karfolk på garden, måtte ho ofte taka ljåen og hjelpa til både med småslåtten og hoslåtten.

Å hogga bjørk, kvista og bitta lauvkjerr, var årvisst arbeid. Det skulle lagast så mange lauvkjerr at sauene hadde til middagsmat heile vinteren. Dei vart oppsett eller opphengd rundt om i løa til tørk.

Når byggen var mogen, måtte sigdane slipast og dei av huslyden som kunne, måtte vera med. Borna vart tidleg lærde kor dei skulle laga til bandet rundt bundene. Om kvelden vart bundene kasta i raubend (store såter) på åkeren, for seinare å hesjast. Når så alle kornsortane var komne i hus, måtte løa ryddast for lauvkjerr. Dei vart oftast lødd på eit småhøystål. For løa måtte vera ferdig til å taka inn korn om det vart ein dag med sørleg vind (kønterre). Ei husmor skulle kunna å legga opp kornstålet skikkeleg. Det skulle ikkje ligga aks ned til golvet eller ut i kantane. Kvar sort skulle lødast for seg slik at ein kunne treska dei utan å blande dei i hop.

Når så korn og poteter var i hus, bar det på fjellet etter sauene og då vart det klipping og slakting. Alt som kunne nyttast, skulle takast vare på og ingen ting verta skjemt, det måtte ei husmor syta for. Nyretalga vart brukt i blodpølsene, nitja vart stråla salt på, samanrulla og opphengd til tørk for seinare bruk. Talg som var plukka av tarmane vart mala, koka og sila og brukt til matfeitt. Var det noke feitt som ikkje vart bruka til mat, vart det samla og brukt til å koka såpe av. Det var mang ein kald jobb å skylja tarmar. Var ein så heldig å ha ei elv, var det best. Men tarmane måtte skåldast etterpå i varmt vatn og skrapast på ei fjøl med kniv for å få dei blanke og fine. Etterpå vart dei lagd i kaldt vatn med litt kalk i. Dei gamle brukte både huva og maslaken til å ha pølse i. Det kunne slik verta mange rare pølsestubbar på bordet.

Nokre av slagsidene vart nytta til å sy rullar av, men det var såvisst ikkje lett å mala mørmaten med handkvern.

Trusking av kornet måtte ofte venta til det vart regn og nok vatn. Då vart vasshjul og snorer sette i stand. Truskemaskin og ristar sette på plass og haka fast. Når så vatnet vart slept på vasshjula, tok husmora plass i kornstålet for å løysa opp kornbanda og legga fram til husbonden som gav maskinen. Borna tok halmen frå ristaren og fekk den i halmstålet – arbeidet gjekk med liv og lyst.

Fru Petra og Martin Glomset i høyslåtten i Utvika.

Seinare vart det brukt oljemotor, og truskinga kunne vera travle dagar. Kornet vart etterpå hatt gjennom drøftemaskin for å få det reint for agner og ugrasfrø. Det som skulle malast, måtte fyrst turkast. Om grua var på kjøken eller i kjellar, så vart ei stor jarngryte oppmura med steinar. (Den kunne vera ca. ein meter i tverrmål). Den skulle stå slik at fremste kanten var mykje lavare enn andre stader. Når det så vart fyrt under og ca. tre bytter korn vart hatt oppi, brukte dei eit skaft med eit trestykke på som ein halvmåne, til å skufla i kornet med så det ikkje skulle verta brent.

På mange gardar hadde dei den tid ei kvern og dei som var godt stelt, mol verkeleg godt mjøl. Det var ei stor glede for ei husmor når ho fekk det nye mjølet på stabburet og kunne få baka flatbrød, ofte i store stablar til vinteren.

Men så måtte ullakardar og rokken inn i stova eller kjøken på nytt. Borna måtte hjelpa til med å karda ulla, for når det skulle spinnast og tvinnast alt strikkegarnet som vart brukt til huslyden, vart det travelt for ei husmor å greia det åleine. Ho skulle stella mat, klede, hus og fjøs og andre ting ho måtte taka seg av.

I kvar bygd var det oftast ei kvinneforeining. For mange år attende var det ikkje alltid lett å koma fram etter vegen om vinteren. Dei måtte gå for det meste. Men sume tok hest og slede så fleire kunne få sitja på. Køyrde dei hestar etter kvarandre med dombjeller, kunne det vera reint festleg, sjølv om snøskavlane truga med å velta lasset. Festleg var det og når kvinneforeiningsbasaren vart tilskipa i skulehuset og alt bygdefolket møttes festkledde.

Ikkje alltid var det lett å koma seg til kyrkje heller. For mange var det berre færingen å fara på. Frå Glomset gjekk dei over fjellet til Flåte, der dei hadde kyrkjebåt liggande. På den vegen er der ei klopp som heiter Kyrkjekloppa og eit led som heiter kyrkjeledet. Frå Brusdal og Reiakvam gjekk dei over fjellet til Utvik og fylgde kyrkjebåtar derifrå. Det har vore fortalt at dei frå Reiakvam gjekk opp på fjellet på Slettebakk og innover fjellet, der heiter det kyrkjevegane enno. Når dei så var komne i kyrkjebåten på heimveg, var det godt om ei husmor hadde nistekorg med lefser i.

For mang ei husmor gjekk nok tida fram mot jul så altfor fort. Det vart mang ei kveldsete med strikking og sying så alle skulle få noko nytt til jul, det var ikkje alltid så mykje å kjøpa for.

Vart det slakta gris, skulle det kokast smult, lagast syltaflesk, leverpostei, svinemør og juleribber.

Julelefse skulle bakast, det var helst snikalefse – og søst skulle kokast. Alle rom i huset måtte vaskast. Når vegger og golv skulle skurast, brukte dei ein kvit sand til å skura med saman med grønsåpe. Så når jula nærma seg, anga det nyskura furuvegger. Alle halmbolstrar skulle i løa og tømast og fyllast med rein ny halm – og reine eller nye tepper i alle senger. Borna laga juletrepynt av papirstrimlar, lima saman til lekkjer med fiskelim.

Veslejulaftan skulle alle badast, men det var nok helst ein stor stamp på kjøkengolvet som var badekar. Vatnet vart varma på komfyren eller i grua.

Å steika julekake var ikkje alltid lett, for dei fyrste komfyrane som kom, var slik at ein måtte fyra med lauvris til undervarme.

Men når julekvelden kom, og alle sat reine og pynta kring bordet, var all møda gløymt. Om ikkje husbonden tok Bibelen og las julevangeliet, kunne husmora sjå det som si store oppgåve å gjera det og likeins styra songen. Når så maten kom på bordet, saueribbe, svineribbe og nydampa poteter, smaka alt så forunderleg godt.

Julegåvene var oftast noko nytt av klede, men for borna kunne spaninga vera stor.

Biletet er av Brusdal og gardane der. Ein ser og garden Brusdalsfjellet.

Når så huslyden samlast kring juletreet og song dei kjende, kjære julesongane, var det fest i stova.

Juledag var høgtidsdag fram for alle dagar. Då skulle dei som ikkje for til kyrkja vera kvar hos seg.

Mange hadde ein huspostill dei las or på sundagar, då måtte borna sitja stille og høyra på. Og i den vart fødselsår, dato og namn ført inn, etter kvart som huslyden vaks.

Mang ei husmor har kunna synge med Matias Orheim:

Eg har ei teneste stor for Gud
Frå dag til dag i det stille.
Der kvardagskleda vert høgtidsskrud
Og livsens småting so gilde.
Ja, skal eg eingong det store få,
Eg må med truskap i alt det små
I Jesu fotefar lydig gå
Og vilja det Jesus vilde.

Når då eg spør meg kvar arbeidsdag:
Kva vilde Jesus vel gjera?
Så giv han livsmot og arbeidslag,
Så livet provar mi læra.
Om av og til det vert kvardagsgrått,
Så det i striden går tungt og trått,
Med bøn og Bibel vert allting godt
For Jesus vil krafta vera.

Så er mi teneste stor for Gud.
Og heimen han er mi kyrkje
Der arbeisdtrøya er presteskrud.
I alt mitt ærlege yrkje.
Så er det heime i stova fred.
Til alt mitt arbeid stig englar ned
Dei har Guds rike velsigning med
Som dagen så er min styrke.

Petra Utvik Glomset, Utvikbygd.

Omsetning av landbruksvarer og forbruksvarer «Kremmerhandel» – landhandel – innan Skodje sokn frå eldre tid og til 1980

For folk på bygdene og øyane vart det tidleg heilt turvande å reise til marknadsplass eller kjøpstad for å få selje – eller byte – sine eigne varer dei hadde til overs, for å kunne kjøpe eller byte til seg slike varer dei sjølve ikkje hadde nok av – t.d. mjøl, korn, salt, sirup, homle, jarn, spikar og mangt anna.

I Borgundkaupangen, og rundt der, var det fleire handelshus som handla med folk frå bygdene. Dei bøndene som hadde store båtar – åttringar eller jekter, dei drog til Romsdalsmarknaden eller reiste heilt til Bergen eller Trondheim for å handle.

Omkring midten av 1600-talet finn ein handelsmann på Abelset–Stordalsholmen og i Honningdal. På desse stadene var det folk av same ætt som handla. Dei var ofte lensmenn og t.d. Laurits Abelset. Sonen og vart lensmann. Men det vart dårlege tider – også for handelsfolk – så handelen kom vekk frå Stordalsholmen, konkurs 1788. Det var Jan Høyrup. Han flytta så til Honningdal og fekk opphald der med si slekt.

Abelset-ætta var knytt til ætta Mecklenburg, som vart eigarar og brukarar i Honningal til fyrst i 1800 åra. Ca. 1850 var det visst slutt med slekta der, dei flytta visst nokon til Vegsund og andre til ÅLesund.

1. Hans Strøm skriv at i 1750 var det eit «Kremmerleie» i Honningdal.
2. Tomas Hamond var handelsmann i Honningdal 1811.
3. Ole Honningdal var handelsborgar ca. 1818.
4. 1803 fekk Kr. Wallin rettigheit å drive kremmerhandel i Sundsbakk, og eit gjestgiveri. Husmannskona der skulle stå føre det.

Året 1791 kom det forskrifter for «Kræmerhandel» som vilkår for å handle.

Det var tillatt å føre slike varer:

Salt, Hvede, Rug, Malt, Havre, Erter, Gryn, Meel, Humle, Tobak,

Hamp, Strye eller Blaar, Lin eller Hør, Taugverk, Leer eller Snøre, Sedgarn. Alle slags Fiskeredskaper, Jern eller Staal-traad, Sirup, Slipestene, Øl, alle slags Brød og etande varer. Blekk-pulver, Pennefjærer og Papir. Fine og grove Kammer,grove Hatter, grove Lerreder, Vadmel, Segl og Klæverdug. Læder, Hægter, uldne Huer, Gryder av Jern, Sæle, Angler, Krudt, Skydegeværer, Bly til fiskestene og andet brug. Hoger og Karder til Uld, Hegler, Karde og Knive, Knappenaale, Synaale, Syringe, Fingerbøller, Sagblade, Filer og Rasper, Bord. Sylespidse, Bauteller, Flasker og Glass, Høvler og Huggjern, Spiker eller Søm. Mølle-stene, Bøsse-stene eller Flintelaas-stene og Brynestene. Skjæreredskaper, Krukker, Kruse, Fade, Talerkener og Skaale av indenriks Stentøy, Tobakspiper, Almanakker og Bøker, Kompasser og Landkart. Brædder og Trematerialer til Hus- og Baat-bygging, samt Tønder og Foustasjer som holde den anbefalede merke. Saa og farvestoffer eller de til farverier paa Landet utfordrende vare, og må han ikke handle med andre end anførte vare, men skulde han derimot forse seg, skal varene være Konfiskerte til Angiveren og han dessuten betale en mulkt av 10 riksdaler til de fattige, som av Amtmanden hæves og utdeles, likesom han og naar han for saadan forbrytelse befindes at være straffet 3 ganger, skal foruten Bøtene og Varenes Konfikasjon, have den Vaar aller naadigste Bevilling forbrutt. Vor hos han skal tilforpligtet være at forsyne seg med gode, sunde og for almuen tienlige varer, og samme til dem som det maatte forlange med rigtig maal og vekt i mod billig betaling falholde og utsælge, samt sig ellers imod alle og enhver opføre, at ingen billig Klage over han skal foraarsages, og i øvrigt holde sig til de om Kremmer-handelen utgangne Anordningen og befalingen efterrettelig.

Givet paa København Slott den 7. okt. 1791.

Frå ca. 1850 og framover var det mange som reiste rundt på bygdene i «Omførselhandel». Det var helst einslege mannspersonar som hadde ei stor, men lett skreppe av tynt mjukt vasstett skinn. I denne skreppa hadde han litt kle-byte til seg, og så med det rømde – småvarer til å handle bort. Denne skinnskreppa kunne verte tung å bere lenge, sjølv om den var godt laga. Det var utruleg kva dei selde. Mange og lange turar reiste dei, sumar og haust, før snøen la seg.

Sylfest og Siri Fivelstad – som hadde stove ved fylkesvegen på Fylling, hadde to søner og ei dotter. Begge sønene var «skreppekarar frå dei var unge. Den eine, Rasmus, kom til Sunnylven att då han vart

gammal, fekk plass på aldersheimen der. Der døydde han og etterlet seg mange pengar. Den andre guten til Sylfest reiste og ut som skreppekar som ung, men dei høyrde ikkje meir frå han.

Omkring 1900 talet var det ikkje sjeldan det kom skreppekarar. Dei låg oftast på låven. Ofte var her store fylgje av omstreifarar og – opp til tre einingar/familiar. Desse hadde som regel minst ein hest dei køyrde med, og i vogna var det born og skrepper i mengd. Om desse vart det sagt «Taterfylgje». Desse pusla og med omførselhandel, særleg kvinnene. Karane dreiv klokkehandel eller byttehandel. Dei var oftast «uønska» desse taterfylgja, særleg haust og vinter, for i den tid var det ingen som kunne huse dei i løa.

Frå ca. 1870 og ut i fyrste del av 1900, vart det her i Skodje fleire som byrja med kremmerhandel/landhandel i den tid. Men det var helst i det små.

Natvik

År 1906 starta Hans Natvik med landhandel i Natvik.
Det var no i det små, men dei handla med margarin, kaffi, sukker, mjøl, gjær, parafin, sirup og andre varer.
Dei slutta årsskifet 1962–1963.

Fylling:

6. 1865 tok Oline Nilsdatter Fylling til å handle litt i stabburet til faren, Nils Olsen f. Øie.
   Dei hadde ein liten husmannsplass, med stove, løe og stabbur. På stabburet handla ho truleg i 20 år, med kringler, kaker, margarin, sukker, tobakk, parafin, tråd og meir. (Kremmervarer).
   Stabburet vart seinare flytt til Kvennabakken. Stova til Storsæter.
   Oline hadde ei dotter, Helene, ho fekk gå lærarskulen i Egersund og vart seinare lærar i Hardanger.
7. Ole D. Glomset byrja handle ca. 1905 på stabburet på Leita. Der handla han i to år.
8. Martinus K. Glomset byrja då å handle på Glomset. Han hadde ein motorbåt til å frakte sine varer sjølv. Handla til ca. 1913.
9. Så kom Kristen K. Glomset heim frå Amerika. Han bygde seg eit lite hus og handla der. Han hadde vanleg landhandel, med litt kraftfor og malarvarer. Ca. 1943 tok sonen Karl Glomset over.
10. I 1935 byrja Knut K. Glomset å handle på Flåte – landhandel.
11. P. O. Glomset byrja handle i 1939 i eit lite hus nær vegen. Han

bygde seg nytt hus i 1949 og dreiv landhandel der. Han kjøpte seg bil og køyrde varer rundt til Valle, Håhjem, Flåte og Svorta. Formjøl og kunstgjødsel leverte han og. Han slutta 1. november 1964 og selde huset.

12. Svorta Landhandel – Jon Bruteig, Svorta – byrja 1953 og slutta handel 1974. (Handla med kunstgjødsel og kraftfor).
13. Valle matsenter, eigar Adolf Brandal, starta kolonialhandel 4/4 1974.
14. Amund Larsen, Valde, Kleiva-Amund, byrja å handle ca. 1900, på bakarvarer, kaffe, tobakk og gjær.

Han rodde frå Valle til Tyssa og hadde med ei dragarvogn. Den tok han med til Sjøholt, kjøpte noko varer som han drog til Tyssa på dragarvogna. Rodde derifrå til Vallenaustet og drog til gards desse varene. Det er fortalt at det var mange gjærpakkar bestilt for 3 øre, 4 øre og 5 øre. Men han heldt god greie på desse bestillingane. I gangen i huset stod ei kiste som var varelager.

15. Alf Valde starta med krambuhandel 1928 i kjellaren til Helge Fremmerlid. (Leigd rom). I 1932 bygde han nytt forretningsbygg og bustadbygg like ved Fremmerlid sitt hus, i Skodje sentrum. Der heldt han fram med handel. Han kjøpte opp mange kasser som han leverte til forbindelsar han hadde i eksportnæring.

I landhandelen sin førde han dei vanlege varene. I 1934 selde han hus og forretning til Peder Skaue, Skodje.

16. Johan Stette byrja å handle i kjellaren til Sivert Stette i året 1926. Vanleg landhandel. Jonas Stette overtok i 1930, men bygde nytt forretningsbygg og bustadhus på Stette i 1934. Vanleg landhandel og tidhøveleg butikk. Han slutta i 1962 og overdrog til Per B. Vadset eigedomen og forretninga i 1967.
17. Marius Ekremsvik starta i oktober 1962 Eikremsvik Landhandel, Stettevik. Vanleg landhandel.
18. *Skodje Samyrkelag,* skipa 22. mars 1946. Formann Oliver Skodje. Styremedlemer: Ingebrigt Berg, Peder Fylling, Ottar Grindvik, Karl P. Skodje og Kristian Eidskrem.

    Tilsette styrarar: Knut Haugland 1946–1951. John Støle, Stordal, 1951–1967. Endre Sæter, Øksendal, 1967–1979.
19. *Engesetdal Samyrkelag,* skipa 2. mai 1947. Formann Einar Beite. Styremedlemer: Peter S. Engeset, Oluf Skar, Oliver Skodje og Knut Haugland.

    Tilsette styrarar: Ragnvald Hestenes 1947–1949. Bjarne Hoel 1949–1950. Sigurd Erstad 1950–1979. Per Bleken 1980.

Engesetdal Samyrkelag

På nyåret i 1946 var det at Sverre Hugås frå Norges Kooperative Landsforening, Ålesund, for rundt til ymse bygder på Sunnmøre og fortalte om kooperasjonen og skiping av samyrkelag.

Han kom og til Engesetdal og holdt møte på skulehuset. Dei som var til stades vart oppglødd over tanken, og det vart vald ein komite til å arbeide med skiping av eit samyrkelag for bygda.

Da dette var like etter verdskrigen, var dei ikkje avskaffa alle forbod og påbod som vart under krigen. Mellom anna var det forbode å byrje med forretning i dei bygder der det var handel frå før. Dermed fann den valde komite å måtte innstille sitt arbeid.

Men då Skodje Samyrkelag fram på sommaren 1946 sette i gang med handelen, vart det på nytt mann og mann i mellom snakka om, at det måtte verte eit lag i «Dalen» og.

Såleis vart det til at Einar Beite og Ludvik Stige vende seg til styret i Skodje Samyrkelag med tanke om ein kunne kome til eit samarbeid. Dette var då framme til drøfting på eit styremøte og seinare på eit omframt medlemsmøte i Skodje Samyrkelag som ville vere med på samarbeid.

Det vart såleis oppsett ei kontrakt mellom laga, slik at Skodje stod for driften også i Engesetdal, med like rettigheitar for medlemene, anten dei høyrde til i Engesetdal eller på Skodje.

Den 2. mai 1947 vart det halde skipingsmøte på skulehuset i Engesetdal, der det vart samrøystes vedteke at laget skulle heite Engesetdal Samyrkelag. 26 personar var til stades og skreiv under protokollen.

Til formann vart vald Einar Beite, og til styremedlemer Peter S. Engeset, Oluf Skar, Oliver Skodje og Knut Haugland som då var styrar på Skodje.

Forretninga vart opna første august 1947 i kjellaren til Lars B. Ekroll. Ragnvald Hestnes, Syvdsbotn, vart tilsett med ei løn på 150,00 kroner for månaden og fri kost, hus, lys og varme. For kosten betalte laget kr. 85,00 og for hybel kr. 15,00, alt for månaden.

Omsetnaden for dei fem månadene som var att av året, kom på 25 000,00 kroner, og for heile neste år på 82 000,00, alt brutto. Det tykte alle var bra.

Men ein var alt frå skipinga av klar over at laget måtte ha eige hus, og den 7. juni 1952 var det 25 medlemer av samyrkelaget som gjekk saman og skipa Engesetdal Byggelag. Formålet med laget var å bygge forretningsgård til samyrkelaget.

For å kome i gang, vart det vedteke å teikne lutar, og at medlemene av byggelaget skulle utføre arbeidet mest mogleg sjølve.

Det vart av og til tala om korleis dette ville gå. Men alle var flinke å møte fram og første desember 1954 fekk laget flytte inn med handelen.

Distriktsrevisor Ness skreiv då i revisjonsmeldinga til samyrkelaga:

«Når det gjelder løsninger av slike store oppgaver som oppførelse av ny forretningsgård, så stiller det sterke krav til medlemmene om kapital og samhold – ikke minst det siste. I Engesetdal har de vist hva samhold og tro på tiltaket kan utrette.»

Hausten 1955 vart fryseriet i kjellarhøgda montert, og i april 1960 vart dei to husvera i andre høgda ferdig til innflytting. Dermed var heile huset i stand, og den 15. mai 1968 vart bygget overteke av samyrkelaget i Engesetdal og Skodje.

20. Ole Andreas Larsen Skodje, starta med landhandel på Skodje, like i vegkrysset – fylkesvegen aust–vest i Skodjebygda, og mot vegen til Engesetdalen. Han fekk tomt av faren og bygde eit kjekt lite hus i 1880, med bra kjellar under. Der vart bygd bakaromn. Ein bakar Nes dreiv der nokre år. Så kom bakar Anbjørnsen nokre år, til han bygde seg nytt bustadhus like ved. I kjellaren der var bakeri og utsal.

Ole Andreas Larsen Skodje handla i fyrste etasje i 5–6 år, til han selde det til lensmann A. J. Landmark, han vart buande der nokre år til han vart lensmann i Sund, Romsdal.

Ole Andreas slutta landhandel og overtok ein gard på Skodje.

21. Johannes Olsen Vadset byrja landhandel i 1892 på eit stabbur på Korsvegen i Skodje sentrum.

Johannes Vadset var utlærd skreddar – og det faget nytta han når det av og til var stillare ykter i handelen.

I 1894 flytta han inn i nytt bygg til handel og til bustad. Nybygget er i sentrum av Korsvegen, Skodje. Dette nybygget var utvida des. 1935. Leiinga overtok sonen Johs. Vadset i 1936. Forretninga vart modernisert til sjølvbetjening i 1966.

Johannes Vadset d.y. overtok leiinga 1. januar 1976. Forretninga er velassortert i landhandel, men omset mykje kunstgjødsel, kraftfor og silosyre.

Firmaet hev varebil og køyrer rundt bestilte varer til mange grender. Og det er til nytte for mange.

22. Peder Amundsen Skaue var landhandlar i Skodje. I 1912 bygde han seg nytt bustad- og forretningsbygg ved sjøvegen i Skodje, ca. 80 m frå Korsvegen, Skodje.

I den tida var person- og varetrafikken over kaia ved sjøen. Omkring 1926 vart det slutt med båtruter til Skodje, og forretninga til P. Skaue kom no for langt frå trafikken. Peder Skaue leigde då kjellaren til Ole P. Skodje på Korsvegen. Han innreidde den til forretningslokale, men kjellar var kjellar og vart ikkje tidhøveleg.

I 1934 vart eit nytt forretningsbygg som Alf Valde hadde sett opp og byrja landhandel i, frambode for salg. Dette står nær sentrum i Skodje ved fylkesvegen mot indre Skodje.

Peder Skaue kjøpte hus og forretning og handla der i fleire år.

1. juni 1946 starta Skodje Samyrkelag i Peder Skaues bygg. Skodje Sykkel og Sport hadde forretning der til 1978 og deretter kom Skodje Manufaktur A/S.

23. Grindvik Kjøpelag vart starta 1914/15 og stabburet til Ole Løvoll vart nytta til lagerhus. Laget hadde sin rekneskapsførar og ei tid var det Edvard Grindvik som førde bøkene. Det var ymse daglegvarer av grovare slag dei førde.

Kjøpelaget var i gong til ca. 1926.

24. L. P. Fylling, Landhandel, starta 1881 i Olmanngarden, nær Skodje Kyrkje – i rom han leigde av Amund Skodje.

    År 1888 kjøpte han seg stort jordstykke og bygde seg forretningsbygg og bustadhus i eitt. Dette jordstykket var frå fylkesvegen mot Engesetdalen, og andre sida til fylkesvegen gjennom Skodjebygda – austover frå Korsvegen. Eigedomen vart kalla Bøhagen. Han hadde ein jordteig i Skodjemyrane og, då hadde dei nok for til ei ku. Fjøs og løe bygde han nær bustaden.

    År 1890 bygde L. P. Fylling ei stor sjøbud ved Skodje-sjøen. Denne vart nytta til mjøllagring og for salt og andre varer. Den vart og nytta til lagring av tunner som han hadde tekje imot i byte for varer bygdefolket trongde. Tomta til denne sjøbuda vart – etter overenskomst med Bernt og Peter K. Ytreskodje. I lang tid var denne forretninga godt driven. I dei siste åra er butikken driven under namnet «Fyllingbua».
25. Bakar Anbjørnsen tok til å bake ca. 1905 i Waagene sitt bakeri, Skodje. Men etter eit par år bygde han hus med bustad, bakeri og utsal i same hus i Skodje sentrum. Frå 1958 leigde bakar Langnes bakeriet og butikken.
26. Engeset Handel A/S starta 23.juni 1928. Frå 1. januar 1953 overtok Petter I. Engeset alle aksjar og dreiv Engeset Handel. Han bygde nytt forretningshus i 1974.
27. Johan P. Engeset byrja med handel ca. 1905, men slutta ca. 1927. Han handla i kjellaren.

Desse her før oppførde landhandlarar eller «Kremmerhandlere», var mest alle som *selde varer* til bygdefolket.

Etter 1900 var det berre tre handlarar som kjøpte varer av bygdefolket. Varene dei tok i mot var rogn- og sildetunner og sild- og fiskekasser for eksport. Og det var då helst i varebyte. Den som byrja fyrst med dette, var L. P. Fylling for han hadde ei god sjøbud ved Skodjefjørne som høvde godt for lagring av slike varer.

Men kvar skulle bygdefolket få selje liv-dyr? Det vart ikkje alt som kunne seljast i bygda. Det vart både hest og ku. Kyr som skulle kalve på haustparten var oftast lett å selje midtsommar eller seinare. Men vår-bærkyr var vanskeleg å selje til andre enn dei som hadde gode hamningar. Slakte-kyr og oksar var ikkje lett å selje. Ein måtte prøve å tinge bort kjøtet og så slakte heime. Det vart oftast å prøve å få omsett det i Ålesund. Likeins var det med omsetning av slaktegris. Men i Ålesund var det ikkje marked for alt flesk. Etter at hurtigrutene tok til å gå på kysten, og jarnbana vart bygd til Trondheim og

Stavanger, var det mogleg å sende griseslakt til Oslo. Det var mange som nytta det.

Livdyr-markedet var bra «røkta» av lokale folk (handlarar). Omsetning av unghest og arbeidshest var eit yrkje som mange prøvde seg på. Men ikkje alle kom vel ifrå det. Det var visst vanskeleg å berge si ære og sine pengar i dette yrkje. Dei måtte reise på dei fleste marknader i Vestlandet, Austlandet og Trøndelag. Det var mykje slitsamt, og det høvde heller ikkje for truskuldige folk.

Som hestehandlarar av yrkje i den seinare tid kan nemnast Oluf Skar. Nokre som av og til handla, var Ivar P. Engeset, Petter P. Midtlid og Petter P. Valde, alle frå Skodje.

Skinnhandlarar var her og nokre av i kvar bygd. Dei kjøpte for store firma i Ålesund eller Bergen.

Smør og ost var truleg vanskelegaste varene å omsetje, før ein fekk smørmeieria utover bygdene. Enkelte kunne vere heldige å få seg faste avtakarar av smør, men mange måtte gå og bere smørdallar frå hus til hus i Ålesund for å finne nokon som ville kjøpe smør. Var ein heldig, kunne ein treffe ein kjøpar som likte smøret, så fekk ein seg ein kunde for lang tid. Likeins med osten.

I dei siste 50 åra har det ikkje vore vanskar med omsetning av kjøt og mjølk. Sunnmøre Slakteri og Sunnmøre Meieri omset alt bøndene kan produsere av kjøt og mjølk, til brukbare prisar.

Prisane på liv-dyr har vore svært skiftande – og tilsvarande på kjøt og mjølk.

Prisar på hest på Syltemarknaden: (Etter noteringar av K. Fagervik).

1879 Høge hesteprisar.
1886 Svært låge hesteprisar, kr. 22,- til kr. 80,- for vintringar.
1887 Fekk ikkje bod på hest.
1888 For 3 og 1/2 års hest – 9 kvart – vart boden kr. 75,-.
1894 Mykje folk, men spakt på alle vis.
1895 Hesteprisane tolleg bra.
1896 Hesteprisane høge, kr. 210,- for vintringar.
1899 Ringt på marknaden, kr. 200,- for bra åringsmerr.
1904 Lite hest, mykje tater.
1906 Fekk ikkje bod på følet.
1907 Lite hest, høge prisar.
1908 Prisane gode, kr. 300,- for 9 kvart åring.
1914 Selt føl for kr. 180,-.
1915 Selde hestføl for kr. 250,-.

P. A. Lillebø, Sunnylven, skreiv om hesteprisane og anna:

	År 1800	*År 1850*	*År 1900*
1 hest	kr. 48,-	kr. 72,-	kr. 300,-
1 ku	kr. 16.-	kr. 20,-	kr. 60,-
1 sau	kr. 2–3,-	kr. 3–4,-	kr. 12–20,-
1 geit	kr. 3,-	kr. 3–5,-	kr. 10–15,-
1 mark smør	kr. 0,14	kr. 0,20	kr. 0,35

I fyrstninga av 1700 var ei årsløn for dreng 6 daler og 8 skilling i festepengar.

I dei fleste bygdene var det «heimeslaktarar» som gardbrukarar fekk leige til slakting av dei dyr som skulle slaktast, for salg eller til eige bruk. Dette var før Sunnmøre Slakteri vart skipa. Her var innan Skodje sokn, før slakteriet kom, nokre som dreiv med kjøp av slakt av dyr for eiga omsetning av kjøt og flesk.

Ludvig Græsdal var ein som dreiv dette. Han hadde bra forbindelse i Bergen og Stavanger og sende mykje flesk og kjøt til sine avtakarar. Han laga og mør-kjøtpølse og spekekjøt av saueslakt.

Ein annan som dreiv mykje med kjøp av slaktedyr, slakta og sende dette til forbindelse han hadde i Ålesund – det var Johannes Sortehaug som ofte var god å gå til når ein hadde slaktedyr og hadde vanskar med å omsetje. Vidare var det utanbygdsfolk som kjøpte og slakta dyr her på bygdene. Det var særleg Nils Tomren frå Tomrefjord som dreiv her, og så slaktar Hove frå Vatne. Desse to kjøpte mange slaktedyr i Skodje.

Det var vanleg før at gardbrukarane brukte sjølve den ull dei hadde, det vart spunne, strikka eller vove opp alt heime. No er det lite som vert brukt, så ulla vert seld.

Bygdefolket selde og mykje brenneved, av bjørk, furu og gråor. Bjørkeveden var oftast kappa i 30 cm lengder. Furu og oreved vart kappa i 60 cm lengder. Rundt i Skodje kjøpte dei som trong ved, helst bjørkeved. Men det var ikkje mange som måtte kjøpe ved. Kyrkja måtte kjøpe ved og skulen på Skodje likeins. Bakar Anbjørnsen kjøpte mykje ved. Nokre handelsmenn kjøpte – og ymse andre. Den ved som det ikkje var avsetning for i bygda, måtte ein prøve å frakte til Ålesund på 3-roingar eller små motorbåtar. All 60 cm ved vart frakta til Ålesund. Det vart mange vegar og møye når ein ville til Ålesund med vedfamn. Dalebuarar hadde naust ved Skodjesjøen eller Tennfjord. Dei fleste heil-gardar hadde sin 3-røring med naust. Fyrst

var det å køyre veden til sjøs og stable den opp i naustet. Ut på hausten, når veden var bra turr, for det måtte den vere, var det å finne seg høvelege dagar med spakt, turt ver, med høveleg flo og fjøre, for dei som måtte gjennom straumane. Kvelden før sette ein 3-roringen på sjøen, så måtte ein då – to mann, bere på båre veden ned over vøren og stable inn i båten 2 1/2 famn 60 cm ved. (Var det 30 cm ved, kunne ein greie 4,5 famn bjørkeved.) Ofte nokre tunner attåt.

Som regel gjekk det bra på desse byreisene, men det hende at nokon ikkje kom att – kollsigling eller anna uhell.

Når turen var unnagjort og 3-roringen komen i naustet att, var dei alle slitne og trøytte. Men selt varer for ca. kr. 50,- og brukt to dagar og ei natt på turen.

E.F.

Skodjegardane før jordskiftet. Namneliste til kartet.

Nr. 1 Stova i Røane.
» 2 Løa i Røane.
» 3 Stova i Sjurgarden.
» 4 Løa i Audungarden (Korsvegen)
» 5 Audungarden
» 6 Stova i Audungarden.
» 7 Stova i Olmanngarden.
» 8 Løa i Olmanngarden.
» 9 Løa i Knutgarden på Bøen. (Olivergarden)
» 10 Stova i Knutgarden på Bøen.
» 11 Løa i Skodjebakken.
» 12 Stova i Skodjebakken.
» 13 Stova i Olagarden på Bøen.
» 14 Løa i Olagarden på Bøen.
» 15 Stova på Skuleplassen.
» 16 Stova i Nygjærdet.
» 17 Løa i Nygjærdet.
» 18 Stova på Østenplassen. (Nygård)
» 19 Løa på Østenplassen.
» 20 Stova på Samuelsplassen

Naustrekka i Skodjefjøra, frå vest mot aust.
Bø-Olanaustet
Bø-Knutnaustet. (Olivergarden)
Sjurnaustet.
Olamannaustet.
Audungardnaustet. (Korsvegen)
Aust for Sjøvegen.
Reitenaustet.
Ytreskodje. (Mikkelgarden).
Rønaustet.
Notanaustet.
Bakkenaustet.
Hjellenaustet. (Fylling)
Larsnaustet. (Fylling)



GAARDEN YTRE SKODJES INDMARK.

Busetjinga på Skodjegardane før jordskifta

Av Amund J. Midtlid

Skodjegardane er delt på tre gardsnr. Det er Indreskodje grn. 21, Ytreskodje grn. 23, og Nedreskodje grn. 24. Eg skal også ta med Skodjereite grn. 22. Om desse gardane frå først av har vore samla i eit gardvald, veit eg ikkje noko sikkert om.

Skodje er eit vinnamn. Eit svært utbreidd gardsnamn i Norge, samansett av ein stomn Skad (med usikker tyding), og vin, naturleg eng. I 1432 er nemnt Skodynar Kyrkjusogn. 1494 Skodin. Så har det vore skrive Skoe, Skoden, Skoue, Schodie og på 1800 talet Skaue.

Hans Strøm skriv dette om Skodjegardane:

«Øvre Skoue, een stor gaard, som egentlig bestaar af tvende adskilte gaarde, nemlig Ytre og Indre Skoue. Paa den sidste staaer Skoue Kirke, som i de ældre tider ere forflyttet fra gaarden Leite i Stettebygden, og anlagt her paa en bakke, hvor den har een ganske fordeelaktig situation.» Nedreskodje skriv han ikkje noko særleg om.

På Indreskodje var tre av gardstuna ved kyrkja, Skodjebøen og Skodjebakken lenger aust, og Røane på same staden som tunet er no.

Jorda var delt i teigar mellom bruka. Teigane var delt i teiglag der bruka hadde kvar sine teigar. Eg skal ta med namnet på desse teigane. Øvst var Røteigane, frå grensa mot Skodjereite tvert over gjæra mot utmarka, så langt heim som Simengjærdet er no. Heimanfor var Gjæra eller Olmanngjærda som dei også vart kalla. Frå utmarka og ned til flata.

Frå tuna ved Kyrkja og ned til kvennhusa og grensa mot Nedreskodje var Storteigane. Lislerustteigane gjekk frå Oliverhaugen og vestover, på tvert av Storteigane. Frå Oliverhaugen og austover, Storerustteigane. Dei vart avskorne av Fagerrostteigane, som gjekk frå husmannsplassen Fagerrosten opp mot utmarka.

Aust for Fagerrostteigane låg Løteigane innover til Østenplassen, og frå Østenplassen og innover til grensa mot Skodjevåg Insteteigane. Så var det nokre korte sjøteigar mellom Fagerrosten og Willemplas-

Olmanngarden ca. 1905

sen. Området aust for skulen vart kalla Myrane, rundt Oliverhaugen, inn til Nygjærdet og ned til sjøen, vart kalla Rystene, og området ved kvennhusa vart kalla Dammane.

På Indreskodje var det fire brukarar i 1701. Sjurgarden og Olmangarden, og aust for bekken Skodjebakken og Skodjebøen.

Stova i Sjurgarden var ovanfor vegen til Ytreskodje, og stabburet nedanfor vegen, øvst på kyrkjeplassen som er no. Aust for stabburet var eit uthus, truleg ein hestestall. Aust for bygdevegen var løa, langs etter vegen.

Sjurgarden har namnet etter Sjur Pedersen Indreskodje, gift i 1712 med Ragnille Olsd. Nedreskodje.

Sjurgarden var ein av dei gardane som måtte flytte ut etter jordskiftet i 1860-åra, men namnet fylgde med til den nye tunplassen.

Stova i Olmanngarden var sør for kyrkjeplassen. Løa var vest for bygdevegen i retning nord–sør. I Olmanngarden var det også stabbur, og eit anna uthus, truleg også der ein hestestall. Lærar Ytreberg skriv at Olmanngarden har namnet etter ein Ole eller Olemann. Den Ole som Ytreberg skriv om var Ole Christophersen Aurdal Indreskodje. Han vart gift med Mali Olsd. Indreskodje i 1750. I samband med namn på Sunnmøre skriv Hans Strøm dette: «Til Mænds navne føies

ofte det ord mand, saasom Peermand, Olmand, osv., og er da til deels et venlighedsord, men som oftest når det bruges blandt bønder, et æres og værdighets ord, som ei tillægges andre end de fornemste mænd paa en gaard.»

Ole Christophersen var med i Sognecommisjonen for Skodje sokn. Utnemnt i 1756 av soknepresten Augustinius Meldal i Borgund.

Dei to andre som var med i Sognecommisjonen frå Skodje sokn var: Anders Christensen Sorte og Nils Nilsen Indre Ekroll.

I Skodjebakken var gardstunet om lag på same staden som no. I Bakken var det rundt år 1800 også ein husmann. Restar av hustuftene er synlege ennå øvst oppe i bakken.

På Skodjebøen var tunet der som gamlestova på Bøen står no. Forutan stova var der også løe, stabbur og eldhus.

Skodjebøen vart også kalla Bø-Ola-garden etter Ole Larsen Erdalen Indreskodje. Han var frå Stryn, bror til Thore Larsen i Røane. Ole Larsen Erdalen vart gift i 1813, med gardjenta på Bøen, Ingeborg Størkersd. Indreskodje.

I 1704 var der fem brukarar på Indreskodje. Ein mann hadde flytta frå Nedreskodje til Indreskodje. Han heitte Simon Arnesen. Han hadde vore soldat i 14 år, og han var den første brukaren i Audungarden.

Han busette seg også ved kyrkja. Løa var ovanfor vegen til Ytreskodje langs etter vegen til Engesetdalen, med låvebrua inn mot bygdevegen. Stova var på austsida av bygdevegen, og stabburet sør for stova ved løa i Sjurgarden.

Audungarden heiter etter Audun Arnolsen Lilleslyngstad. Han vart gift i 1772, med Brite Knutsd. enkje etter Simon Mikkelsen, Indreskodje. Brite døydde i 1785, og Audun gifta seg 2. gang med ei Synneve Larsd., som døydde i 1801.

I 1803 gifta Audun seg for tredje gang med klokkarenkja Else Pedersd. Ekroll. Etter jordskiftet vart Audungarden flytta ned til Korsvegen.

I 1723 var der seks brukarar på Indreskodje. Då var ein Povel Olsen komen til. Han var frå Olmanngarden, og var den første som busette seg i Røane. Det var truleg rundt 1714 då han gifta seg med ei Anne Pedersd. Kvar ho var ifrå, veit eg ikkje. Gamlestova i Røane var bak den nye som er no. Gamleløa vest for bygdevegen, med låvebrua inn til vegen og enden opp til gardsvegen.

Garden vart også kalla Madsgarden etter soldat Mads Iversen Ytrelid, som vart gift i 1805 med enkja Inger Olsd. Indreskodje. Ein gang

i gamletida seier segna at det stod eit stort slag mellom to hærar i bakken ovanfor Skodjekyrkja. Etter slaget var bakken raud av blod. Derav namnet Røane. Lenger vest i bakken på Ytreskodje er namnet Røna.

I 1762 var det sju brukarar på Indreskodje. Den siste tilkomne var Guttorm Olsen. Han var frå Indreberg, og var gift med Anne Størkersd. Skodjebøen i 1744. Det var truleg då han busette seg på Skodjebøen. Stova var på flata aust for Bakkesaga, og løa nord for saga. Bakken ved saga vart kalla Løbakken. Smia på garden var aust for husa mot Skodjebakken. Det er truleg at det var denne smia Oliver Holmøy brukte då han smidde alt smiarbeidet som trongst til den nye Skodjekyrkja i 1860.

Dette bruket vart kalla Knutgarden etter Knut Olsen Indreskodje. Han vart gift i 1807 med Kanuthe Pedersd. Ekroll, dotter til klokkar Peder Nilsen Ekroll. Lærar Ytreberg skriv at Kanuthe var uvanleg flink til å syngja. I kyrkja høyrdest røysta hennar over alle andre.

Etter jordskiftet i 1860 åra vart Knutgarden på Skodjebøen utflytta ned til sjøen aust for sjøvegen, og vart etter kvart kalla Olivergarden etter Ole Iver Holmøy Skodje. Han kom som før nemnt til Skodje som smed då dei bygde Skodjekyrkja i 1860. Ole Iver vart gift i 1862 med gardjenta i Knutgarden, Karen Petersd. Skodje.

Dette var dei sju opphavlege bruka på Indreskodje. Eg skal ta med her brukarane og skylda på bruka i 1774. Sjurgarden. Brukar Lars Siuursen Indreskodje. Sk. 2 på. 6 mk. Ollmanngarden.Ole Christofersen Indreskodje. Sk. 2 pd. 6 mk. Audungarden. Brukar Audun Arnoldsen Indreskodje. Sk. 2 pd. 6 mk. Bøen, Olagarden. Brukar Ingebrikt Størkersen. Sk. 1 pd. 161/2 mk. Bøen. Knutgarden. Guttorm Olsen Indreskodje. Sk. 1 pd. 161/2 mk. Skodjebakken. Lars Knudsen Skodjebakken. Sk. 1 pd. 161/2 mk. Røane. Knud Povelsen Indreskodje. Sk. 1 pd. 161/2 mk. Etter dette ser det ut som den åttende gardparten var delt mellom Sjurgarden, Olmanngarden og Audungarden. dungarden.

Nede ved sjøen ved nausta låg Willemplassen. Namnet etter Wilhelm Berntsen Nedrebø. Han var frå Nedreskodje. Plassen var festa i 1839, noko av Nedreskodje og resten teigar av desse gardane på Indreskodje: Sjurgarden. Knutgarden på Bøen, Audungarden. Olmanngarden, Bakken og Røane. Plassen var frådelt i 1845, med namnet Nedrebø grn. 24/2. Skøyte same året.

Willemplassen hadde også eit jordstykke i Simengjærdet på ca. to mål, og der hadde dei også sommarfjøs. Stykket var av Sjurgarden sin

Røteig, og i byte fekk Sjurgarden eit mindre oppdyrka jordstykke ved Willemplassen.

Eit stykke lenger inne ved sjøen låg plassen Fagerrosten. Den høyrde til Skodje prestegard. Der budde ein Simon Martinussen Indreskodje. Han var frå Audungarden. Han vart gift i 1841 med Johanne Salmondsd. Løset, syster til Ole Salmondsen i Audungarden.

1842. Festesetel frå res. kap. Birkeland, til Simon Martinussen. 1868. Husmannsplassen Fagerrosten frådelt til Skaue Prestegjelds Commune ifylgje Kongelig res.

Plassen vart i 1868 makeskifta med eit jordstykke som Sjurgarden åtte ved bygdevegen. (Klokkargarden). Plassen vart sidan kalla Simenplassen, truleg etter Simen Martinussen.

På austsida grensa Fagerrosten til Nygjærdet. Der budde Severin Martinussen Indreskodje. Han var gift med Oline Salmondsd. Løset. Han var først brukar i Audungarden, og åtte halve bruket. Dei fekk ikkje born, og Severin selde den halve han åtte i bruket til Ole Salmondsen Løset, som var bror til kona hans. Før han selde, tok han frå halve Sjøteigen og busette seg der. Nygjærdet vart frådelt i 1850 brn. 21/6. Etter at Severin og Oline flytta inn til Nygjærdet fekk dei sonen Peter Martinus i 1851. Han var lærar. Han utvandra til Amerika.

Nygjærdet vart ikkje endra ved jordskiftet.

Lengst inne ved sjøen låg Nygård eller Østenplassen som bruket vart kalla som oftast, brn. 21/3.

Der budde Østen Østensen. Han var frå Fjellhaug i Stryn. Kona heitte Synnøve Thorsd. og var frå Greidung i Stryn. Østen kjøpte 2/3 partar av Røane i 1841, og brukte garden til 1846. Då selde han til Thormod Martinussen, som åtte resten av garden. Før han selde tok han frå Insteteigen og eit stykke av Sjøteigen, der som eigedomen til Koppernæs er no. Stykket vart kalla Østenura.

Etter jordskiftet fekk Østenplassen bruket utlagt i eit stykke. Tunplassen er på same plassen som før jordskiftet.

Inne ved grensa mot Skodjevåg og Midtlid var Johansplassen. Første brukaren der var Johan Endresen Sundsbakk. Kona heitte Gjertrud Gregoriusd. Han var først forpaktar på prestegarden. I 1861 bygsla han plassen av desse bruka på Indreskodje: Sjurgarden, Audungarden. Olmanngarden, Bøen, Olivergarden og Røane. Plassen var av utmarka til Indreskodje. Plassen vart frådelt i 1895 og fekk namnet Lundbø brn. 21/.

Ovanfor bygdevegen i Knutgarden sin Sjøteig var Samuelsplassen. Mannen der heitte Samuel Halsteinsen frå Storstein i Sunnylven. Han var forpaktar på prestegarden før han bygsla plassen. Plassen var der som eigedomen til Karl P. Skodje er no. Etter jordskiftet vart stova på Samuelsplassen flytta til ei tomt på Olivergarden.

Ovanfor bygdevegen i Fagerrostteigen til Sjurgarden låg Skuleplassen. Om lag der som Solhøgda er no. Der budde Knut Larsen Gudmundset. Han var skulelærar i 51 år, frå 1823–1874.

Festesetel i 1841, frå Lars Peter Halvorsen Skaue, til Knud Larsen Gudmundset. Knud vart gift i 1841 med Sissel i Skauebakken. Enkja etter Jakob Magnussen Skauebakken. Etter jordskiftet vart Skuleplassen liggande på Bøbruket, og som vederlag for det brukte Bøen eit stykke av Sjurgarden vest for Klongrebakken så lenge Gudmundset sat med plassen.

Skodjereite eller Reitane grn. 22 ligg ovanfor Skodjegardane, og har alltid vore særskilt bruk. Namnet reit tyder avgrensa jordstykke, og er å finne frå Sunnmøre til Helgeland. Dei fleste av desse Reitgardane er i Trøndelag. Oppkomsten av namnegruppa skriv seg frå mellomalderen. Gardane hadde etter måten høg landskyld i eldre tid. I gamle lover er det føresegner om retten til å «gjera reit» på leiglendingsgardane. Tunet på Reitane har alltid vore på same staden som no. Gamlestova på Reitane var eit av dei eldste husa i bygda. Det var Jesper Nilsen Skodjereite som bygde stova i år 1800. Materialen var delvis av ei eldre stove.

På Ytreskodje var det tre bruk. På heile 1700 talet var der også ein husmann. Ytreberg skriv at han budde ovanfor tuna på Ytreskodje. Etter matrikkelen i 1836 var der tre mann. Det var Sivert Olsen i Jetmundgarden. Lars Olsen i Mikkelgarden, og Nils Nilsen i Nilsgarden. På Ytreskodje var det Jordskifte i 1880 åra. Før den tid var tuna samla på flata nedanfor bekken. Jetmundgarden lengst aust. På same plassen som nå, Mikkelgarden låg i mellom og Nilsgarden lengst mot vest. Jetmundgarden heitte etter Jetmund Pedersen, som var brukar i 1760 åra. Sidan vart garden kalla Knutgarden etter Knut Eriksen Ytreskodje. Han var frå Indreberg. Han vart gift i 1851 med Henninge Martinusd. Grønvik frå Borgund.

Mikkelgarden heiter etter Mikal Larsen Ytreskodje. Han vart gift i 1833 med Kristine Paulsd. Sorte. Mikal var far til Berte Skodjereite.

Etter jordskiftet vart garden utflytta, og vart liggjande lengst vest, og vart kalla Ole-Andreasgarden etter Ole Andreas Skaue frå Sjurgarden. Han kjøpte 4/5 partar av garden i 1883 og busette seg der.

I Nilsgarden var det mange med namnet Nils. Den første var Nils Nilsen. Han var ætta frå Ansok i Liabygda. Han kom til Ytreskodje ein gong i 1780 åra. Sonen Nils Nilsen Ytreskodje vart gift i 1812 med Kari Knutsd. Store-Engeset. Han bygde nye hus på garden. Fjøset mura han av stein. I 1812 fekk han premie for det av Søndmøre Praktiske Landhusholdningsselskap. Løa var i bruk i 120 år, til Nils P. Ytreskodje bygde ny løe i 1932.

Nils Nilsen var den siste av ætta på Ytreskodje. Sonen Nils Nilsen vart gift med Ane Jakobsd. Skodjebakken i 1847, og flytta til Ytreberg same året.

No kom ætta som er på garden no. Nils Paulsen Valde gift 1850 med Marte Pedersd. Amdam.

På Nedreskodje var det på 1600 talet to brukarar. Frå tidleg på 1700 talet og til 1830 åra var det fire brukarar på Nedreskodje. Frå 1836 vart tre av bruka tekne til kapellangard, og frå 1858 prestegard for Skodje prestegjeld.

Det var Borgundkyrkja som åtte Nedreskodje.

I 1845 var det «mindelig» jordskifte på Nedreskodje, og i 1847 fekk Nils Peter Larsen Nedreskodje Kongl. skøyte på det fjerde bruket. Brn. 24/1. Tunplassen på dette bruket er vel på same staden som før. Korleis tuna var på dei andre bruka veit eg ikkje, men det kan vere truleg at borgstova på prestegarden, var stova på eit av dei bruka.

Det eldste huset på prestegarden var bygd i 1710, av Maren Krogh, enkje etter sokneprest Truls Christian Krogh i Ørskog. I 1838–39 vart huset kjøpt og flytta til Skaue kapellangard. I 1881–82 vart husa måla og pålagt nytt papptak og nye takrenner, og i 1892 vart det pålagt skifertak. I 1905 vart dette huset selt til Ole Petter Vaksvik for 800 kr, og oppsett i Sjurgarden i Vaksvika.

Den gamle eldhusbygninga vart kondemnert ved ein prostevisitas i 1880, og sokneprest Steen bygde nytt eldhus av gråsteinsmur, med skifertak vest for gamlehuset. Det gamle eldhuset stod midt på gardstunet, truleg i nærleiken av der stabburet er nå.

I 1882 vart stabburet nedreve og flytta dit det står nå. Då vart det skifta ut ein del trematerial og lagt inn eit omfar med tømmer så det vart større takhøgde. Utvendig vart det bordkledt og måla og pålagt teglsteinstak. Stabburet vart flytta avdi det låg for nær den nye hovedbygninga på garden.

Låvebygninga var også i dårleg stand. I 1882 måtte det nytt tak til, og 1883 måtte det skitftast nye golvåsar i austre enden, då dei gamle var så råtne at «de knækkede under høets vægt» som Steen skriv.

Alle desse husa var det soknepresten som skulle halde vedlike.

Så var det dei husa som kommunen skulle halde vedlike. Den nye hovedbygninga som huset den gong vart kalla, er det huset som er prestebustad nå. Når det vart bygt veit eg ikkje, men det var vel i soknepresten Kervel si tenestetid. I åra 1880–84 vart det innreidd to kvistrom på loftet.

Borgstova var også dårleg. I 1884 vart det skifta nytt golv og nye vindauge, og i 1885 vart taket skifta.

I hestestallen vart det skifta golv i 1883.

Dette var husa som var på prestegarden i 1880, då Steen kom.

Steen bygde også fleire hus og skur på prestegarden, og det nemner han for sogneprestens eiendomshuse. Eg siterar etter Steen: «Af eiendomshuse fandtes der før 1881 ingen på gaarden. Fra 1881–84 ere følgende eiendomshuse opførte.

1. Vedbod, rødmalet og forsynet med tag af asfaltpap.

2. Et lidet vedskur, umalet og forsynet med samme slags tag, tilbygget den nordre tverende af ildhuset.

3. Skur tilbygget til ladebygningen på den søndre væg efter dens hele længde, til dække over gjødseldyngerne, samt til opbevaringsrum for favneved. Dette skur er uden vægge, men forsynet med teglstenstag, og er der under samme anbragt to priveter ved siden af hinanden.

4. Skur tilbygget til ladebygningen på dens vestre tverende, til opbevaring af muld, hesjematerial, m.m.. Dette skur har heller ingen vægge, (senere forsynet med væg på vestre side), Men er forsynet med torvtag.

5. Ganske lidet grisehus til høyre for fjøsdøren, af tømmer og forsynet med torvtag.

6. Hvidmalet nøst lige nedenfor haven, forsynet med tag af asfaltpap.

7. Hvidmalet badehus med samme slags tag som foregående, bygget på en vor af sten, som sognepresten ligeledes ha bekostet. Til nævnte eiendomshuses opførelse er antagelig medgået omtr. 1600.- seksten hundrede kroner.

Endelig er i sommeren 1884 opført i haven 8. En dukkestue i schveitserstil, der i fuldferdig stand antagelig koster omtr. 120.- kroner.

Skodje prestegaard 29. oktober 1884.

S. Steen.

Under prestegarden låg også husmannsplassen Murvika. Der budde Jakob Johnsen Ramstad Skodje. Han var gift med Petrine Knudsd. Storhaug. Han var først forpaktar på prestegarden. Kontr. 1859–1890. Husmannssetel til Jakob Johnsen. Det er truleg at Jakob har budd i Murvika sidan 1860 åra.

1931 vart plassen frådelt til Ludvig og Inga Hofset.

Tilvisningar til kjeldeskrifter.

Hans Strøm «Søndmørs Beskrivelse
Peder Fylling.
Notater av Ågot Daae på
Sunnmøre Museum.
Norsk Stadnamnleksikon
Lærar Ytreberg
Kallsbok for Skodje
Kyrkjebøker for Skodje

Bygdebok for Skodje
Bygdebok for Ørskog
Manntalet for Sunnmøre/1701
Prestemanntall for Borgund
Gield/1704
Panteregister for Skodje
Matrikkel 1836.
Jordskifte, Indre Skodje
Innmark, 1862–65.

Segna om «kong» Knud

Særleg rikt på soger om hendingar frå vår fjerne fortid er ikkje Skodje, men her finst då eit og anna både når det gjeld stadnamn og segner som tyder på at folk har vore busette i bygdene våre lenge før vikingtida.

Segna om «kong» Knud av Borgund er kanskje den som peikar lengst attende i tida, sjølv om den ikkje kan tidfestast så nøye.

Denne Knud møtte ein Ivar som var «konge» over Sunnfjord i Jølster i eit blodig slag på Skodje. «Kong» Knud felte «kong» Ivar på ein stad som seinare vart kalla Jølstermyra. Staden skal ligge aust for Røane. Hardaste striden stod på «den lave Bjergås i Nord for Gaardens Huse (Ytre-Skodje), hvilken Hei ennu til minde om denne blodige Trefning, kaldes Røden (Røane).»

Største mannefallet var det i Røane og markane vart farga raude av blod – derav altså namnet Røane. Men det var på myra like aust for Røane at jølstringane leid sitt største nederlag då «kongen» deira fall for «kong» Knud si hand.

Segna fortel og at dei falne i denne striden vart flytta til Ytre-Skodje og gravlagde der på ein stad som fekk namnet Ska'teigen eller Ska'marka. Då Peder Fylling synfor denne staden i 1833, kunne han telje 14 litt store gravhaugar med ein omkrins av 19 steg, dertil 9 haugar som var 8 steg rundt.

I ein av haugane fann dei i 1834 ymse våpen m.a. eit sverd og eit spyd. Residerande kapellan i Borgund på den tid, Daniel Birkeland, kjøpte til seg desse sakene, men diverre kom dei bort for han. Det er mogleg at han tenkte dei til museet i Bergen.

Då P. Fylling skulle sjå om gravhaugane siste gong i 1844, var dei jamna med jorda og lagt under plogen. Dermed var dei siste minna om ei stor og skakande hending i Skodje si tidlege soge borte.

At segna har noko sant i seg, må ein kunne gå ut frå som temmeleg sikkert. Gravhaugane vitnar om at ein strid må ha gått føre seg langt

attende i tida. Kven var så desse to kongane som møttest med herane sine på Skodje? Korkje «kong» Knud eller «kong» Ivar» av Jølster er nemnde i soga vår så vidt eg veit. Det kan ha vore to såkalla småkongar eller hovdingar som gjennom tradisjonen er blitt til kongar.

I bygdeboka for Borgund og Giske kastar Ola Kvalsund fram tanken om at det kan vere Knud Alvson, eigar av Giskegodset, som har fått segna knytt til sitt namn. Adelsmannen Knud Alveson var m.a. hovudsmann på Akershus og blir skildra som oppreisthovding og eit mogleg kongsemne på si tid. Likevel er det umogleg at Knud Alvson kan vere same mannen som «kong» Knud av Borgund fordi han var fødd om lag år 1455 og vart i 1502 lokka i bakhald og drepen av sine fiendar. (Henrik Ibsen har skreve eit dikt om dette).. Slaget på Skodje stod kanskje lenge før vikingetida. Om denne hendinga fann stad i vikingetida, vil eg tru at om Knud og Ivar var nemnande til «kongar», ville dei vore nemnde i soga til liks med mange andre hovdingar.

Elles var vel strid og uro svært daglegdags i landet vårt både før og etter at vår vikingesoge tok til, og mange mindre hovdingar er nok gløymde.

Det kan vere interessant å sjå litt nærare på kvifor desse to herane møttest på Skodje – spinne på ein usynleg tråd så å seie.

Kva veg kom Jølsterkongen og følget hans til Skodje? Kan hende har dei kome fjellvegen ned til Storfjorden og byrja sin freistnad på å legge under seg meir land der inne i fjorden. I fall dei har kome denne vegen, må «kong» Ivar mest truleg ha vore innom Hellesylt. Ein eller annan stad må dei så ha tileigna seg båtar og fare vidare utetter Storfjorden. (Kanskje finst det i andre bygdelag i Fjordane eller på Sunnmøre segner om ein «kong» Ivar?)

Så har tidend om at fiendar var ventande spreidd seg i førevegen, «Borgundkongen» har dermed drege til møtes med jølstringane og stogga dei på Skodje. Dette kan vere løysninga.

Meir truleg høyrst det ut at denne fiendheren sørfrå kom sjøveges for å overmanne «kong» Knud. Så kan ein lure på om Knud har rømt unna og blitt atthenta på Skodje eller han gjorde denne unnvikande manøvren innetter bygdene for å samle fleire stridsfolk.

At Knud har søkt hjelp på Skodje, er ikkje utenkjeleg. Her kan ha sete ein mektig hovding på den tida – som sjølv kjende seg utrygg. For den saks skuld kan Knud ha vore tilkalla av denne Skodjehovdingen. Endå i dag finst det ting som tilseier at her har vore sæte for ein hovding. Eg tenkjer då særskilt på namnet Horghaugen eller Har'hauen som det gjerne blir sagt i vår tid. Dette er eit oldegammalt

namn og høyrer til ei av våre eldste namneklasser. Første stavinga, horg – tyder alter eller offerstad. Horghaugen har vore ein offerstad i heiden tid. I oldtida skal haugen ha vore freda med eit steingjerde kring. P. Fylling skriv: «Nordenfor Yttre-Skodjes Huse ligger en af Naturen dannet Høi, (haug) Haurghaugen kaldet, hvis benevnelse leder oss til at tro at her i Hedenold eksisteret en Haurgarsteen, hvilket er en af de eldste benævnelser på Gudebillederne.»

Hovdingar hadde slike altar og offerstader som her er nemnt, såleis er det ikkje urimeleg å tru at Horghaugen har vore offerstaden til ein eller fleire hovdingar buande på Skodje. I det føregåande er nemnt stadnamn som Jølstermyra, Ska'teigen eller Ska'marka og Horghaugen.

Når det gjeld Horghaugen, så er det mange skodjebygdarar som både veit kvar den er og kva namnet skriv seg frå. Denne haugen ligg i området nord for det nye bedehuset i bygda. Tenkjer ein på den sentrale funksjon som staden har hatt, truleg gjennom mange hundre år, så er det vel ikkje så rart at namnet har levt over til vår tid. Då kyrkja vart flytt frå Leite til Skodje, var det og på tale å bygge den på den gamle offerstaden Horghaugen.

Dei to andre namna har gått ut av bruk, sikkert for lang tid sidan. Av dei eg har vore i kontakt med, var det berre Johan Skodjereite og søster hans som hadde høyrt om namnet Jølstermyra. Og denne myra finn vi på Reitereset aust for fylkesvegen. Det hadde far deira, Mikal J. Skodjereite fortalt.

Som vi veit, vart Mikal ein gammal mann, og han kunne fortelje mykje frå gamle dagar.

Kvar Ska'teigen ligg, har det ikkje lukkast å finne ut, anna enn at den finst ein stad på Ytre-Skodje. Etter P. Fylling si utsegn må det vere markane nord for husa som ein gong i tida fekk namnet Ska'teigen.

Når eg har knytt desse tankane til segna om «kong» Knud av Borgund, så er det for å live den opp – og med ei ørlita von om at det i andre bygder også kan finnast halvgløymde segner som kan førast attende til dei to «kongane» Ivar og Knud.

Louis Giske

Kjelder: Artikkel av Ola Kvalsund i Bygdebok for Borgund og Giske.

Peder Fylling: Historisk–antikvariske Bemærkninger over Borgund Præstegjeld på Søndmør.

Lille Fylling – gnr. 54 bnr. 1 (Kassnes)

Gammal matr. 239

Gammal skyld, 1 vog. Ny skyld 2. 1. 17.

Frå gammal tid låg heile Fyllingsbygda, Kassnes medrekna, under Giskegodset. Dette vart seinare oppdelt og Kassnes kom under Borgund kirke. År 1646 er Kassnes ført under Nykirken, Bergen. År 1692 vart denne eigedomen seld av prost Hjerman til Ole Larsen Abelset og vart i denne slekta til 1788.

Her har vore mange brukarar. Den fyrste vi har namn på, er Ole Johnsen frå Hjørvad. Kona heitte Marte Jørgensdatter, ho var frå Innvik i Stryn. Dette var omkring år 1500. Denne brukaren betalte årleg 2 skilling i laus landskyld til Borgund Kyrkjestol. Han reiste sjølv til Borgund og betalte i rett tid denne lausskyld og fekk då treffe folk han seinare kunne handle med – ymse varer.

I skatteliste for 1603 er ført som brukar: Enken Lille Fylling. I skatteliste for 1603–07 er ført som brukar: Peder Lille Fylling, gard og landskyld 3 kalveskinn.

Det same er ført i tiendeliste 1628/29 – tiende 3 1/2 fjerding. I liste for Kvægskatt – Grytten skibreide – er for 1657 ført for Lille Fylling:

Hans, 46 år og born: Joen Hansen 11 år, Peder Hansen 8 år, Carsten Hansen 5 år, Povel Hansen 1 år.

Desse kom frå Dale i Norddal og betalte i 1711 12 skilling i skoskatt. Hans fora i 1657: 1 hest, 8 kyr, 2 geiter, 2 sauer. År 1762 er garden ført som properitær-gods.

For 1658 er ført som brukar Olle, bet. 1 vog fisk + 2 riksdaler hans Kvinde, skatt 16 skilling.

1665 brukar Oluf. Manntal og leiglendingsskatt: Eigar Borgund kirke og herr Peder. Bet. 2 1/2 pund fisk + 2 riksdaler og 1 1/2 ort + 6 skilling.

1675 Korntiende: Carsten, 1 vog og 18 merker.

1675 Leding og Jordbok: Giske Gods, 2 kalveskinn.

1701 Folketelling: Anders, 28 år, matr. skyld 5 mellag.

1711 Skoskatt: Hans Carstensen og Kvinde: skatt 12 skilling.

I Kirkebok for Skodje er ført:

Lille Fylling: Povel Hansen, f. 1699, d. 1741, vart g. 1734 med Ragnhild Povelsdatter Lille Engeset, f. 1711, d. 1793. Desse fekk bygselrett på Lille Fylling. Her var røykstove, eldhus og løe med steinfjøs. Det var trangt om plassen både for folk og fe.

Dei hadde desse borna:

Ragnhild, f. 1735, g. til Valgermo.

Inger, f. 1736, d. 1736.

Ingeborg, f. 1739, g. 1771 med Arne Hansen, Storeengeset, (Arnegarden)

Inger, f. 1741 g. 1777 med Ivar Arnesen Vestre.

År 1741 døydde Povel Hansen, og enkja Ragnhild som hadde bruksrett på bruket, gifta seg andre gong i 1743 med Lars Os frå Vatne. Dei fekk desse borna:

Berte, f. 1749, g. 1771 med Jørgen Jørgensen, f. Flo, d. 1783.

Barbro, f. 1745, g. 1778 med Knut Knutsen Sjortnes.

Marte, f. 1749, g. 1784 med Peder Andersen Store Fylling, f. 1751, d. 1821.

I manntal 1762 er bruket ført som propretier-gods, og som brukar er ført Lars Olsen Os.

År 1788 kjøpte Fredrik Jørgensen frå Flo dette bruket av Johan Høyrup som då var handelsmann på Stordalsholmen. Han var gift med Anne Christoffersdatter Abelset. No gjekk det dårleg med handelen og Høyrup prøvde å realisere det han eigde, han selde garden Lille Fylling den 9. februar 1788. Høyrup flytte så til Honningdalen.

Ut av Tingbok 29. Grytten Skibreide, (1735–1740) finn ein at Povel Pedersen Lillefylling er stevnet til tinget, saman med 7 andre oppsidarar innen Grytten Skibreide, av Amtmann Solgaard, med påstand om skuldig grunnleige for et større naust på Stettes grunn. Det var åtte eigarar av naustet, kvar 1 1/8 part. (åttringsnaust). Alle innstevnt. Dei la fram kvittering for betalt grunnleige til 1729. då vart naustet rive.

Heile denne saka vert seinare medtekje særskild i boka. For her var med brukarar frå: Langnes, Store Fylling, Nes og Stor Engeset.

Lille Fylling – Br. Nr. 1

Fredrik Jørgensen frå Øvre Flo som hadde vorte eigar av Lille Fylling, kunne ikkje få nytte av den garden, då den var bort-bygsla på lenger tid. Brukaren – Arne Sjursen – var ikkje innstilt på å flytte frå

garden, men derimot var han interessert i å kjøpe den. Den 29. juni 1791 gav Fredrik Jørgensen skøyte til Arne Sjursen på Lille Fylling for 100 riksdaler.

Arne Sjursen og kona Eli Johnsdatter hadde desse borna ved Folketellinga i 1801:

1. Anne Arnesdatter 14 år
2. Jon Arnesen 13 år
3. Berte Arnesdatter 9 år
4. Sjur Arnesen 7 år
5. Hans Arnesen 2 år
6. og 7. tvillingane Peder Arnesen (flytte til Valde) og Ragnhild Arnesdatter f. 1802.

År 1813 gav Arne Sjursen skøyte på gnr. 54, bnr. nr. 1 for 100 riksdaler + kår, til Sjur Arnesen Lille Fylling.

I 1824 fekk Villeik Knutsen festesetel på eit stykke mark til husmannsplass, datert 24. juni 1824. Denne plassen er omskriven i sogelaget sitt Årsskrift for 1977 – Husmannsfolk.

Våren 1828 brann stova til Sjur Arnesen ned. Det var ei røykstove med grue. Noko ved som låg i stova til turking tok fyr. Dei miste einaste huset og alt av innbu og klede. Då var det berre eit bustadhus att i nærleiken, og det var husmannsstova til Villeik Knutsen. Men den var heilt utnytta frå før. Så fekk dei nytte fjøsane når krøtera var slept på beite. Og med det vart dei hjelpt.

Ny stove vart bygd same sommar og haust. Det vart bygd loftstove. Materialane var handsaga og tekt med næver, tekje i eigen skog. Begge bruka, bnr. 1 og 2 i Kassnes, hadde sommarfjøs innpå Legene, ved sida av sommarfjøset til Langnes. Sommarfjøset var mura av stein.

Sivert Arnesen var gift med Siri Jørgensdatter. Ho var frå Fure i Stryn, dei hadde desse borna:

Arne, f. 1817, g. til Farstad, Løvsøy

Jørgen, f. 1820, flytta til Ålesund.

Peder, f. 1822, gift 1. gong med Oline J. Ekroll, g. 2. gong med Johanne Par, Sunnylven. Peder selde Kassnes til Thore, men kjøpte Birkelund, Vadset.

Ingeborg, f. 1828, g. til Hellevik, Løvsøy.

Peder sine born:

Marie, g. med Martinus Kjærstadstøl

Karoline, g. Lien, busett i Ålesund.

Petra, f. 1886 d. 1935 på Vadset.

Ole, f. 1896 g. Signe Sporsheim, Aukra, born: Per Jostein, g. Oddny Blindheim. Ole og Per bor Vadset. Kåre g. m. Alfhild Vigestad, Grytestranda.

Kart nr. 35

Gnr. 54, bnr. 1 – Løpenr. 26 – Fylling Lille, gamal skyld 1 vog fisk.

Under dette bruk er husmannsplassen «Willeikplassen». Den låg på åsryggen rett nord for det eldste tunet i Kassneset.

År 1824 kom Willeik Knutsen, f. 1793, frå Mørkeset til Kassnes og fekk festeseddel av Sjur Arnesen, f. 1794, på eit stykke «mark» til husmannsplass. Det var Sjur Arnesen som var eigar av Fylling Lille, bnr. 1. Årleg utreidsle for plassen var 1 ort og 1 veke arbeid sumaren. Dei fora 1 ku og 4 sauer.

Willeik Knutsen var gift med Berte Knudsdotter Valde, f. 1801, d. 1853. Desse fekk seg opp ei lita gamal røykstove og eit lite steinfjøs m/løe. Dei fekk desse borna:

På Mørkeset: 1822: tvillingar Karn Ingeborg og Johannes Britanus.

1830: Henrikke Katrine, d. same år.
1832: Henrikke *Severine*.
1836: Oline Severine.
1838: Karolus Britanus.

1853 døydde kona, Berte Knutsdotter, men same år gifte Willeik seg 2. gong med enke Guri Knutsdotter Skodjevåg, ho 53 år. Neste år, 1854, døydde Willeik 61 år gamal.

Festeretten på husmannsplassen gjekk no ut og stova overtok Skodje og Vatne fattigkasse. Stova vart litt seinare seld til vekkflytting og vart oppattsett på husmannsplassen «Kvennabakken», gnr. 56, bnr. 2. Den står ennå.

Det var svært lite foring på denne plassen, truleg 2 kyr og 2 sauer, men dei måtte hogge mykje lauv og beit for å fore dette. Det vart såleis hardt om levebrødet for huslyden. Det vart nok fisk som dei fekk tak i frå sjøen dei måtte nytte, og så var det eit godt fiskeland i vatnet og – Grønstøa – som var, og er, ein av dei beste fiskeplassane i Engesetdalsvatnet. Dei siste åra måtte Willeik få hjelp av fattigkassa, for helsa svikta.

No er det vanskeleg å sjå at her har budd folk som har hatt sin levemåte her. Det er ein svært stor skilnad på den tids levemåte og krav og den som er i dag. Og tross det kan ein høyre «klagesongen» like høg i dag som i farne tider.

Men skogen har vokse, og saman med lyng og einer dekker den mykje slit og armod – som snart er gløymt.

E.F.

Lille Fylling – Gnr. 54 Bnr. 1 (Kassnes)

Sjur Arnesen (Sivert) var den siste eigar av heile Kassnes (frå 1851). Sjå merknad 1).

1853 skifteskøyte til Jørgen Elias Sjursen Lille Fylling «i henhold til skifte mellem arvingene etter Sjur Arnesen» dat. 30. dec. 1835.

1872 auksjonsskøyte til overrettssakfører S. Barstad for 233 sp. d. dat. 8. april 1872.

1872 skøyte frå overrettssakfører Barstad til Peder Sivertsen Tenfjord Lille Fylling. Jørgen Sivertsen var brukar til 1872, flytta til Ålesund

1879 skøyte frå Peder Sivertsen til tore Olsen Fremmerlid for kr. 2400,-. Tore Olsen f. 1838 på Nakken i Stordal, *gift med Anne Birgitte, f. 1838, Ringset.* Dei var ei tid i Valldal, men flytta til Fremmerlid fyrst, kjøpte eit gardsbruk der. Men dette vart tekje att med odel. Soknepresten Astrup i Norddal gav dei ein god attest, at -dei var mykje flinke og flittige i sitt arbeid. Og at dei hadde ein eldre ekte son, f. 1866 Olaus. Mor til Thore Karen Olsdatter Nakken var og med. Desse kom 1880 til Kassnes og borna: karl Elias, f. 1873, Marie f. 1876 og Johanne f. 1880. Dei var alle strevsame, pålitelege og hjelpsame grannar.

I 1889 kom frå Stranda, enkje Else Marta Jørgensdatter Ringset f. 1813 og fekk husrom i Lille Fylling.

Thore og Birgitte var flinke til å stelle gard og dyr, og Thore var også ein flink bygningsmann, så det gjekk godt med dei.

Rasmus Olaus vart flink bygningsmann, vart gift i Borgund. Etter nokre år utvandra han til Amerika. Der kom han vekk.

Karl Elias vart gift med Sigrid Amundsdatter Skaue. Dei fekk seg eit fint stykkje av ein gard, bygde ny stove og løe på Ytre-Skodje, grn. 21, bnr. 8. Dei fekk fleire born og vert skrive om dei seinare.

Marie var ikkje gift. Ho var i mange år styrarinne for Skodje Aldersheim og var mykje godt likt.

johanne vart gift med gardbrukar og militærmusikar Mikal Skodjereite, og vart ei mykje flink husmor.

Dei hadde fleire born, som vert skrive om når garden Skodjereite vert omskrive.

Husmannsplassen Stranden vestre, nr. 54, bnr. 4.

Året 1879 selde Peder Sivertsen Lille Fylling (Vadset) dette bruk, gnr. 54, bnr. 1, til Thore Olsen Fremmerlid, som tok av i salet ein teig av bø-

marka som då vart brukt som husmannsplass av Ingebrigt Iversen frå Ringebu og hadde festeseddel av 10. april 1880.

Kona til Ingebrigt heitte Berte Tormodsdotter, f. Fladmark, Romsdal, d. 1902. Denne Ingebrigt hadde fyrst vore ute til sjøs på seglskute og kunne fortelje mange «eventyr» om sine reiser. Ein nabo kom i prat med Ingebrigt ein dag og sa: «Du har vel fare vide du som har vore sjømann?» Då svara Ingebrigt: «Ja, eg har vore både i Rio de Janeiro og i Bergen, au.» Desse orda har seinare vorte brukt som munntak.

Då han vart lei av sjøen fekk han seg arbeid på veganlegg, og han vart ein flink steinarbeider. Og det kom vel med. Ingebrigt mura stove og fjøs i ett, med dør frå stova til fjøset. Løa vart bygd av tre. (Sjå innhefta tegning av Ingebrigtstova.)

Ingebrigt fora 6 sauer.

Då dei kom til Stranden hadde dei 3 born:

Brit Ingebrigtsdotter, f. 1851.

Johan Tobias Ingebrigtsen, f. 1853, flytt til Ålesund.

Birthe Elina, f. Ålnes i Grytten 1858, konfirmert 1872, død 1887 av tæring.

Det vart ikkje så mykje Ingebrigt rakk å dyrke av denne husmannsplassen, så det vart eit magert levebrød for desse.

Ca. 1900 flytte Ingebrigt Iversen Fyllingstrand til Ålesund.

Skøyte v/skifteforvaltaren til Laurits Knutsen Kassnes på denne eigedom, gnr. 54, bnr. 3, datert 4/10 1909.

Skøyte på dette bruk frå Knut og Sigrid Kassnes til Knut Fyllingstrand datert 29/12 1925.

Skøyte frå Knut Strand til sin son Johan Strand, datert 17/8 1950.

E. F.

Lille Fylling – gnr. 54 bnr. 2

År 1831 kom Petter Zakarias Larsen Honningdalsnes for å forhandle om leige eller kjøpe eit stykkje jord til gardsbruk av Kassneset.

Sjur Arnesen sa seg villig til å dele bnr. 1 i to like deler, og den austre delen kunne då Peter Larsen Honningdalsnes få bygsle til bruk. Skylddeling vart halde. Peter Larsen overtok halve bruket – den austre halvdelen – etter bygselsetel datert november 1831.

Peter Larsen tok fatt med bygging av stove og løe same året. Det vart bygd loftstove, og det er den same som står i dag (1979), men den er noko vølt både ute og inne. Løa er den same, men taket er vølt. Naust ved vatnet vart og bygd.

Kjøpekontrakt mellom Jørgen Sjursen og Peter Larsen Honningdalsnes på den fråskilde delen, for 300 spesiedaler, vart skri-

ven datert 17. august 1851. *Dette vart gnr. 54, bnr. 2 Lille Fylling.*

Peter Larsen Honningdalsnes var gift med Inger S. Halvardsæter. Ho var syster til Ivar Glomset og Lars Rabben.

Dei hadde desse borna:

Lars Peter, f. 1833, vart brukar av farsgarden.

Sivert Karolus, f. 1835, flytte til Hofseth i Vatne.

Margrete Marie, f. 1840 (drukna i vatnet) 1852.

Sommaren 1852 skulle Peter Larsen føre ei ku på båt over vatnet til Nes. Kua velta båten, og far og dotter blev. Kua symde inn på holmen og berga seg såleis.

År 1854 vart sonen Lars gift med Berte Petrine Lindset i Ørskog. Ho var syster til Ragnhild på Leite og Inger Anna i Grindvik. Dei fekk dottera Petrine Lovise Marie i 1856. Før Berte vart gift, hadde ho dottera Gisken, som seinare vart gift med enkjemann Jetmund Nilsen Fylling og dei fekk plassen i Kassnesstrand etter Asbjørn Ananiassen.

Sivert Karolus Petersen vart gift med Anne Marie Larsdatter Skodje og dei vart buande på Hofset i Vatne.

Lille Fylling – gnr. 54 bnr. 2

I 1878 vart Petrine gift med Nils Nilsen Ytreberg, f. 1852. d. 1890.Petrine Larsdatter f. 1856, d. 1918.

Deira born:

Ingeborg, f. 1879. Utvandra til N. Dakota, USA 1903. Kom att.

Lars, f. 1880. Utvandra til N. Dakota, USA 1903. Kom att.

Nikolai, f. 1884. Døde ugift 1897.

Berte, f. 1887 g. 1910 med Laurits Tennøy, flytte til Volda.

Peter, f. 1889. Utvandra til N. Dakota 1907, kom heimatt.

Petrine, mor til ovenfornemnde, utvandra til N. Dakota 1907, kom heimatt.

Berte Paulsdatter, d. 1883, Lars ikring 1906. (hennar mann).

Ingeborg vart gift i N. Dakota.

Lars gift 1915 med Kristianna Grønnes i Bolsøy. Dei bur no på Grønnes.

Berte vart gift 1910 med Laurits Danielsen Tennøy. Dei busette seg i Volda. Ho døydde i 1918 – utan born.

Peter vart gift i N. Dakota med Marie Sofusdatter Mork.

Nils Nilsen døydde 1890.

Petrine døydde i 1918.

Lars og Kristianna som vart buande i Grønnes sine born er:
Nils, f. 1915
Borgny, f. 1917
Leif, f. 1920
Peter, f. 1922
Arthur og Kåre, f. 1924.
Nikolai døydde ugift i 1897.

Begge brukarane av det nye bruket – bnr. 2 – Peter Larsen og Nils Nilsen dyrka og braut ny jord. Men der var tungt å dyrke, mykje stein og berg. For begge bruka var det særs viktig at dei kunne verte mest mogleg sjølvhjelpte. Dei hadde sin homlehage og var sjølvhjelpt med det og. Så nytta dei røyrfisket i vatnet, og det var bra, særleg i Grønstøa som var og er ein god fiskeplass. Hausten har brukarane fiska så bra at dei har hatt fisk for sal.

Dei tok tidleg til å emne på køyreveg til gards, slik at dei med noko tryggleik kunne bruke slede – sommar som vinter. Fyrst i 1890-åra kunne det nyttast hjul-vogn for hest heilt til Kassneset. (I bygda vart det til vanleg sagt Kassnes om Lille Fylling.) I dei siste 50 åra har brukarane vore dyktige til å arbeide på køyrevegen til Kassnes, så no kan det brukast bil heilt til tunet.

Som før nemnt utvandra Ingeborg Nilsdatter i 1903 til N. Dakota. Her vart ho gift med farmar Jonas Tønnesen Heskestad, ved Ekersund. Dei fekk desse borna: Tomas, Nikol, Ingvald, Palmar, Johan, Alma, Josefine, Otto, Julie, Bernt. Desse levede opp. Så fekk dei: Loyd og Arthur. Desse døydde tidleg.

Lille Fylling – gnr. 54

I spesialliste for jordbruk og folketelling for Skodje i 1865, Fylling krins, er ført:

Lille Fylling, 26 A. Jørgen Sivertsen, 2 personar.
Foring: 1 hest, 6 kyr, 12 sauer, 1 gris.
Lille Fylling, 26 B. Lars Peter Honningdalsnes, 4 personar.
Foring: 1 hest, 5 kyr, 12 sauer.
Lille Fyllingstrand, husmann Asbjørn Ananiassen, 2 personar.
Foring: 1 ku, 6 sauer.
Lille Fyllingstrand, husmann Ingebrigt Johnsen, 5 personar.
Foring: 6 sauer.

Av grunn mykje sjukdom med borna og armod, sa Ingebrigt opp plassen i 1890 og flytte til Ålesund.

Denne plassen vart *ca. år 1880 fråskild hovudbruket og fekk bnr. 4* med eigar Peder Sivertsen Vadset (Lille Fylling). *Denne vart seld til Laurits Knutsen Fylling for 1000 kroner, skøyte 24/9 1909.*

Skøyte på dette bruk frå Knut og Sigrid Kassnes *til Knut Fyllingstrand datert 29/12 1925.*

Lille Fylling – gnr. 54 bnr. 1

Som før skrive vart dette bruket kjøpt av Thore Olsen, f. Nakken og kone Bergitte, som kom frå Furulia 1881.

Det vart ikkje nokon av Thore si ætt som var interessert i dette bruket, og Thore selde bnr. 1 til Lars Fivelstad juli 1906 og dei flytta til Kassnes. Kjøpesum kr. 2000.

Lars Andreas Larsen var fødd 1878 i Sunnylven, gift med Anne Oline (Lina) Ole Petterdatter Haugen, f. 1877.

Born:

1904 Anne Martine
1905 Anna Marta
1907 Ragnhild
1909 Lars Ingvald
1911 Olga Jenny
1914 Kristianna Bertine
1917 Gudrun Johanne
1919 Ola
1923 Leiv Karsten

Heile huslyden var mykje flink og gode grannar. År 1919 flytte huslyden attende til Sunnylven og overtok heimegarden til kona Lina.

Lars Fivelstad og kona selde Kassneset til Adolf Johnsen Vik, Vestnes for kr. 6000,-.

Adolf Johnsen vart i Kassneset berre til 1923, då selde han bruket for kr. 5000,- til Laurits Knutsen Kassnes. I 1932 selde Laurits Kassnes stova på bnr. 1 til Knut Strand, som brukte tømmeret og div. materialer til vøling av gamlestova på Stranden, bnr. 3.

I 1937 døydde Laurits Kassnes. Kona Ingeborg døydde i 1924. Knut Lauritsen og Sigrid Lauritsdatter var einaste arvingar av gnr. 54 bnr. 2 Lille Fylling

Frå dette bruket er fråskilt:

Bnr. 2 og bnr. 3 og 4 Stranden, eigar Johan Knutsen Strand, og 3 og 4 var før husmannsplass.

5 og 6, bnr. Nedrelid, samanslege med gnr. 56, bnr. 9.

7 og 8 Solbakken og Sollia, Inger Ristesund.

Knut Kassnes er i 1979 eigar og brukar av Kassnes (Lille Fylling) bnr. 1 og 2. Han bur der åleine, men må leige hjelp i slåtten.

Lille Fylling, gnr. 54, bnr. 3

Fyllingstrand – austre: Her var det Asbjørn Ananniassen rydda den fyrste husmannsplassen, og bygde den fyrste stova. Den stod nærare vatnet enn husa no. Asbjørn sa opp plassen i 1868, utsliten og fattig, vart send på *legd* til Dyrøya, der døydde han. (Meir om desse i «Husmannsfolk»).

År 1874 kom enkjemann Jetmund Nilsen frå Akslevold i Ørskog og fekk kjøpe dette bruket (gnr. 3) av Lars Pettersen Lille Fylling. Han var gift med Berte Petrine Lindset frå Ørskog. Før Berte var gift, hadde ho Gisken Knutsdatter, denne vart gift med enkjemann Jetmund Nilsen. Jetmund var frå husmannsplassen Nils-Hjellen på Fylling. Nils, far til Jetmund, var fødd i Øie, Engesetdal. Jetmund fekk skøyte på bnr. 3 for 100 spesiedaler.

Jetmund og Gisken fekk desse borna:

1875 Lars Jetmundsen, skomakar, flytte til Nørve, Ålesund.
1876 Johanne
1878 Nils Jetmundsen, skreddar, flytte til Nørve, Ålesund.
1880 Lovise, syerske, flytte til Nørve, Ålesund.
1881 Knut Jetmundsen, bygningsmann og småbrukar.
1883 Inga
1884 Petrine, meierske, g. Senningen, Røvik i R.

Knut Jetmundsen fekk skøyte på bnr. 3 i året 1903 for kr. 1000,- og i 1925 fekk han skøyte på bnr. 4 for kr. 2000,-.

Knut Jetmundsen vart gift i 1913 med meierske Karen Vatnehol frå Vatne. Dei fekk desse borna:

Johan Strand, f. 1914, g. 1945 med Klara Larsdatter Stige, f. 1920.

Ivar Strand. Han var mobilisert i 1940 og døydde i Gudbrandsdal same året. Hans namn er på minnesteinen over dei falne, som står ved Skodje kyrkje.

Johan og Klara Strand hadde desse borna:

Kirsti Irene Strand, f. 1946, realskule–gymnas, Volda lærarskule, Misjonsskulen for kvinner på Fjellhaug, Lærarakademiet i Bergen. Utsend som misjonær i Japan for Misjonssambandet.

Knut Strand, f. 1948, ungdomsskule, realskule, Eids gymnas, 1-årig forkynnarkurs på Fjellhaug. Er forkynnar i Misjonssambandet og styrar på Rjånes Ungdomssenter. Han er gift med Bergljot Wold frå Etnedal i Valdres. Ho er husstellærar. Dei har tre born.

Bergdis Lovise Strand, f. 1950, realskule, gymnas, medisinsk embedseksamen ved Oslo Universitet. Er no lege.

Knut Jetmundsen Strand var ein særs drivande arbeidskar. Han dreiv bygningsarbeid og attåt braut han ny jord til seg sjølv, så ei tid fora han på det vesle bruket, i åra 1930–1940 fire mjølkekyr og hest, og dei vart godt fora og stelt.

I 1908 vart det kjøpt ein parsell på Nesjesætra til sæterstøl – i tillegg som var før. Knut stelte på sæterhusa og slik at der var triveleg. Vidare fornya han alle hus på garden, stova i 1932.

Knut og Johan har arbeidd mykje for å få god køyreveg til gards. I 1938–39 bygde dei åleine veg frå bygdemeieriet til Rabelthaug, 450 m køyreveg. I tida 1948–52 bygde dei saman med Jostein Engeset, frå Engeset til Strand og Rabelthaug 900 m bilveg. I tillegg til dette har dei laga skogsgrøfter og planta 23 dekar med gran. Dette i tida 1957–67.

Johan arbeider no på ein fabrikk, så han er heilt oppteken der. Knut var ein av dei som var leiar av sundagsskulen på Fylling i mange år, til glede for mange.

Lille Fylling (Kassnes), gnr. 54, bnr. 2

Som før skrive, vart dotter til Lars Pettersen Lille Fylling, Petrine, f. 1856, g. 1878 med Nils Nilsen Ytreberg, f. 1852, d. 1890.

Desse var brukarar av Kassneset, bnr. 2, i nokre år. Men så døydde Nils Nilsen i 1890, og det vart vanskeleg å drive garden. Den 4/4 – 1892 gav enkje Petrine Larsdatter Lille Fylling skøyte til Laurits Langeland på bnr. 2 for kr. 2000,-. Laurits Langeland kom frå Brune der han hadde vore brukar av bnr. 1 i eitt år.

Borna til Petrine og Nils Nilsen tok til å reise ut:
Ingeborg utvandra til Amerika i 1903 og vart gift der.
Lars utvandra til Amerika i 1903, han kom heimatt og vart gift med Kristianna Grønnes, Bolsøy, og vart buande der.
Nikolai, f. 1884, d. 1897 heime.
Berte, g. 1910 med Laurits Tennøy, busett i Volda.
Peter, f. 1889, utvandra 1907 til Amerika, men kom heimatt.

Petrine, mor til ovanfornemnde, f. 1856, utvandra til Amerika 1907, men kom att. Ho døydde heime i 1918.

Laurits Langeland, f. 1861, som tok over bnr. 2 var f. Langeland. Han var gift med Ingeborg Fivelstad, d. 1924, dotter til Sylfest Fivelstad, f. 1821, d. 1916 og kona Siri, d. 1921. Dei var brukarar av garden Fivelstad, men då dottera Ingeborg og Laurits flytte til Fyllingsbygd, selde dei heimen på Fivelstad og flytte til same bygda, fekk bygsle seg ei lita tomt ved hovudvegen, bygde der ei lita stove og fekk nok hus. Kår hadde dei frå Fivelstad. Laurits var ikkje særleg interessert i gardsbruk. Han hadde lært noko blikkenslagararbeid og det likte han. Det var særleg blikkboksar med lok til han laga. Desse vart fylt med fersk kjøt, kjøtkaker eller fiskekaker. Loket vart sett på og lodda fast så det vart heilt tett, deretter vart boksane kokt. Dette var ei svær onn – særleg i slaktetida om hausten. Men det vart også dette arbeidet elles i året.

Han var og kunnig i stamping av ull-vevar. Dei fyrste vårane var han viss stampar (leigdemann) på ei stampe som stod ved elva i Braute, Solnørdal. Då gjekk han oftast gangstien mellom Fylling og Braute, forbi Skodjestølen, Abelvikstølen og så Lifjellet. Laurits var lett på foten, han trong ikkje lang tid på denne vegen. Ymse vårar kunne det hende at snøen ikkje var borte på denne vegen når han skulle take til med stamping. Men Laurits ensa ikkje det. Han sprang gjennom snøbreane i lave sko – utan å ense at han vart våt.

Det vart ofte seint for han med slåttonna, men jamnast skipa han til dugnad, og fekk då mange ungdomar til å slå. Turkinga av høyet måtte han oftast stelle med sjølv.

Til å byrje med hadde Laurits ei sterk helse, men den rakk ikkje til for han heller. Han gjekk på sætra sjølv kvar sommar og bar mjølka til hovudvegen, derfrå vart den køyrd med hest til meieriet. Dette tok mykje av arbeidstida for Laurits.

I 1924 døydde Ingeborg Sylfestdatter og i 1937 døydde Laurits Knutsen Kassnes. Då vart Knut Lauritsen og Sigrid Lauritsdatter einaste arvingar til bnr. 2. Dei stelte mykje på stovehuset så no er det bra.

Sigrid hadde ei svak helse og i 1973 døydde ho på Stranda sjukestove. No er Knut, f. 1896, einearving, han bur einsleg. Både Knut og Sigrid var sterkt kristeleg interesserte.

Frå dette bruket er desse parsellane selde:

Bnr. 7. Solbakken, eigar Petter A. Langnes.

Bnr. 8. Sollia, eigar Inger Johanne Ristesund. Hytte bygd.

Bnr. 9. Annebu, eigar Anne Berit Birkevold.
Bnr. 10. Bjørklund I, eigar Jakob Vadset. Hytte bygd.
Bnr. 11. Nauststykket, Anne Berit Birkevold.
Bnr. 12. «Granly», Ålesund Frimisjonsmenighet, har bygd eit større samlingshus og internat.
Bnr. 13. «Solskjer», Jens Sverre Tennfjord, tomt.
Bnr. 14. «Aspelund», Oluf Remøy, tomt.
Bnr. 15. «Bjørklund II», Jakob Vadset, tomt.

Husmannsplassen Stranden – østre gnr. 54, bnr. 3.

Den fyrste festar ein kjenner er Asbjørn Ananiassen, fødd 1795 på Storsætra av foreldre Lars Ananiassen og Siri Asbjørnsdotter. Lars Ananiassen var ei tid skulelærar i Heissa og Nørvøy i Borgund.

Asbjørn vart gift 1820 med Olave Andersdotter Søholt, f. 1790. Desse var fyrst brukarar av Beite i 1838. Flytte derifrå 1845 for å bygge seg ny heim i Stranda, ein heilt urydda og huselaus stad. Asbjørn fekk festesetel frå Jørgen Sjursen Lille Fylling, datert 13/9 1847. Han bygde seg stove og fjøs med løe og dyrka så noko jord. Men han måtte og vere vekke på arbeid. Han var svært flink til å sage tømmer med handsag, og av den grunn vart han kalla sagar-Asbjørn. Dette sagarbeidet var svært tungt arbeid. Asbjørn var med heile byggetida av Skodje kyrkje og var fast sagmann.

Asbjørn og Olave hadde desse borna:

Anders Emanuel, f. 1821.
Johan Andreas, f. 1824, (vart gift til Fremmerlid)
Anne Severine, f. 1826.
Ole, f. 1828, (kom bort på sjøen 1860)
Laurentse, f. 1833, vart gift med Iver Olsen, f. Digernes, vart pladsefolk på Iverpladsen, Skodje.

Det vart eit urimeleg slit for Asbjørn og kona, så helsa svikta. I 1868 orka dei ikkje å drive plassen. Dei måtte gå den bitre vegen til fattigkassa, og så vart denne akta arbeidsmann og rydningsmann send ut på legd, til Dyrøya, og kona Olave vart send til Ørskog. Dottera Anne prøvde å hjelpe seg sjølv, men i 1900 døydde ho, 58 år gamal på legd. Anders veit vi ikkje noko om.

E. F.

I jordbruk og folketelling for Lille Fylling 1865, løbenr. 26 a (bnr. 1)

Jørgen Elias Sivertsen, husfar, sjølveigar, 46 år, født i Skaue.
Helene Knutsdatter, husmor, 48 år, født i Stranda.
Carl Johan Jørgensen, son, 4 år, født i Skaue.
Sofie Petrine Marie Jørgensdatter, 12 år, født i Skaue.
Ingebrigt Jonsen, husfar, leiglending (plassmann), 45 år, født på Ringebu.
Brithe Pedersdatter, husmor, 51 år, født i Grytten.
Johan Tobias Ingebrigtsen, son, 12 år, 12 år, født i Aalesund.
Bente Ingebrigtsen, datter, 15 år, født i Grytten.
Berte Helene Ingebrigtsen, datter, 8 år, født i Skaue.
Asbjørn Ananiassen, husfar, (plassmann) 71 år, født i Skaue.
Olave Andersdatter, husmor, 75 år, født i Ørskog.
Anna Larsdatter, oppforstringsbarn, 7 år.

Lille Fylling, løbenr. 26 b. (bnr. II)

Lars Petter Petersen, husfar, sjølveigar, 32 år, født i Skaue.
Berte Paalsdatter, h.kone, 41 år, født i Ørskog.
Petrine Marie Larsdatter, datter, 10 år, født i Skaue.
Inger Sakariassen, føderådskone, enke, 70 år, Ørskog.
På bnr. 1 vart fora: 1 hest, 6 naut, 12 sauer, 1 svin
På bnr. 2 vart fora: 1 hest, 5 naut, 12 sauer
På bnr. 3 vart fora: 1 naut, 6 sauer (Asbjørn Ananiassen – små og skrøpelege hus.)
På bnr. 4 vart fora: 6 sauer (Ingebrigt Johnsen – små og skrøpelege hus.)

Alle brukarar fiska noko i vatnet.

Heilt fram til ca. 1900 var det berre køyreveg med slede til Kassneset. Då tok dei til å vøle på vegen.

Alle brukarane avla noko havre og bygg, og dei hadde kvern i Kassneselva. Poteter og homle dyrka dei og. dei hadde naust og båt ved vatnet, og til 1729 1/8 part i åttringsnaust ved Stettevika, saman med Langnes, Store Fylling og Store Engeset.

Om slakt og omsetnad frå 1890-åra

Det var år 1913, det året eg tok til på skulen. Far hadde ei merr, ho var 26 år, han hadde kjøpt den av Ole Klokset. Ho var snill og bruke, og eg fekk ri på henne når ho skulle i hamn framanfor Grasdalsgarden.

Ho hadde hatt nokre føl, og no var ho så gammal at ho skulle slaktast. Far hadde snakka med Johan P. Engset om dette. Han var handelsmann og hadde kontakt med dei i byen som kjøpte slakt, så han ville ordne med dette. Det var på haustparten, og den dagen slaktinga skulle foregå, var eg på skulen.

Eg hadde sett både sauer og grise vert slakta, men ein øyk, det kunne eg ikkje tenkje meg. Eg måtte fortelje dette til gutane i klassen min, og dei vart like interessert som eg. Me vart samd om at i middagstida skulle me avstad å sjå. Slaktinga skulle foregå inne med Johan Engeset. Den tid hadde vi ein time middagstid på skulen, og me var snar å få i oss maten. Men me kunne ikkje gå før alle hadde ete og læraren hadde lese bordverset. Men då var alle gutane avgarde med ein gong. Eit stykke ut – og nedfor løa til Johan var nokre bjørker, og når me kom dit, hekk skrotten av merra i ein talje som var festa i ei grein oppi ei av bjørkene. Huda og innmaten låg nedfore. Vi vart ståande å sjå på. Der kom to karar og sa at det var eit bra slakt. Dei snakka om den gongen dei køyrde tømmer i Fyllingslia til skulen i Engesetdal. Ho var stor og kraftig då, og det var ofte ho måtte drage grovaste stokkane.

Det var Ole Johannessen Erstad som var slaktar. Dei spurde han korleis det gjekk med avlivinga. Han fortalde at han brukte ei «Krage» og la inn to skot på vona det eine klikka. Han sette børsemunningen i tinningen to tommar ovanfor auga og trykte laust, og ho datt beint ned. Då stakk han kniven i brystet, og blodet rann ut. Ein av karane spurde om ho sparka mykje. «Nei», sa Ole, «øykjine sparkar ikkje». Han såg at ho så vidt lea på eine framfoten. «Det er sauene

det som sparkar», sa Ole, og han sa også at det var øykjine han kvidde seg mest for å slakte. Det har vore ei gild merr, sa Ole, og Østen hadde vore særs heldig med henne, og de spørst no kor ho vert den han fær att. Vi skuleborna stod alvorleg og høyrde kva dei andre fortalde. På vegen tilbake til skulen sa Oskar Erstad: «Det var domt av Østen å slakte den merra.»

Far til Ole Johannessen slakta til seg sjølv og Ole måtte vere med å hjelpe til, og såleis lærde han kunsten. Ole gifta seg i 1885 og overtok garden, og då kom det vel med å tene nokre skillingar ved sida av gardsinntekta. Han heldt difor fram med slakting også til andre.

På den tid brukte dei å flå grisane. Det var eit vanskeleg arbeid og tok lang tid. Det var huda dei ville ha. Den barka dei til yverlær og sydde skor. Griselærsko var mykje brukt til kvardagssko. Huda røytte dei i Tennfjordelva, det vil sei at den låg så lenge i vatnet at busta slepte. Nedfor brua over elva, i dammen ovanfor Pe-kvernhuset, låg der ofte huder og flaut i straumen. Huda var festa i eit jarntjor som var festa i brukaret. Då det vart støypt nye brukar, vart det innstøypt nye krokar, og dei står enno.

Kring 1918 kom det i handelen slaktemasker. Det vart påbod om at dei skulle brukast til større dyr. Ole fekk tak i ei slik maske, og no vart det mykje lettare med avlivingane. Før var det ofte han bar med seg øks når han skulle av stad og slakte. Det var ikkje på kvar gard at det var øks som passa til dette bruk. Han brukte øks til å slå ihjel gris og sau. Øksa måtte vere passande tung og ha noko langt, og omtrent beint, skaft. Skulle han til andre bygder å slakte, så var det å gå. Han hadde ikkje noko framkomstmiddel slik som i vår tid. Det kunne av og til passe at noko kom køyrande at han fekk sitje på.

År 1920 kom Henrik Stavset heim frå Amerika. Han var utdanna dyrlækjar. Det var den første dyrlækjaren som budde i Skodje. Når han var ute i ærend, brukte han motorsykkel. Råka Ole han på si vandring, fekk han alltid sitje på. Stavset køyrde ofte Ole heimatt, og det lika Ole sværande godt, og prata mykje om dei køyreturane. Ole vart 71 år gammal og døydde i 1936. Han hadde i godt 40 år av si tid vore bygdeslaktar.

Her var og fleire som slakta på den tid. Ein kan nemna: Ole S. Engset, Lars Græsdal, Lars I. Ekroll, Myre-Ole Kristen Skodje, Johannes Flåte, Karl Flåte og Erling Berg. Seinare kom til Johannes Erstad (son til Ole), Lars B. Ekroll, Ludvik Beite. No var det ikkje så at nokon av desse hadde fullt arbeid med slakting. Dei var gardbrukarar alle saman, og ikkje var slaktinga nokon leveveg om det var berre

ein heller. Var det ein gris eller kalv som skulle slaktast, det kunne vere haust, vinter eller vår, då måtte ein høyre etter slaktar. Høvde det ikkje for den første ein spurde, så fekk ein den andre. Såleis vart ein ikkje opprådd.

Onnorleis var det om hausten når saueslaktinga stod føre og klippinga var ferdig, då tinga ein slaktar og då barst det til. Blodet måtte ein taka for å lage blodpølse og blodkake som var godt å ha til eit målbyte. Og så innmaten då, til mør og kjøtkake. Dei kalla det innmatkake. Dei hadde ikkje kjøtkvern til å hjelpast med den tida. Det vart brukt ei brye uthola av ein grov bjørkestokk som dei hadde kjøtet i, og så brukte dei øks å hakke med. Når kjøtkvern kom i handelen, vart det herma etter ei eldre kone som hadde vakse opp i Stryn. Ho fekk høyre at naboen hadde fenge kjøtkvern, og var spurt om ho ville prøve den. «Nei», sa ho, «vi hakka det vi, og vi æte det å».

Husmora hadde mykje å take vare på i slaktetida. Bog, lår og sider skulle saltast og opphengast på tørk til spekemat. Det måtte ettersjåast av og til så det vart passande salt til å henge opp til tørking.

Husbonden hadde med skinna å gjere. Dei vart hengt over ei tro eller staur og opphengt på ein stabbursvegg eller løevegg under takufsen til tørking. Dei måtte ettersjåast av og til så dei ikkje surna, for då gjekk dei ned i kvalitet og pris. Når skinna var tørr, vart dei seld til skinnhandlarar og dei selde vidare til oppkjøparar i byen.

Skinnhandlarane hadde forteneste på sitt arbeid, og til fleire skinn ein kunne få tak i til meir tente ein. Difor måtte ein vere om seg, og det var fleire av dei som ville kjøpe. Av og til gjekk dei før slaktetida og tinga for å vere viss om å få skinna. Dei kom då att seinare og henta dei når dei var ferdig. Den hausten var det fint ver og god tørke så skinna var tidleg ferdig. Då kom der ein annan skinnhandlar som og ville kjøpe skinna. Men dei sa som sant var at dei hadde lova dei bort til den andre, og no hadde dei venta han skulle kome og hente dei. «Ha, ha,» sa mannen, «då fær de vente lenge, for han er både død og begraven.» Dermed fekk han kjøpe skinna og reiste med dei. Då den første kolm att, var skinna farne.

Som vanleg hadde dei noko å avvende på hausten i slaktetida. Det var då vanleg å take ein bytur. Før år 1910 var her ikkje brukbar ruteforbindelse til byen. Det kom seinare, i 1917, med R. P. Morks motorbåtar til mjølketransport.

Det var å slå lag med andre som og hadde ærend til byen.

Far fortalde av og til om ein bytur han og Ole Johannessen Erstad og Petter Beite hadde ein haust sist i 1890-åra. Petter åtte ein trerø-

ring som stod i naustet i Tennfjord. Så høvde det slik at alle tre hadde ærend til byen. Og dei skulle vere i lag. Dei hadde noko bjørkaved med seg, og noko sauekjøt. Heimekinna smør hadde dei og. Dei gjekk heimanfrå midt på natta for å få om bord veden. Det var tidleg på morgonen dei starta frå Tennfjord. Det var ei vindkjøle frå vest, men dei rekna med at den ville spakne fram på dagen. Dei rodde og kom seg gjennom Taftasundet, og tok til på Ellingsøyfjorden. Vinden ville ikkje spakne, men friskna på ein grand, så det var berre å ro. Dei hadde segl med seg og, men det fekk dei ikkje bruke. Så det var å ro alt dei vann, og seint om kvelden kom dei til byen. Då var dei mykje godt utslitne. Dei hadde heller ikkje ete noko særleg sidan dei reiste heimanfrå så dei var nokså slapp av all den roinga. Ole var på den tid 33 år, Petter 59 og far 39. Då seier Ole: «No skal me gå å få oss mat.» «Ja», sa far, «men ein av oss må vere att å passe båten.» Petter baud seg til å vere att med båten, for var ikkje nokon att, så fanst det alltid ein kvan som nytta høvet til å skaffe seg billig ved og ymse anna og. Dei to andre gjekk og skulle få seg mat. Dei hadde mat med seg heimanfrå alle tre, men no var dei så utkøyrde at dei tykte dei måtte ha noko varmt attåt.

Dei var kjent i byen og hadde overnatta her før, så dei visste kvar dei skulle gå. Dei tok inn på Madam Olsens kafe. Der fekk dei mat og kaffi og forsynte seg rett godt, så dei vart både god og mett. Når dei skulle betale for maten, vart det 20 øre på kvar. Når dei så kom ned til båten, hadde Petter vore der heile tida.

Då seier Ole til han: «No skal du og gå å få deg mat.» «Ja», han drog på det og sa at han hadde no mat med seg. «Det er det same,» sa Ole, «no har me kjempa og rodd heile dagen, ja meir enn dagen, så me må unne oss så mykje at me får eit godt måltid mat, for det treng me.» «Det er vel dyrt?» sa Petter. «Det er det same kva det kostar», sa Ole, «og no skal du gå med ein gong.» Det vart til at Petter gjekk.

«No, kor gjekk det?» sa Ole då Petter kom att. «Ja», sa Petter, «det gjekk no an ditta.» Dei leigde losji for to, den tredje held vakt ved båten, og såleis bytte dei heile natta.

Andre dagen selde dei veden og det andre dei hadde med, og handla det dei skulle ha med heim. Så var det å take til på heimturen. Det gjekk betre då, for dei hadde medvind.

Som før nemnt vart det i 1916–1917 eit betre ruteopplegg mellom by og land. Det vart til ei omlegging på mange måtar. Dei gamle byferdene vart det slutt med. Mjølkebåten gjekk til byen om morgonen og kom tilbake om kvelden. Dermed fekk ein 5–6 timar i byen. Had-

de ein landmannsvarer med, så fekk ein det opp på bryggja, og var det for tungt til å bere, så fekk ein gå å låne ei handvogn. Var det saueskrottar ein ville selje, så gjekk ein på kjøtkontrollen, der vart dei stempla, kontrollert og opphengd. Var der private kjøprarar, så fekk ein noko meir eller om ein selde til ei slaktarforretning. Sume dagar gjekk det godt med handelen, andre tider var det spakare. Kjøparane gjekk for det meste og såg på. Dei fann ut at skrottane var for tynn. Dei likte at dei var feitare, dei var for skrinn. Ei motsetning mot det er i dag. Var der ikkje private kjøparar, så fekk slaktaren kjøpe for den pris han betalte. Og den varierte frå dag til dag etter som tilførselen var. Onnorleis var det å gå i husa og by fram heimekinna smør og egg. Smøret låg som oftast i ein tredall laga av einer eller selje. Den såg dei på og smaka på smøret. Jau, der vart det handel med ein gong. Når byfrua høyrde kvar mannen var frå, kjøpte ho egga og, når han var frå ei fjordbygd. Ute på øyane var det så mykje sild hønsa kunne kome over at det kunne smake av egga. Bonden fekk betalinga, og av og til vart det ein prat og kaffikopp attpå.

I den seinare tid var der rundt om i bygdene dei som gjekk og kjøpte dyr til slakt. Dyra tok dei med heim og slakta dei der. Kjøtet ordna dei til ferdigvarer som dei selde. Når så Sunnmøre Slakteri kom til, vart det slutt med all heimeslakting. Dyretransportbilen hentar slaktedyra heime på garden.

Både omsetnadsform og prisar har endra seg mykje, det same kan seiast om storleiken på slakta. Som døme kan nemnast: Ein ukse slakta i 1923 vog 182 kg. og kjøtprisen pr. kg. kr. 3,30. Ein ukse slakta i 1979 veg gjerne 350 kg. og kiloprisen er om lag kr. 25,00.

L. Beite

Innhald:

Omslagsteikning av Louis Giske.
Avskrifter av Norske Registranter, mål og vekt avskrevet av aktuar Myklebust, Ørsta ..... side 1
Pengeverdien, Tiend og skattar i eldre tid, av E. Fylling ..... » 16
Fyllingsbygda, av E. Fylling ..... » 17
Store Fylling, Gnr. 56, av E. Fylling ..... » 29
Kart av Store Fylling frå 1860 ..... » 33
Prolog av Anne Harstad ..... » 38
«Erindringer» av John Fylling, v/E. Fylling ..... » 42
«Nogle opptegnelser» skrevet i ca. 1920 av Elias Ekroll ..... » 46
«Attåt-næringar» til dalebuarar, av E. Fylling ..... » 44
Husmoryrkje på ein gard, av Petra Utvik Glomset ..... » 52
Kremerhandel – Landhandel – frå 1800 og til no, av E. F. .... » 59
Kart over Indre og Nedre Skodje frå 1860 ..... » 72
Busetjing på Skodje-gardane før jordskifte, av A. Midtlid ..... » 73
Segna om kong Knud, av Louis Giske ..... » 81
Lille Fylling, gnr. 54, bnr. 1, 2, 3, 4, av E. Fylling ..... » 84
Om slagt og omsetnad frå 1890 åra og til no, av L. Beite ..... » 98

Trykk: Sunnmørsposten A/S

MØBELVAREHUSET

SKODJE FABRIKKER A.S

MØBLER MØBLER



VELKOMMEN

Nordvestlandets største møbelutstilling

SKODJE

FABRIKKER A·S

Engeset Handel

BENSIN og KIOSK

Bra vareutvalg i nye og trivelige lokaler. Rimelige priser.

Fiskekort til Engesetdals- og Skålsvatnet.

Landhandel

ENGESETDAL

Oscar Rørhuus

Engesetdal — Tlf. Skodje 6029

LASTEPLAN OG VAREKARROSSERIER

GJENSIDIGE
forsikring

Borg Branntrygdelag

er bygda og distriktet sitt eige trygdelag. Det er skipa i 1860 og virkeområdet femner om: Ålesund, Skodje, Vatne og Giske. I samband med Gjensidige teiknar laget også kombinert trygding på bygningar og lausøyre, og kombinert landbrukstrygding ,dessutan glas-, ansvar, bil, traktor og andre skadetrygdingar.

Forretningskontoret er i Ålesund — Kipervikgt. 13

Telefon (071) 23362

DRAPOL profiler og plater i glassfiberarmert polyester og epoxy

kjennetegnes ved:

- **stor styrke**
- **lav vekt**
- **god isolasjonsevne**
- **god korrosjonsbestandighet**

Profilene produseres enten som standardprofiler eller som spesialprofiler med tildels kompliserte tverrsnitt.
Vi leverer også konstruksjonsdetaljer og sammenbygde elementer basert på Drapol profiler og plater. Endel av de mest aktuelle standardprofiler lagerføres. Vi står gjerne til disposisjon dersom De skulle trenge vårt råd.

Plastkonstruksjoner A.s

6260 Skodje – Tlf. (071) 16 400

BF BF

TRELASTFORRETNING

Bernt E. Fylling A.s

6260 SKODJE

Skodje (071) 16 102

BF BF

HUSK

våre holdbare dessertpuddinger

Sjokolade

Karamell

Mandel

Vanilje

Vaniljesaus

Bringebærsaus

Helt ferdig til servering

Føres i alle dagligvareforretninger

I/L Sunnmøre Meieri

Ålesund–Hellesylt–Ørsta

Volda–Syvde

Skodje Samyrkelag

med sine tre nærbutikker, er bygdefolkets egen virksomhet. Alle kan bli medlem og alle har medbestemmelsesrett. Du støtter din egen — og bygdesamfunnets sak, ved å handle i din egen butikk.

Tlf. 16 032

ALF VALDE

SAGBRUK — HØVLERI — TREMATERIALER

BYGNINGSARTIKLER

Skodje – Tlf. 16 863

KUNSTGJØDSEL – KRAFTFOR –
FRØ – SAKORN
LANDBRUKSMASKINAR
TRAKTORAR – SPRØYTEMIDDEL
LANDBRUKSREIDSKAP

Møre Felleskjøp

Sentralbord (071) 25 940 - Ålesund - Kornsilo og mylne.
Verkstad Ratviksvingen – Tlf. (071) 44 035

Brødr. Aarsæther A/S

Ålesund

PETER STETTE & SØNNER A/S

MEK. VERKSTED — STETTEVIK

Reparasjoner — Service

på

Traktor - Truck - Anleggsmaskiner

Stålkonstruksjoner

Tlf. SKODJE 16 932 – 6263 TENNFJORD

Tema Møbler A/S

6260 S K O D J E — Tlf. 686

Produksjon av STILMØBLER — SALONGER

KOMPLETTERINGSMØBLER

6260 S K O D J E – Tlf. 16 286

M.J. Ødegaard

Etablert 1916

ÅLESUND

Engros
PAPIR-POSER
KORTEVARER
BØLGEPAPP —
POSEFABRIKK

BERGING
SLEP

LEKTER-
TRANSPORT

Vi produserer gardinbrett og lister

m! ass. mønstre — beiset og trekvite i forskjellige utføre lser

Rosetter og deler til stilmøbler
Ornamenterte lister for møbel-industrien



Engesetdal Trevareindustri

6260 SKODJE

Engesetdal, Skodje – Tlf.* 16 100

Alt til bygget fra ett sted



O. NØRVE A/S
6000 ÅLESUND

Byggsenter:
SKATEFLUA
SPJELKAVIK
STRANDA

GILDE

kjøttvarer
smaker
alltid godt!

VESTLANDSKE SALGSLAG
Sunnmøre Slakteri

Produksjon av DØRER og VINDUER
Spesialitet:
STJERNEVINDUET
SVORTA — Tlf.6240 SJØHOLT

brødr. giske as
6260 SKODJE

Delproduksjon
Engesetdal

Vadset-Møbler A/s

Delproduksjon for møbelindustrien

Skodje — Tlf. 6200 - 6201

Skodje Manufaktur A/S
6260 Skodje
Ass. manufaktur
Tlf. 16410

NÆRBANK
FOR HELE FAMILIEN

Sunnmørsbanken

1880 **100 ÅR** 1980

En moderne bank med
lange tradisjoner

BORGUND SPAREBA

med avdelingskontor

SKODJE OG VATNE SPAREBANK
AVDELINGSKONTOR AV BORGUND SPAREBANK

HERØY OG LEIKONG SPAREBANK
AVDELINGSKONTOR AV BORGUND SPAREBANK